

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 06.05.2014
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 30.04.2014

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 61/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 62/14	Protokoll frå førre møte
PS 63/14	Delegerte saker
PS 64/14	Referatsaker
PS 65/14	Tomt på Leine. KLage på vedtak.
PS 66/14	Samfunnsutvikling - demografi og bustadutvikling 2014
PS 67/14	Gnr 35 Bnr 22,31,73 og 148 - Forhandling om kjøp av grunn
PS 68/14	Høyring 1 - utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen
PS 69/14	Høyring - Ruteprogram for Widerøe sine anbodsruiter i Norge
PS 70/14	Høyring - Buss- og hurtigbåtruter Garnes-prosjektet
PS 71/14	Budsjettkontroll per 28.02.2014
PS 72/14	Objekt 51362 - Skilting av kommunale vegar. Økonomisk avslutning.
PS 73/14	Budsjettkorrigerering per 31.03.2014
PS 74/14	Prosjektmidlar førebyggjande rusarbeid - ny stillingsheimel
PS 75/14	Kjøp av parkeringsplassar
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 12/14	Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane.
DS 13/14	Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane.

- DS 14/14 Standardkontrakt
- DS 15/14 Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine
- DS 16/14 Kjøp av gnr 26 bnr 231
- DS 17/14 Underskreven standardkontrakt
- DS 18/14 Kjøp av gards- og
bruksnummer 12/319 på
Remøy
- DS 19/14 Robert Moltu - Kjøp av gnr. 26
bnr. 234 i Herøy kommune
- Referatsaker**
- RS 27/14 Offentlig høring - høringssvar
- RS 28/14 Saksframlegg Hareid kommune
- Reforhandla avtale om
legevaktsentral
- RS 29/14 Selskapsavtale for Søre
Sunnmøre Reinholdsverk IKS
gjeldande frå 20. mars 2014

PS 61/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 62/14 Protokoll frå førre møte

PS 63/14 Delegerte saker

PS 64/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/589
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
65/14	Formannskapet	06.05.2014

TOMT PÅ LEINE. KLAGE PÅ VEDTAK.

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet held fast på vedtaket sitt i F-sak 10/14.

Klaga vert oversend klagenemnda for endeleg vedtak.

Særutskrift:

- Ragnar Leine
- Advokat Lars E. Sande
- Eigedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Anlegg- og driftsavdelinga
- Servicetorget
- Assisterande rådmann

Vedlegg:

- Brev frå advokat Lars E. Sande datert 03.04.2014
- Brev frå Ragnar Leine datert 03.04.2014.
- Tilleggsopplysningar til klage på vedtak datert 10.02.2014.
- Brev frå Ragnar Leine datert 07.02.2014.

Utrykte vedlegg som fylgjer saka:

- F-sak 10/14
- E-post til formannskapet av 15. 01.2014.
- Tilbod om pris på gjenkjøp av tomt datert 02.12.2013.
- Notat om opparbeidingskostnader for Leine bustadfelt, skuletomta.
- Brev frå advokat Lars E. Sande av 03.05.2013.
- Presisering av krav om gjenkjøp av tomt datert 27.02.2013.
- Brev om krav vedkomande eigeomsforhold tilknytte reguleringsplan datert 19.10.2010.
- Brev om gjenkjøp av tomt datert 15.01.2010.
- Krav om gjenkjøp av tomt datert 12.11.2008.
- Krav om gjenkjøp av tomt datert 16.06.2008.

Saksopplysningar:

I F-sak 10/14 vart det gjort slikt vedtak:

«Formannskapet tilbyr at Ragnar Leine får kjøpe ei tomt i bustadfeltet Leine Ytre til kommunen sin kostnad for infrastruktur kr. 291,44 per m2. Sal av tomte er etter gjeldande kommunale vilkår. Det blir vidare sett ein frist til 1. mars 2014 for å akseptere dette tilbodet.

Vedtaket kan påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, pb 274, 6099 Fosnavåg, og klage skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

Ragnar Leine har klaga på vedtaket i brev av 07.02.2014. På grunnlag av innhaldet i klaga har eg bede om ein del tilleggsopplysningar. Tilleggsopplysningane ligg føre i brev av 10.02.2014, jfr vedlegg. Etter avtale med klagaren vart eit utkast til saksframlegg sendt til advokat Lars E. Sande 06.03.2014. Utkastet til saksframlegg er kommentert i brev frå klagaren av 03.04.2014 og brev frå advokat Lars E. Sande 03.04.2014, jfr. vedlegg.

I klaga er det peika på fylgjande forhold som grunnlag for klaga:

1. Urimeleg lang saksbehandlingstid

Det vert peika på at kravet om erstatningstomt vart sett fram i 2008. Eg tek med historikken her:

I samband med sak om Reguleringsendring Leine 1. Omregulering av skuleområdet til bustad. Oppstart av reguleringsarbeidet., skriv Ragnar Leine i brev av 16.06.2008 at han gjer krav på å få tilbakeført tomte som gamlehuset på garden stod på. Han skriv at grunnlaget for kravet er at jorda hans vart regulert i 1977 til skuleområde, og at han difor ikkje fekk halde att ei tomt på lik line med dei andre grunneigarane i byggefeltet. Han skriv vidare at tomte ikkje hadde vore selt til Herøy kommune dersom tomte ikkje skulle gå til skule.

Ragnar Leine gjentek kravet i brev av 12.11.2008 der han også opplyser at han ynskjer makebyte av eit areal på ca 250 m2 mellom kommune- og fylkesvegen som ein del av tilbakebetaling av tomta. Han set fram krav om erstatningstomt på nytt i brev av 15.01.2010.

I brev av 19.10.2010 krev han at tomta vert tilbakeført til same pris som kommunen kjøpte arealet for.

I brev av 27.02.2013 skriv Ragnar Leine at jorda hans var underlagt bygge- og deleforbod frå 1977. Bygge- og deleforbodet vart oppretthalde lovleg i 2 år og vidare ulovleg i dei påfølgjande 13 åra. Vidare skriv han m.a.:

«Sidan eg ikkje vil stå til hinder for den godkjende reguleringsplanen ser eg vekk frå den opphavlege gamlehustomta til fordel for å få kjøpe attende valfritt ei av dei andre tomtene som låg på min grunn for den opphavlege salssummen pr m2, men indeksregulert ift 1995-2012. Tomtas vert skøytt over på meg og skal vidare kunne disponerast på lik line med annan privat eigedom/grunn.»

I brev av 03.05.2013 skriv advokat Lars E. Sande at Ragnar Leine sitt ynskje om å få tilbake tomtegrunn som han i si tid selde til kommunen som skuletomt, er tufta på likheits- og rettferdsprinsipp. Når det gjeld vilkåra for overtaking, skriv han at det må ein i tilfelle kunne kome tilbake til.

Rådmannen sine merknader:

Brevet av 16.06.2008 kom som innspel i samband med varsel om oppstart av omregulering av skuleområdet. Brevet av 12.11.2008 kom som innspel i samband med at saka om omregulering vart lagt ut til offentleg ettersyn. Begge innspela vart kommenterte i saka om omregulering. Reguleringsendringa for skuletomta vart godkjend i K-sak 156/09 den 10.12.2009. Ragnar Leine klaga på godkjenningsvedtaket. I K-sak 25/10 den 25.02.2010 gjorde kommunestyre vedtak om å sende saka over til fylkesmannen for endeleg avgjerd. I brev av 22.11.2010 stadfesta fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak.

Grunnen til at saka elles har teke lang tid, er at det hausten 2009 var skifte av eigedomsleiari, og at det har teke tid for den nye eigedomsleiaren å få oversikt over saksfeltet i tillegg til at saksmengda har vore stor.

2. Grunnlaget for krav om erstatningstomt – Likskapsprinsippet

I brevet gjer klagaren gjeldande fylgjande synspunkt:

«Då Herøy kommune kjøpte jord av grunneigarane på Leine Ytre i 1995, var mi jord i plan regulert til skuleområde, og som eg har insistert både i korrespondanse i saka og i møte med ordførar/assisterande rådmann, var eg den einaste grunneigaren som ikkje fekk reell moglegheit til å nytte meg av retten til å halde av tomt til egne born.

Grunnen til at eg ikkje hadde ei reell moglegheit var at eit slikt krav frå mi side ville føre til ein reduksjon av det planlagde skuleområdet og ytterlegare utsetjing av ny Leine skule. Som foreldre til to born som begge hadde gått på ein skule som allereie då (1976-1989) var 15 år over dato, ville eg ikkje stå i vegen for det som skulle realisere ein etterlengta ny skule for bygda.

Når det planlagde skuleområdet vart foreslått omregulert til bustadformål i 2008, var det på det reine at eit slikt hensyn ikkje lenger var til stades, og mitt krav var (og er) å verte behandla som dei andre grunneigarane i samsvar med likheitsprinsippet, og med det få kjøpe igjen ei tomt i det opprinnelege til ein pris lik salsprisen (indeksregulert 1995->2008).»

Rådmannen har bede Ragnar Leine kome med ei presisering av kven han samanliknar seg med i det aktuelle området. Tilleggsopplysingane ligg føre i brev av 10.02.2014. I brevet vert det sett fram krav

- a) om å verte likebehandla med alle andre grunneigarar omfatta av refusjonssaka i 2008 slik at han ikkje skal verte krevd for refusjonskostnader alle andre grunneigarar vart fritekne for.
- b) likebehandling i forhold til dei som eigde grunn på Ytre Leine som fekk skilje ut tomter frå eigen grunn til egne born eller sal til privatpersonar. I brevet har Ragnar Leine lista opp 1) grunneigarar som i 1992-1996 skilde ut ei/fleire tomter av eigen grunn til egne born/privat sal 2) grunneigarar på Leine Ytre som iht reguleringsplanen som låg til grunn i 1996 eigde jord der det anten var regulert inn tomt(er), eller allereie hadde skilt ut tomter til egne born.

Rådmannen sine merknader:

Når det gjeld **likskapsprinsippet** generelt, har eg fylgjande merknader:

Forbodet mot usakleg/urimeleg forskjellsbehandling bygger på eit krav om likskap for forvaltninga, og at eit slik likskapsprinsipp legg eit rettsleg band på forvaltninga si skjønnsutøving. Likskapsprinsippet er eit ulovfesta prinsipp om at like tilfelle skal behandlast likt i den grad ikkje relevante omsyn ligg til grunn for forskjellsbehandling.

Forvaltninga kan utan tvil forskjellsbehandle (og gjer det også i det daglege), men forskjellsbehandlinga må vere sakleg. Like tilfelle skal som eit utgangspunkt behandlast likt. Likevel vil ein i dei fleste tilfelle normalt kunne finne forskjellar mellom tilfella som grunnjev ulik behandling.

Bygge- og deleforbodet

Når det gjeld bygge- og deleforbod på Ytre Leine, har rådmannen etter ein gjennomgang i arkivet funne fylgjande vedtak:

Bygningsrådsak 313/77 (11. oktober 1977) dele- og byggeforbod i 2 år.

Bygningsrådsak 235/79 (9. oktober 1979) søkt om forlenga dele- og byggeforbod til 1. november 1980.

TU-sak 166/88 (15. november 1988) dele- og byggeforbod i 2 år.

Reguleringsplanen for Leine vart godkjend av kommunestyret i K-sak 7/93 den 29.01.1993.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen kan ikkje sjå at kommunen har hatt dele- og byggeforbod i heile perioden 1979-1992 slik det vert hevda i klaga. Rådmannen kjenner heller ikkje til at det har vore kommunisert eit bygge- og deleforbod som ikkje var der.

Frådelte tomter som klagaren samanliknar med:

26/82 Norvald Voldsund: Tomta frådelt i 1969.

26/88 Endre Riise: Tomta vart frådelt i 1971. Deler av tomta vart seinare innløyst i samband med skjønnet i 1996. Byggeløyve bustadhus i 2013.

26/129 Per Arne Jarnes: Tomta frådelt til Paul Rune Nymark i 1983 i samsvar med forslag til reguleringsplan. Bygging på tomta frårådd i 1989 (dele- og byggeforbod). Ved frådeling i 1983 vart det påpeika at refusjon måtte påreknast og at bygging før utbygt bustadfelt ville stille krav om klargjering av korleis veg, vatn og kloakk skulle ordnast. Per Arne Jarnes overtok tomta. Tomta vart byggemeld i 2009, ingen spesielle vilkår.

26/135 Bjørn Halfan Leine: Tomta frådelt i 1987. Her var krav om mellombels løysing for kloakk og seinare (etter utbygging) tilknytning til offentleg kloakk.

26/140 Anne Britt/Kenneth Pettersen: Tomta vart frådelt i 1993 og byggeløyve i 1997. Her var krav om mellombels løysing for kloakk og seinare tilknytning til offentleg kloakk.

26/141 Knut Marius Leine: Tomta vart frådelt i 1993 med krav om mellombels løysing for kloakk og seinare tilknytning til offentleg kloakk. Tomta vart byggemeld i 1993.

26/142 Bjørn Magne Leine: Tomta vart frådelt i 1993 og byggemeld i 1998. Vilkåra var som for 26/140 og 26/141.

26/143 Idar Frøystad/Merete Gjerde: Tomta vart frådelt i 1993 og byggemeld i 1998. Vilkåra var som for 26/140, 26/141 og 26/141.

Rådmannen sine merknader:

Eit dele- og byggeforbod betyr nei i utgangspunktet, men er ikkje til hinder for at unntak/dispensasjon kan vurderast.

Ragnar Leine søkte i 1979 om frådelling av 2 tomter som arveskifte. I bygningsrådssak 242/79 gjekk rådet inn for frådelling som arveskifte, men tomtene kunne ikkje byggast på. Formannskapet gjekk i F-sak 407/79 imot frådelling.

I bygningsrådssak 60/81 var saka oppe på nytt der bygningsrådet tilrådde forhandlingar om innløysing av tomtene. Tomtene vart innløyste av kommunen i 1982.

Refusjon Leine bustadfelt

I K-sak 4/07 vart det gjort slikt vedtak:

- "1. Med heimel i plan- og bygningslova vedtek Herøy kommunestyre at det skal krevjast inn refusjon for opparbeiding av tekniske anlegg i Leine bustadfelt i samsvar med overtaksten for følgjande eigedomar nummerert etter takstnummer: 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 27 og 29. Sjå vedlagt liste over gards- og bruksnummer, namn på grunneigarar og refusjonsbeløp for kvart takstnummer, vedlegg 1.*
- 2. Ved ekspedering/utsending av refusjonskrava vert det sett frist for å reise søksmål iflg. plan- og bygningslova §58."*

Innkrevjing av refusjon vart iverksett ved at krav vart utsendt til eigarane av dei ulike eigedomane. Det vart reist søksmål mot kommunen frå eigarane av nær sagt alle refusjonsobjekta. Saka kom opp for Tingretten 22. og 23. april 2008 på Herøy rådhus. Dommen vart forkynt 15.05.2008 med følgjande domsslutning. Sitat:

"Sak nr. 07-057433TVI-SOSU:

- 1. Herøy kommunestyres vedtak 25. januar 2007 i sak 04/07 kjennes ugyldig og oppheves i sin helhet og henvises til ny behandling i kommunen.*
- 2. Innen 2-to-uker frå dommens forkynnelse betaler Herøy kommune 157.545,- - etthundreogfemtisjutusenfemhundreogførtifem- kroner til saksøkerne v/advokat Bjørn Kristian Hove.*

Sak nr. 07-055698TVI-SOSU:

- 1. Herøy kommunestyres vedtak 25. januar 2007 i sak 04/07 kjennes ugyldig og oppheves i sin helhet og henvises til ny behandling i kommunen.*
- 2. Innen 2-to-uker frå dommens forkynnelse betaler Herøy kommune 7.367,50 – syvtusentrehundreogsekstisju50/100- kroner i saksomkostninger til Bergtor Leine og 1.406,25 – ettusenfirehudreogseks25/100- kroner i saksomkostninger til Bernt Arne Leine."*

Eg tek med fylgjande frå retten sine merknader:

«Av eiendommene som faller inn under tingrettens sak 07-057433TVI har Herøy kommunestyre i møtet 25. januar 2007 krevet refusjon for en rekke eiendommer som var ferdig bebygd før det tiltaket det kreves refusjon for var utført. I forhold til plan- og bygningsloven § 49 bnr 1 har kommunen lagt til grunn at de aktuelle eiendommene var å anse som ubebygde fordi kommunen hadde tatt forbehold («atterhald») om refusjon da eiendommene ble tillatt bebygd.

...

Etter rettens oppfatning kan det ikkje settes som vilkår for innvilgelse av byggetillatelse at eiendommen senere må godta å betale refusjon for eksempelvis vei som kan bli anlagt i fremtiden. Et slikt vilkår må anses å være i strid med plan- og bygningsloven § 93. Byggetillatelse er etter denne bestemmelsen et lovbundet vedtak med den følge at anledningen til å sette vilkår er strengt begrenset.

...

Retten har på nevnte grunnlag funnet refusjonsvedtaket ugyldig i forhold til eiendommene under takstene 2, 6, 7, 8, 9, 10, 14, 15, 22/23 og 26 og det er da ikke nødvendig for retten å ta stilling til øvrige påberopte grunnlag for ugyldighet i forhold til eiendommer tilhørende de saksøkte i sak nr 07-057433TVI. Retten viser til at virkningen av ugyldighet får den følge etter § 58 andre ledd at refusjonsvedtaket oppheves i sin helhet.»

Spørsmålet om anke i refusjonsaka var oppe i K-sak 83/08 der det vart gjort slikt vedtak:

«Herøy kommunestyre vedtek å ikkje anke Tingrettsdommen av 15.05.2008 vedkomande refusjon Leine bustadfelt.

Kommunestyret konstaterer at eigedomane som har vore omfatta av utbygginga av Leine bustadfelt har fått vesentleg verdiauke, og at desse såleis burde betalt refusjon. Med tilvising til saka sin ståstad og kost-/nyttevurdering i eit vidare saksforløp med ny taksering, nytt refusjonsvedtak for ubebygde eigedomar, så finn kommunestyret å avslutte saka.

....»

Rådmannen sine merknader:

Eg viser til vedtaket i K-sak 83/08 og dom av 15.05.2008 og vil gjere merksam på at grunnen til at kommunestyret sitt vedtak vart oppheva, var at kommunen hadde kravd refusjon for eigedomar det er bygd på, noko kommunen berre kan gjere for eigedomar det ikkje er bygd på, jfr plan- og bygningslova § 49.

3. Formannskapet si handsaming 14.05.2013.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i F-sak 95/13:

«Formannskapet ber ordførar og administrasjon om å forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar.»

Ragnar Leine viser til eit referat i Vestlandsnytt som argument for ei spesiell tolking av dette vedtaket.

Rådmannen sin merknad:

Rådmannen må halde seg til vedtak i saka og ikkje tolkingar i lokalavisa.

4. Forhandlingar med ordførar og assisterande rådmann om minneleg løysing.

Det vart halde 2 forhandlingsmøte mellom Herøy kommune og Ragnar Leine, 24.09.13 og 24.11.13. Ragnar Leine tilbød seg å kjøpe tilbake ei tomt for 50 kr pr m². I tillegg tilbyr han Herøy kommune å kjøpe eit areal for 100 kr pr m², jfr brev av 02.12.2013.

Rådmannen sin merknad:

I forhandlingane vart det frå kommunen si side lagt fram ei oversikt over kva det hadde kosta å opparbeide Leine bustadfelt.

På grunnlag av tilbudet frå Ragnar Leine kunne ikkje representantane frå Herøy kommune inngå ein minneleg avtale. Partane vart difor samde om at formannskapet fekk ta stilling til tilbudet frå Ragnar Leine.

5. Formannskapet si behandling 15.01.2014. F-sak 10/14.

Ragnar Leine kjem her inn på spørsmål om bandlegging av eigedom, likskapsprinsippet, refusjonssaka og sjølvkostprinsippet. Spørsmål om bandlegging av eigedom, likskapsprinsippet og refusjonssaka er det gjort greie for ovanfor. Når det gjeld sjølvkostprinsippet, konkluderer Ragnar Leine med at kommunen går med overskot på kr 531.724,80 med ein pris på 350 kr pr m² og ein kostnad på kr 291,44. I brev av 03.04.2014 har han korrigert dette til ein kostnad på 316,44 kr pr m² og eit overskot på kr 302.724,80

Rådmannen sine kommentarar:

I notatet som vart lagt fram om utbyggingskostnadene, er det konkludert med at dersom ein fordeler utbyggingskostnadene på 9080 m² tomteareal, vert prisen pr m² bustadareal 291,44 kr. Dersom ein tek med ein ca pris på 800.000 kr for riving av skulen, vert prisen 401,58 kr pr m² bustadareal. Tilbudsprisen for riving av skulen vart 475.000 kr eks. mva. Den reelle prisen for utbyggingskostnaden pr m² bustadareal inklusive riving av skulen vert då 356,83 kr pr m².

I denne prisen er ikkje med kostnadene til grunnkjøp. Skjønnnet for Leine bustadfelt omfatta ca 43 daa grunn. Grunnkjøpet til den såkalla «skuletomta» utgjer 13.173 m². I tillegg til erstatninga på 25 kr pr m², vart det i dette området betalt ulempeserstatning og erstatning for løer på 200.000 kr. Kostnadene med grunnerstanninga vert 529.325 kr. Advokatkostnadene kom på 254.312 kr. Fordelt på «skuletomta» vert dette 254.312 kr x 13.173/43000= 77.908 kr. Samla vert dette 607.233 kr. Fordelt på bustadarealet vert dette kr 66,88 pr m². Tomtepris etter sjølvkostprinsippet vert då kr 358,32 pr m² ekskl. riving av skulen, kr 423,71 inkl. riving av skulen.

Vurdering og konklusjon:

Gjennomgangen av saka viser at:

- Brev fra 2008 om erstatningstomt kom som innspel i samband med omregulering av skuleområdet. I brev av 22.11.2010 stadfesta fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak om omregulering. Grunnen til at saka elles har teke lang tid, er at det hausten 2009 var skifte av eigedomsleiar, og at det har teke tid for den nye eigedomsleiaren å få oversikt over saksfeltet i tillegg til at saksmengda har vore stor.
- Kommunen har ikkje hatt dele- og byggeforbod i heile perioden 1979-1992 slik det vert hevda i klaga.
- Det ligg ikkje føre søknad frå Ragnar Leine om frådelling i perioden 1980-2008.
- Grunnen til at kommunestyret sitt vedtak i K-sak 83/08 vart oppheva i dom av 15.05.2008, var at kommunen hadde kravd refusjon for eigedomar det er bygd på, noko kommunen berre kan gjere for eigedomar det ikkje er bygd på, jfr plan- og bygningslova § 49.

- Tomtepris etter sjølvkostprinsippet vert 358,32 pr m2 ekskl. riving av skulen, kr 423,71 inkl. riving av skulen.
- Ragnar Leine har sett fram krav om å få kjøpe tilbake ei erstatningstomt for kr 50,- pr m2 etter likskapsprinsippet.

Forskjellsbehandling er å sjå på som misbruk av mynde når det ikkje er sakleg grunn til det eller når forskjellsbehandling verkar sterkt urimeleg eller urettferdig. Det skal vere faktiske forskjellar mellom dei tilfella som vert behandla ulikt. Det skal også vere relevant å legge vekt på slike forskjellar i den aktuelle avgjerda. Dei faktiske forskjellane mellom saka til Ragnar Leine og dei grunneigarane som han samanliknar seg med er som følgjer:

- Det finst ikkje nokon lovfesta rett for grunneigarar til å halde tilbake tomter til egne born i kommunale bustadfelt. Grunneigar har rett til å søkje om frådelling, men korvidt ein får frådelling eller ikkje, er basert på ei individuell vurdering
- Dei andre grunneigarane Ragnar Leine samanliknar seg med, har søkt om frådelling av tomt frå eigen eigedom og fekk frådelling etter konkret søknad. Ragnar Leine søkte ikkje om frådelling etter 1980 så lenge han var eigar av eigedommen.
- Ragnar Leine søkjer om å få tilbakeført ei tomt i 2008 etter at eigedommen har vore kommunal sidan 1996.

Dette er ein faktisk forskjell som eg meiner er relevant for vurderinga av saka. Kommunen står etter mi vurdering fritt i forhold til om ein vil selje ei tomt tilbake til Ragnar Leine og kva han skal betale for tomta. Etter mi vurdering vil det rette etter likskapsprinsippet vere han han betaler det same som andre kjøparar, dvs 350 kr pr m2.

Grunnen til at kommunestyret sitt vedtak i K-sak 83/08 vart oppheva i dom av 15.05.2008, var at kommunen hadde kravd refusjon for eigedomar det var bygd på, noko kommunen berre kan gjere for eigedomar det ikkje er bygd på, jfr plan- og bygningslova § 49.

Kommunen må etter mi vurdering ha rett til å krevje full pris for kommunale tomter det ikkje er bygd på, og som ikkje er omfatta av dette vedtaket, utan at dette er usakleg eller urimeleg forskjellsbehandling. Dette må gjelde både for Leine bustadfelt og andre bustadfelt i kommunen.

Etter ei samla vurdering av dei faktiske forskjellane mellom Ragnar Leine og dei andre grunneigarane han samanliknar seg med, og relevansen av forskjellane for vurderinga av saka i forhold til prinsippet om usakeleg og urimeleg forskjellsbehandling, rår eg til at formannskapet held fast på vedtaket i F-sak 10/14.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.


Fosnavåg, 04.03.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

ADVOKAT
LARS E. SANDE Adv. Ragnar

Herøy kommune
v/ordføreren
6090 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 7 APR. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Volda, 03.04.2014

Ref:OJK

RAGNAR LEINE - TOMT PÅ LEINE, KLAGE PÅ VEDTAK.

Eg viser til rådmannen si tilråding til formannskapet i samband med oversending av Ragnar Leine sin klage i forbindelse med spørsmålet om tildeling av tomt på Leine.

Påvegne av Ragnar Leine følger vedlagt hans kommentar til saksframlegget.

I tilknytning til hans kommentar, peikar eg på følgande moment i saka:

1. Formannskapet sitt vedtak i F-sak 95/13 den 14.05.13, legg til grunn at ordførar og administrasjon skal forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar (mi understreking).

Ragnar Leine opplevde ikkje "forhandlingane" slik at det vart tatt omsyn til hans argument i det heile. Når det ikkje vart noko resultat av forhandlingane, var det eine og aleine fordi administrasjonen sto på den tilrådinga som vart lagt fram for formannskapet i sak 95/93, nemleg at Ragnar Leine skulle få kjøpe tomte på vanlege kommunale vilkår.

Eg kan vanskeleg sjå at det er i samsvar med formannskapet sitt vedtak om at det skal takast omsyn til begge partar når ordførar og administrasjon står steilt på den tilrådinga som vart lagt fram for formannskapet og som formannskapet i realiteten stemte mot.

Formannskapet i si behandling av saka, bør no derfor etter mi meining munne ut i at Ragnar Leine får kjøpe tomt på Leine til liks med andre grunneigarar som er fritatt for refusjonskrav eller at ordførar og administrasjon på nytt må forhandle med Ragnar Leine der også hans argument vert tillagt vekt.

2. Denne saka kokar eigentleg ned til spørsmålet om Ragnar Leine skal få overta/behalde ei tomt på garden sin på ein slik måte at han tilliks med andre grunneigarar som var partar i oreigningsskjønnet på Leine i 1996 og som fekk behalde grunn regulerte til bustadforemål til utbygging i privat regi, i så fall skal sleppe å betale refusjon for tomte.

Når Ragnar Leine meiner at det vil stride mot rettferds – og likskapsprinsippet at han ikkje får same retten, skuldast dette at han i si tid, i motsetning til andre grunneigarar, ikkje hadde mulegheit til å forhandle med kommunen eventuelt krevje å få behalde ei grunneigartomt på garden. Årsaka til dette var at heile området der det var aktuelt med ei bustadtomt, var regulert til offentleg institusjon/skule.

Postadresse:

Postboks 58
6101 Volda

E-post:

post@advokatsande.no

Telefon:

70 07 74 00

Heimeside:

www.advokatsande.no

Telefaks:

70 07 67 53

Kontoradresse:

Halkjelsgata 1 (2. etg. Nordea bank)
6100 Volda


Organisasjonsnr.:

871 465 142 MVA

Når så planen vert endra og området vert omregulert til bustadføremål, er det vanskeleg for meg å forstå at Herøy kommune ikkje vil la Ragnar Leine få den retten ha med all sansynlegheit ville ha fått dersom garden hans hadde vore regulert til bustadføremål i 1993 og ikkje til offentleg institusjon/skule.

Rettferd- og likskapsprinsippet slik eg oppfattar det, referer derfor i dette tilfelle til ei samanlikning med dei grunneigarane som eigde grunn i byggefeltet og som uansett tidspunkt, har fått frådelt tomt – naturleg nok ubebygd – og som ikkje er pålagt refusjon. Prinsippet refererer sjølvsagt ikkje til ei samanlikning med dei som har kjøpt tomt av kommunen.

Med helsing



Lars E. Sande

Vedlegg

Dato
03.04.2014

Til
Herøy Kommune
v/Formannskapet
Pb 274
6099 Fosnavåg

Kopi til
Endre Leine
Vågsholmveien 18
6090 Fosnavåg

Advokat Lars E Sande

Kommentarer til saksframlegg i sak F-sak 10/14 – Tomt på Leine, klage på vedtak

1 Bakgrunn

Viser til motteke utkast til saksframlegg for Formannskapet si behandling av klagesak for Ragnar Leine vedr tomt på Leine.

2 Drøfting

Etter å ha gått gjennom saksframstillinga ber eg om at følgjande moment vert korrigererte i rådmannen sitt saksframlegg:

2.1 Tilråding frå Rådmannen

Ingen kommentar, men då Rådmannen ikkje har endra si tilråding til Formannskapet kan eg sjølv sagt ikkje tilslutte seg denne.

2.2 Pkt 1 – Urimeleg lang saksbehandlingstid

Rådmannen sin merknader er ikkje fullstendige i framstillinga saksforløpet.

Det er korrekt at 1. og 2. brev om erstatningstomt vart besvarte. Brev av 12.11.2008 vart besvart av dåverande eigedomsleiar med:

«Vi har no fått krav om at det skal foretakast arkeologiske registreringar i området, før reguleringendingane kan godkjennast. Kva tid det vert gjort, veit vi ikkje, vi har bedt om at det vert teke så snart som råd.»

«Vi vil kome tilbake til søknaden Dykkar når reguleringsplanen er godkjend, og prisen for dei "nye" tomtene er fastsett.»

Då reguleringsplanen vart godkjent vart det halde eit møte mellom underteikna og ny Eigedomsleiar, Robert Myklebust, den 14.01.2010. Her vart det diskutert både erstatningstomt, men også eit moment som gjekk på sjølv reguleringsplanen. I møtet vart det stadfesta frå Eigedomsleiar at saka om eigedomsforhold var separat frå sjølv reguleringsplanen. Denne samtalen vart formalisert i brev av 15.01.2010, med skriftleg tilbakemelding frå Eigedomsleiar den 18.01.2010, der Eigedomsleiar stadfester at eigedomsspørsmålet og reguleringsplan er to saker. Det vert korrekt laga ei kobling mellom desse i det at Administrasjonen føreset godkjend reguleringsplan før evt tildeling av tomt.

Det som imidlertid er vesentlig å merke seg er at klagen frå meg på reguleringsplanen ikkje gjekk på forhold som ville ha påverka dei 9 regulerte tomtene (der eg hadde kravd å få kjøpe att ei av dei), men på framføringa av gangveg i bytet mellom mi tomt og «skuletomta». Klagen var saklig begrunna i at mitt sitt forslag ville gi ei mykje ryddigare grense mellom min og kommunen sin eigedom, samt at den regulerte tomta der skulen sto ville få tilført ca 50 kvm «gratis» ved at vegen vart lagd i ei rett linje istaden for ein boge.

Ei evt godkjenning av klagen frå Herøy Kommune si side, evt Fylkesmann, ville ikkje ha endra på dei innteikna tomtene, einaste berørte grunneigar ville ha vore undertikna (som ønskte dette), og det hadde såleis ikkje vore noko problem for Herøy Kommune å ha fastsett ein avtale om gjenkjøp av tomt til avtalt pris før reguleringsplanen var formelt godkjend.

Til tross for dette tok det altså nærare 2,5 år før saka vart vidare handsama v/Assisterande Rådmann, eg finn dette særskilt kritikkverdige overfor meg som grunneigar som har hevda eit krav sidan 2008.

2.3 Pkt 2.2 – Grunnlaget for krav om erstatningstomt – Likskapsprinsippet

2.3.1 Likskapsprinsippet

Rådmannen hevdar at Forvaltninga utan tvil kan forskjellsbehandle (dersom saklig begrunna), og bruker som argument at ein i dei fleste tilfelle normalt vil kunne finne forskjeller som grunnleggjend ulik behandling.

Ulik behandling vil imidlertid være usaklig å regne dersom den strid mot alminnelige rettferds- og likheitsideal. Når eg som einaste (og siste) grunneigar i slutføringa av urimeleg (og i stor grad ulovleg) behandling frå Herøy Kommune i nærare 30 år vert fråteke den same moglegheita som øvrige grunneigarar ein kan samanlikne med, kan ein ikkje frå Forvaltninga si side hevde at dette korkje skal være representativt for dei fleste tilfelle eller normalen i saksbehandling i Herøy Kommune.

2.3.2 Bygge- ogg deleforbodet

Rådmannen sine opplysninger frå arkivet er ikkje fullstendig på følgjande punkt:

- I Bygningsrådssak 235/79 vart det søkt om 1 år forlenging av dele- og byggeforbod – det er vesentlig å opplyse at dette vart avslått v/Fylkesmannen i eige vedtak til Herøy Kommune.

Rådmannen sine merknader er 100% korrekte og illustrerer såleis eit av mine hovedargument i den forstand at kommunen ikkje har hatt dele- og byggeforbod i heile perioden 1979-1992. At det var eit tidsrom i 1998-1990 der det faktisk var eit slikt forbod er av mindre betydning all den tid det i heile perioden var kommunisert frå Herøy Kommune at eit slikt forbod var til stades. Dette er dokumentert i vedlegg til klage, der øvrige grunneigarar stadfestar at dei ved gjentekne anledningar har blitt nekta bygging pga dele- og byggeforbod (som då har blitt hevda, men ikkje eksistert).

2.3.3 Frådelte tomter som klagaren samanliknar med

26/129 var omfatta av refusjonskrav og var ubebygd på tidspunktet for behandling av refusjonssak i Tingretten. Dåværande grunneigar vart ikkje krevd refusjon, ei heller ny eigar.

26/140-143 vart alle krevd frådelte etter at Ragnar Leine fekk informasjon om at det ikkje var dele- og byggeforbod (1992).

26/135 var som det går fram av oversikta frådelt i 1987, då det korrekt ikkje var eit lovleg dele- og byggeforbod. Dette kan imidlertid ikkje takast til inntekt for at kommunen har opptrådt ryddig i eigedomsspørsmål på Leine Ytre. Dåværande grunneigar Birger Leine var ein nær personleg ven av undertikna, og at eg kjenner godt til hendingane som førte til at Birger Leine fikk skilt ut ei tomt til ein av sønene sine. På det aktuelle tidspunktet framsto dette som merkeleg all den tid det var dele- og byggeforbod (hevda), men i etterkant kan ein tillate seg å stille spørsmålet om ein frå kommunen si side følte seg pressa til å innvilge kravet for å unngå at det skulle verte offentleg kjent at det ikkje var dele- og byggeforbod på Leine Ytre. Det kan forøvrig nemnast at denne tomte også var omfatta av refusjonssaka og vart fritatt for refusjon v/Tingretten sin dom.

Rådmannen sine merknader er imidlertid feil.

Eg har i perioden 1977-2008 søkt om å frådele tomter:

- 23.03.1979 – Frådeling av 2 tomter til systre med bakgrunn i arvemessig oppgjør/hefte på skøyte (tidlegare også søkt om i 1977, avslått med bakgrunn i dele- og byggeforbod).
 - o Søknaden var behandla i Herøy Bygningsråd 9.Oktober 1979 (saksnr 242/79). Eg vil her særskilt påpeke at det i same møte av 9.Oktober i sak nr 235/79 vart fatta vedtak i Bygningsrådet om å søkje Fylkesmannen om forlengig av dele- og byggjeforbodet – som altså gjekk ut 2 dagar seinare! Søknaden vart motteken av Fylkesmannen 15.oktober 1979 som avlo søknaden 20.11.1979. Påfølgjande dette vart eg ikkje informert om opphør av dele- og byggjeforbod.
- 21.august 1980 – Frådeling av 2 parsellar til systre (same søknad/grunn)
 - o Søknaden vart behandla i Bygningsrådet som åpnar opp for frådeling, på det vilkår at Formannskapet må gi samtykke, Jordstyret må samtykke OG tomtene kan ikkje bebyggast då dei er ein del av det framtidige skuleområdet.
 - o I November vert mine sine systre kontakta for tingingar dersom systrene er villige til å overdrage tomtene til Herøy Kommune for at eg skal få ei heftefri skøyte på sin eigedom

Dei to tomtene vart til slutt innløyste av Herøy kommune i 1982.

Ikkje på noko tidspunkt var eg imidlertid informert om at dele- og byggjeforbodet var oppheva, men vart istaden møtt med argument og uttalelsar om at min eigedom var bandlagd til framtidig skuleareal (også etter 1982 fram til 1992).

2.3.4 Refusjon Leine bustadfelt

Rådmannen sine merknader er korrekte, men spm om refusjonssaka er ikkje relevant i høve til om den aktuelle tomte eg krev attende var eit av objekta i sjølve saka.

Mitt sitt krav i høve til refusjon er hjemla i prinsippet om likebehandling. Ved å innvilge å tildele ei erstatningstomt på dette prinsippet (Formannskapet sitt vedtak) vert det urimeleg å krevje meg for dei same kostnadane som øvrige sammenlignbare grunneigarar fekk fritak for.

2.4 Pkt 3. Formannskapet si handsaming 14.05.13

Rådmannen sin kommentar kan ikkje seiast å være korrekt sidan referatet i Vestlandsnytt vart stadfesta av den same personen som sette fram forslaget til vedtak Formannskapet vedtok i saka. Det er og relevant å nevne at Formannskapet sitt vedtak i saka ikkje vart fulgt opp av Ordførar og administrasjon då dei ikkje forhandla fram ei minneleg løysing for begge partar i saka slik bedt om.

2.5 Pkt 4. Forhandlingar med ordførar og assisterande rådmann om minneleg løysing

Rådmannen sin merknad er mangelfull.

Det vart frå administrasjonen si side lagt fram ei oversikt over kva det hadde kosta å opparbeide Leine Bustadfelt (dei 9 aktuelle tomtene). Dette var også det einaste talmaterialet som vart presentert, og då i einaste forma av ei kostnadsoversikt. Det kom ikkje noko tilbod eller forslag til minneleg løysing, kostnadsoversikta var såleis det einaste som vart presentert, og hverken oversikta eller Ordførar/assisterande rådmann trekte inn argument om utgifter til kjøp av grunn.

2.6 5. Formannskapet si behandling 15.01.14 F-sak 10/14

Rådmannen skriv i sin kommentar at dersom ein tek med pris for riving av skulen vert prisen pr kvm tomteareal høgare.

Eg finn det særers urelevant å trekke inn denne kostnaden all den tid Formannskapet i sitt eige vedtak den 15.01.2014 vedtek at Ragnar Leine får kjøpe ei tomt i bustadfeltet til «kommunen sin kostnad for infrastruktur 291,44 kr/kvm», mi framstilling er såleis korrekt. Rådmannen skriv vidare at det ikkje er teke med kostnader til grunnkjøp og bruker dette vidare til å argumentere for at tomtepris eks riving av skulen skal være 377,74 kr/kvm.

Dette vert imidlertid feil då talet som er lagt til grunn er den totale summen for erhverv av grunnkjøp til heile Leine Ytre. Det aktuelle bustadarealet som har ein infrastrukturkostnad på 291,44 kr/kvm kjøpte kommunen for kr 25 pr kvm. Ein meir «korrekt» pris kan derfor seiast å være 316,44 kr/kvm.

Likefullt vil dette gi eit overskudd på kr 304.724,80. Justert for salg av erstatningstomt iht mitt tilbod (2.møte med Ordførar/Ass.Rådmann) gjev dette 82.125 i overskot.

2.7 Vurdering og konklusjon

Eg søkte ikkje om frådelling av tomt då eg var eigar av grunnen pga at eit slikt tiltak ville ha øydelagt ein reguleringplan for ny skule på Leine som var 25 år på overtid. Eg var under eit utidig press frå både administrasjonen og bygda ei skulesak der det kan dokumenterast at administrasjonen har opptrådt uryddig og i strid med «almannelige rettferds- og likheitsideal». Då denne bandlegginga var borte krevde eg tilbakeføring av eigdeom på etter likhetsprinsippet sidan eg då reellt sett kunne jamstillast med øvrige grunneigarar. Rådmannen bruker vidare likheitsprinsippet til inntekt for at eg skulle behandlast på lik linje med andre tomtekjøparar.


Dette vert ei fullstendig feil vinkling frå Rådmannen si side sidan eg frå starten av har krevd å verte likebehandla med øvrige grunneigarar i og med at det var grunneigarane som hadde moglegheita til å skilje ut grunn til egne born, og at både dei dåverande grunneigarane samt dei tomtene dei skilde ut vart friteke refusjon.

3 Konklusjon

Eg vonar at ytterlegare merknader og saksoplysningar frå mi side ikkje skal være naudsynt.

Mvh

Ragnar P Leine

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		
Reg.nr. 2013/589	Saksbeh. RMY	Dato 10.02.2014
11 FEB. 2014		Kjøpt til Endre Leine
Til Herøy Kommune v/Formannskapet Pb 274 6099 Fosnavåg	Ark.kode P 611	Vågsholmveien 18 6090 Fosnavåg
	Ark.kode S	
	J.nr.	Dok.nr. 13
	Kassasjon	Advokat Lars E Sande

Tilleggsopplysningar til klage på vedtak i sak PS 10/14 – tomt på Leine

1 Bakgrunn

Viser til klage på PS-sak 10/14 og epost frå Assisterande Rådmann 7.januar 2014 der det vert bedt om ei klargjering ift kva grunneigarar eg sammenliknar meg med i høve likheitsprinsippet.

2 Drøfting

I høve å legge likheitsprinsippet til grunn hadde eg vona at det eg informerte Ørdførar og Ass Rådmann om i møta 24.september og 7.november 2013 var så klart at det ikkje kunne mistolkast av administrasjonen.

For å gjere dette helt klart for alle partar vil eg derfor synleggjere dette slik at det ikkje kan misforståast.

2.1 Likheitsprinsippet i høve til prisfastsetjing og å bli gjeve like vilkår som andre grunneigarar
Samtlige grunneigarar (33 takstnr) som var omhandla av refusjonssaka som endte i Søre Sunnmøre Herredsrett 16.oktober 2008 vart friteke frå å betale refusjon.

Mitt krav om i høve **fastsetjing av pris for erstatningstomt** er at eg vert likebehandla med alle andre grunneigarar omfatta av refusjonssaka i 2008, såleis at eg i prinsippet ikkje vert krevd for refusjonskostnadane alle andre grunneigarar vart friteke for, ved at kommunen no vel å leggje desse kostnadane til grunn for fastsetjing av pris for erstatningstomt (infrastruktur m.m.).

2.2 Likheitsprinsippet ift å skilje ut tomt av eigen eigedom

Som det går fram av klagen, samt avisartikkel i Sunnmørsposten 3.juni 1992¹ vart det kjent at Byggje- og deleforbodet som Herøy Kommune hevda å vere gjeldande sidan 1977, var ulovleg oppretthalde i 13 år frå det gjekk ut i 1979.

Dette forbodet hadde hindra dei som eigde grunn på Leine Ytre i å skilje ut tomter frå eigen grunn til eigne born eller sal til privatpersonar.

Då forbodet vart kjent ulovleg utløyste det saksgong frå kommunen si side i forhold til å løyse inn grunn iht den då gjeldande reguleringsplanen. Kjøp av grunn og skjønn vart avhalde i 1996.

Ifø pkt 2.1 var det ikkje alle 33 grunneigarane som kunne gjere dette (ikkje alle hadde så stor tomt at det kunne skiljast ut separate tomter), men som det går fram av oversikta nytta 100% av dei som var i same situasjon som meg i 1992-1996 seg av moglegheita dei då fekk².

Øvrige grunneigarar som eigde grunn der det var høve til å skilje ut ei eller fleire tomter (eigne born, privat sal) hadde allereie gjort dette før 1992. Basert på den løpande tildelinga av bruksnummer innanfor gardsnummer 26, tillet eg meg å stille eit særskilt spørsmål til korleis desse grunneigarane fekk løyve av Herøy Kommune til å skilje ut tomt av eigen eigedom i ei periode der eg og andre grunneigarar (No 1-3 vedlegg 2) fekk vite at Byggje- og deleforbod var gjeldande.

¹ Artikkel frå Sunnmørsposten 3.juni 1992

² Oversikt over grunneigarar som skilde ut tomter frå eigen grunn Leine Ytre

Eg tillet meg å gjere den betraktinga at det nevnte Byggje- og deleforbodet verkar med dette å ha vore særskildt gjeldande i det planlagte skuleområdet med nærast tilstøytande grunn, og at ei slik praktisert forskjellsbehandling ikkje kan sjåast på som noko anna enn nok eit argument for ei usakleg forskjellsbehandling og klart i strid med det likheitsprinsippet eg legg til grunn. Når då området for skule vert planlagt omregulert til bustadformål vert det naturleg å sjå mitt krav om **tilbakekjøp av erstatningstomt** utifrå at eg vert likebehandla med alle andre grunneigarar som i 1992-1996 eigde jord i det regulerte området og skilde ut tomter til egne born/privat sal.

3 Konklusjon

Eg vonar med dette at det er fullstendig klart for administrasjonen kva eg legg i likheitsprinsippet og at ytterlegare utgreiingar skal være unødvendig.

Skulle det allikevel være tvil om dette stiller eg meir enn gjerne opp på Formannskapsmøtet der klagen skal behandlast for å svare på spørsmål frå Formannskapet sine medlemmar.

Mvh



Ragnar P Leine

2

1 Grunneigarar på Leine Ytre som i 1992-1996 skilde ut ei/fleire tomter av eigen grunn til egne born/privat sal

Nr	Namn på grunneigar	Gnr/brn	Skilde ut tomt(er)	Antall	Nytt Gnr/Brnr	Ny eigar	Forhold til opprinneleg eigar
1	Else Rogne	26/120	Ja	1	26/140	Anne Britt Pettersen	Dotter
2	Bernt Leine	26/22	Ja	1	26/141	Knut Marius Leine	Bror ¹
3	Kjell Arne Leine	26/83	Ja	2	26/142	Bjørn Magne Leine	Son
					26/143	Idar Frøystad	Privat

¹ 26/22 var opphaveleg eigd av Bernt og Knut Marius' far Marius Leine. Jorda skøyta over på Bernt Leine då Marius døde.

1/2

2 Øvrige Grunneigarar på Leine Ytre som iht reguleringsplanen som låg til grunn i 1996 eigde jord der det anten var regulert inn tomt(er), eller allereide hadde skilt ut tomter til egne born

Nr	Namn på grunneigar	Gnr/brn	Skilde ut tomt(er)	Antall	Nytt Gnr/Brnr	Ny eigar	Forhold til opprinneleg eigar
4	Elida Leine	26/30	Ja	1	26/129	Paul Rune Nymark	Son ²
5	Norvald Voldsund	26/82	Nei	<i>Innteikna tomt (ref nr 49 på vedlegg 14 til klagesak). Denne vart hverken skilt ut eller kjøpt)</i>			
6	Johan Riise	26/81	Ja	1	26/88	Ukjent	Ukjent
7	Birger Leine	26/62	Ja	1	26/135	Bjørn Halfdan Leine	Son
8	Bjarne Leine	26/24	Ja	Alle born hadde allereide bygd på utskilt grunn før 1977			

² Paul Rune døde i 2005, tomte vart selt til Per Arne Jarnes

Stadfesting av forhold som grunneigar på Leine Ytre i perioden 1992-1996

Eg stadfestar med dette at eg var grunneigar på Leine Ytre i 1992, og at det av mi jord var både ønskjeleg og mogleg å skilje ut tomt(er) til eigne born.

Fram til Mai 1992 var dette ikkje eit alternativ pga gjentagande tilbakemeldingar frå Herøy Kommune om at det var Byggje- og deleforbod på Leine Ytre i påvente av oppstart av ny Leine skule og byggjefelt.

Påfølgjande Ragnar og Annlaug Leine sine førespurnader til Fylkesmannen i Møre og Romsdal som medførte offentliggjerung av at forbodet var ulovleg oppretthalde av kommunen i 13 år, vart dette mogleg å gjennomføre. I perioden 1992-1996 fram til og med då Herøy Kommune løyste inn grunn etter reguleringsplanen (1996), skilde eg ut tomt(er) frå min eigedom.

Mvh


Kjell- Arne Leine
Knut- Marius Leine
Ole- Ingvar Rogne.

Til
Herøy Kommune
v/Formannskapet
Pb 274
6099 Fosnavåg

Dato
07.02.2014

Kopi til
Endre Leine
Vågsholmveien 18
6090 Fosnavåg

Advokat Lars E. Sande

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/589	Saksbeh. OK
- 7 FEB. 2014	
Ark. kode S 611	
J. nr.	Dok. nr. 10
Kassasjon	

Klage på vedtak i sak PS 10/14 – tomt på Leine

1 Bakgrunn

Viser til korrespondanse i saka frå 2008^{1 2 3 4 5 6 7 8 9}, samt vedtak i PS sak 10/14, behandla den 15.januar 2014¹⁰.

I tillegg til dette; to møter (forhandling om “minneleg pris”) med Ordførar og Assisterande Rådmann 24.september 2013 og 27.november 2013, utløyst av vedtak gjort i formannskapet 14.mai 2013¹¹.

2 Drøfting

Som anført i vedtaket gjort av Formannskapet 15.januar 2014, samt Forvaltningslova §28 vel eg å påklage vedtaket då eg meiner at dette er fatta på feilaktig grunnlag. Saka ber også i seg fleire klageverdige forhold.

2.1 Urimeleg lang saksbehandlingstid

Som det klart kjem fra av sakshistorikken gjeng mitt krav tilbake til Juni 2008. Saka i si heilheit går tilbake til 1977.

Formannskapet fatta sitt første vedtak i saka 14.mai 2013. Dette gjev ei saksbehandlingstid på rett i underkant av 5 år, og er ein sterkt medvirkande faktor til at Assisterande Rådmann sitt saksframlegg og forslag til vedtak vert ukorrekt.

Korrespondansen eg har fått i saka har i samme periode begrensa seg til ei tilbakemelding om at ein skal kome tilbake til saka, samt sporadiske telefonsamtaler ved purring.

Eg finn dette særskilt kritikverdige - og som eg vil kome tilbake til, medverkar denne perioden til at Formannskapet sitt beslutningsgrunnlag vert feil.

2.2 Grunnlaget for krav om erstatningstomt - Likheitsprinsippet

Mitt krav om erstatningstomt har sidan første henvendelse vore begrunna i likheitsprinsippet:

“Likhetsprinsippet, en ulovfestet forvaltningsrettslig rettsregel som stiller krav om at forvaltningsorganer ikke skal utøve sin skjønsmessige avgjørelsesmyndighet på en måte som innebærer usaklig forskjellsbehandling av borgerne. Forskjellsbehandling vil være usaklig hvis den strider mot alminnelige rettferds- og likhetsidealer,[...]”

(Store Norske
Leksikon)

¹ Opprinneleg krav om gjenkjøp av tomt, datert 16.06.2008

² Purring på krav om gjenkjøp av tomt, datert 12.11.2008

³ Ny purring på krav om gjenkjøp av tomt, datert 15.01.2010

⁴ Møte med Egedomsleiar (herunder framsyning av intert brev frå foregåande Egedomsleiar), 22.10.2010

⁵ Brev om krav vedrørende egedomsforhold tilknytta reguleringsplan for Leine Ytre, datert 19.10.2010

⁶ Presisering av krav om gjenkjøp av tomt, relatert til K-sak 156/09, datert 27.02.13

⁷ Brev frå Advokat Lars E Sande, vedr PS-sak 95/13

⁸ Tilbod om pris på gjenkjøp av tomt, datert 02.12.2013

⁹ E-post til alle medlemmar i Formannskapet påfølgjande innkalling og saksframlegg til behandling i Formannskapet 15.januar 2014

¹⁰ Vedtak i PS-sak 10/14, Formannskapet

¹¹ Vedtak i Formannskapet, PS-sak 95/13

Då Herøy Kommune kjøpte jord av grunneigarane på Leine Ytre i 1995, var mi jord it plan regulert til skuleområde, og som eg har presisert både i korrespondanse i saka og møte med Ordførar/Ass.Rådmann, var eg den einaste grunneigaren som ikkje fekk ei reell moglegheit til å nytte meg av retten til å halde av tomt til egne born.

Grunnen til at eg ikkje hadde ei reell moglegheit var at eit slikt krav frå mi side ville føre til ein reduksjon av det planlagte skuleområdet og ytterlegare utsetjing av ny Leine Skule. Som forelder til to born som begge hadde gått på ein skule som allereide då (1976-1989) var 15 år over dato, ville eg ikkje stå i vegen for det som endeleg skulle realisere ein etterlengta ny skule for bygda.

Når så det planlagte skuleområdet vart foreslått omregulert til bustadformål i 2008 var det på det reine at eit slikt hensyn ikkje lengre var til stades, og mitt krav var (og er) å verte behandla som dei andre grunneigarane i samsvar med likheitsprinsippet, og med det få kjøpe igjen ei tomt i det opprinnelege området til ein pris lik salsprisen (indeksregulert 1995->2008).

2.2.1 Formannskapet si behandling 15.mai 2013

Då saka kom opp for Formannskapet 15.mai 2013 hadde Rådmannen gjort følgjande tilråding:

1. Formannskapet viser til saksutgreinga og finn ikkje å kunne imøtekome kravet frå Ragnar Leine om erstatningstomt i Bustadfeltet på Leine Ytre
2. Formannskapet vil likevel etter ei samla vurdering sjå positivt på at born av Ragnar Leine får fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet, men då på vanlege kommunale vilkår. Slik fortrinnsrett må i så fall gjerast gjeldande innan 01.09.2013

Imidlertid vart det gjort eit anna vedtak i Formannskapet då repr frå Herøy AP, Olaug Andreassen kom med følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet ber ordførar og administrasjonen om å forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar.

Dette vedtaket vart samrøystes vedteke.

I Vestlandsnytt datert DD.05.2013 var saka referert med følgjande ordlyd:

“Får erstatningstomt likevel – [...] I ein serie brev til kommunen sidan har grunneigaren påpeikt at føresetnaden fo¹²r avtalen er såpass endra at han likevel bør ha krav på å få kjøpe ei av tomtene for den opphavelige salssummen, indeksregulert for perioden fram til 2012. Det fann formannskapet ingen grunn til å være usamd i. Dermed vart det vedteke [...]”.

Denne framstillinga er bekrefta som korrekt v/Olaug Andreassen, og **kan etter mitt syn ikkje tolkast på annan måte enn at Formannskapet var samde i mitt krav om å ha å få kjøpe att ei tomt etter likheitsprinsippet - en ulovfestet forvaltningsrettslig rettsregel som stiller krav om at forvaltningsorganer ikke skal utøve sin skjønnsmessige avgjørelsesmyndighet på en måte som innebærer usaklig forskjellsbehandling av borgerne.**

Det var med stor glede eg vart meddelt om utfallet i saka, og var utifrå likheitsprinsippet villig til å kome administrasjonen i møte opp mot ei “minneleg løysing” i forestående forhandlingar. Som skissert i min korrespondanse var eg mellom anna villig til å overdrage delar av min eigedom vederlagsfritt til Kommunen som makebyte i eit delvis oppgjær.

2.2.2 Forhandling med Ordførar og Assisterande Rådmann om minneleg løysing

Som eg viser til i e-post av 15.jan var det meget liten vilje å spore frå administrasjon si side om å setje fram forslag til minneleg løysing. Frå administrasjonen si side vart det i all hovudsak fokusert på kva kostnadar kommunen hadde hatt med å opparbeide dei nye tomtene.

¹² Faksimile frå Vestlandsnytt 18.05.2013

Mitt forslag (som vist i brev av 2/12-13) var å betale kr 50,- pr kvadratmeter. Eit tilbod som gav ein pris 50% over kva den indeksregulerte prisen ville ha vore i 2008 (justert frå 1995) då kravet vart sett fram. Eg meinte med dette å ha kome administrasjonen i møte.

Det einaste talet som var presentert frå administrasjonen si side ein kostpris pr kvadratmeter ferdig tomteareal (kr 291,44). Som eg viser til i pkt 2.1 er imidlertid dette som følgje av kostnader som er påløpt i perioden det har teke å saksbehandle mitt opprinnelege krav. Eg finn det derfor fullstendig urimeleg å leggje dette til grunn som fastsetjing av pris pr kvadratmeter som ei minneleg løysing.

2.2.3 Formannskapet si behandling 15.januar 2014

I saksframlegget ¹³ fastheld Rådmannen si opphavelige saksframstilling (som då vart erstatta av nytt samrøystes vedtak) og grunngjev dette ved mellom anna:

2.2.3.1 Skjønn for fastsetting av grunnavståing i samband med utbygging av Leine bustadfelt - ulempe

Her hevdar Assisterande Rådmann å vite at saka eigentleg handlar om at eg ikkje har fått full erstatning og der eg viser til historikken frå 1977 og likhetsprinsippet.

Dette er ei fullstendig feilaktig framstilling frå Ass Rådmann si side, og eg har heller aldri hevda å ikkje ha fått full erstatning, men har krevd å verte likebehandla med øvrige grunneigarar.

Mi erstatning vart utmålt i høve til å misse løe, samt ulempe med å få skule og skuleveg tett inntil min eigedom. Det er på sin plass å påpeike at gangvegen i nytt byggefelt ligg nøyaktig (og til dels nærare) ift der skulevegen skulle ligge slik innteikna på den reguleringsplanen som låg til grunn for kjøpet i 1996. Ulempa med å ha gangveg til heile byggefeltet på Leine Ytre må kunne seiast å være lik det ein dedikert gangveg til skule ville ha vore.

Eg ser derfor dette som eit fullstendig urelevant argument sett opp imot den totale ulempen eg har hatt med å ha fått bandlagt eiga jord ulovleg i 13 år, samt å få min oppkjørsel til eigedommen min nytta som tilkomstvei for biltrafikk til Leine Skule i perioden frå paviljongane vart sett opp til elevane flytta til Eindalen Skule, omlag 10 år.

2.2.3.2 Fastsetjing av pris – brot med likheitsprinsippet

Grunnlaget for beregning av refusjon var kommunen sine kostnader med opparbeiding av infrastruktur og den verdiauken dette tilførte eksisterande og nye tomter (iht Plan og bygningslova).

Assisterande Rådmann viser vidare til at kommunen sine kostnader med å etablere tomtene ber med seg kostnader til infrastruktur. Ass Rådmann opererer med 2 tal, der Formannskapet i sitt vedtak slår fast at kostnaden pr kvadratmeter opparbeida tomt er kr 291,44. I dette ligg det kommunen sine kostnader til infrastruktur som det då er Ass Rådmann si innstilling at må leggast til grunn for prisfastsetjing. M.a.o: tomteprisen eg skal måtte betale må minimum samsvare til sjølvkostprinsippet og verdiauken som følgje av opparbeiding av infrastruktur.

Dette er eit klart brot på likheitsprinsippet som då ligg til grunn for mitt krav.

2.2.3.3 Søre Sunnmøre Tingrett sin dom av 2008

I 2008 tapte Herøy Kommune i Tingretten saka om refusjon mot grunneigarane på Leine Ytre som var berørte av den samme reguleringsplanen som omfatta området eg selde til skuleformål.

¹³ Saksframlegg til PS-sak 10/14

I kommunen sine egne sakspapir kjem det klart fram at heile området er behandla under ett, og både skuleareal og framtidige tomter (private og kommunale) er teke med i oversikt og beregningsmodell ift verdiauke pr kvadratmeter, tomt nr 19-24 og 25¹⁴.

Tingretten slo fast at Herøy Kommune ikkje hadde rett til å krevje refusjon frå grunneigarane, anten dei aktuelle tomtene var bebygde eller ikkje.

Eg vil nemne at for Gn/bnr 26/129 fekk opprinneleg grunneigar krav om refusjon. Dette var ei ubebygd tomt som låg i den opphavelige reguleringsplanen, der kravet vart redusert til 0,- v/nevnte dom. Då tomta vart seld til ny eigar fekk vedkomande følgeleg ikkje krav om refusjon sidan refusjonsspørsmålet allereide var avvist av Tingretten.

Slik eg ser dette bryt Ass Rådmann si vurdering fullstendig med likheitsprinsippet siden eg i praksis vert eg krevd for dei same kostnadene som øvrige grunneigarar vart frikjende for å betale i refusjonssaka.

Når Formannskapet i sitt vedtak av 14.mai 2013 ber Ordførar og Administrasjon om å forhandle fram ei minneleg løysing, inneber dette at mitt krav om å få kjøpe igjen ei erstatningstomt etter likheitsprinsippet er akseptert. **Då må eg også behandlast på linje med dei øvrige grunneigarane.**

I 2008 vart øvrige grunneigarar fritakne for betale refusjon for opparbeiding av infrastruktur på eksisterande og framtidige tomter. Å krevje meg for dei eksakt same utgiftene for ei erstatningstomt i det same området finn eg både usakleg og urettferdig, og eg stiller meg sterkt kritisk til Herøy Kommune sin hjemmel til å legge disse utgiftene til grunn for prisfastsetjing når ein rettskraftig dom har slege fast at det ikkje var grunnlag for å krevje refusjon i 2008 av dei andre grunneigarane.

2.2.3.4 Fastsetjing av pris – tap ved å selje til pris under sjølvkostprinsippet

Ass Rådmann viser i saksframstillinga til at tomteprisen er sett til kr 350.000. Dette er ikkje korrekt, då det er kvadratmeterprisen som er sett til kr 350,-.

Sakshandsaminga og referatet frå møtet 15/1-14 viser at dei kommunale kostnadane for infrastruktur for tomtene er beregna til kr 291,44. Skal ein svare sjølvkostprinsippet må ein altså dekke inn disse utgiftene for det utbygde arealet gjennom salg av tomter.

Totalt er det 9080 kvm tomteareal til sals.

Dette gir ei total potensiell omsetning på: $kr\ 9080kvm * 350kr/kvm = kr\ 3.178.000,-$

Kommunen har hatt utgifter lik: $9080\ kvm * 291,44\ kr/kvm = kr\ -\ 2.646.275,20$

Dette gir ein positiv differanse på kr 531.724,80 som ein då må regne som overskudd/inntekt til kommunen.

Eg har leita i Herøy Kommune sitt Budsjett for 2014 og kan ikkje sjå å finne ein post på ca kr 500.000 for inntekt frå sal av tomter på Leine Ytre. Eg må derfor gå utifrå at dette vert å rekne for ei ikkje-planlagt inntekt utanom budsjett.

Det er då interessant å sjå litt nærare på det «tapet» som evt skulle oppstå ved at prisen pr kvadratmeter vert sett lavare enn kr 291,44 for ei erstatningstomt.

Den aktuelle tomta som er reservert er på ca 742 kvm.

Standard pris, 350 kr*/kvm: $742\ kvm * 350kr/kvm = 259.700\ kr$

Beregna pris utifrå «sjølvkostpris»: $742\ kvm * 291,44\ kr/kvm = 216.248,48\ kr$

¹⁴ Refusjonsutrekning (oppsett over refusjonspliktig areal, utnytting, kostnadsfordeling m.v.)

Differanse: - 43.451,52

Dette gjev allikevel eit overskot av salet på kr 488.273,28, framleis 91,8% av det opphavelige overskotet

Mitt tilbod om kjøp av tomt: 50kr/kvm => 742kvm * 50kr/kvm = 37.100 kr

Gjenværande tomteareal til fastsett pris: 8.338kvm * 350kr = 2.918.300 kr

Samla omsetning: 2.955.400 kr

Utgifter: kr - 2.646.275,20

Differanse: 2.955.400 kr - 2.646.275,20 kr = 309.124,80 kr. Framleis 58,1% av det det potensiale overskotet (ubudsjettert)

I begge møta med Ordførar og Ass Rådmann var det stor fokus frå Adminstrasjonen si side på den høge kostnaden det ville medføre ved å ha ei løysing der kommunen sine kostnader ikkje vart dekte fullt ut. Eit slikt tap av inntekt ville måtte svarast inn andre stader i Adminstrasjonen sitt budsjett og medføre stor ulempe for kommunen.

Som reknestykket over viser vil salet av dei 9 tomtene uansett gå i pluss og langt overstige sjølvkostprinsippet når ein legg Formannskapet si fastsetjing av kommunen sin kostnad til grunn. Det er derfor etter mitt syn ikkje eit valid argument å hevde at det å setje ein lavare pris enn 291,44 kr/kvm vil føre til eit stort tap for kommunen all den tid mitt forslag til pris også vil medføre eit overskot (11,4 % over summen for sjølvkost).

3 Konklusjon

Eg påklagar med dette Formannskapet sitt vedtak av 15.januar 2014 i PS-sak 10/14 vedrørende fastsetjing av pris pr kvadratmeter tomt.

Eg begrunnar klagen ved at Formannskapet i sitt vedtak av 14.mai 2013 PS-sak 95/13 tilsegner at mitt krav om gjenkjøp om erstatningstomt på likhetsprinsippet er gyldig då opphavelig framleg til vedtak vart avvist til fordel for at Ordførar og Rådmann skulle gå i forhandlingar med meg om ei minneleg løysing.

Assisterande Rådman si handtering av denne saka gjennom si saksutgreiing og informering av Formannskapet, ber etter mitt syn preg av feil saksbehandling og fører til at forvaltninga på denne måten utøver usakleg forskjellsbehandling av meg som borgar i Herøy Kommune og grunneigar på Leine Ytre.

Eg vonar at Fylkesmannen vil;

- dele mi oppfatning om at det noverande utfallet i mi sak strid mot dei alminnelege rettferd- og likeheitsideala
- stadfeste at mitt opphavelige krav om gjenkjøp av erstatningstomt etter likhetsprinsippet er gyldig iht vedtak av 14.mai 2013
- stadfeste at momenta i pkt 2.2.3 vil være styrande for fastsetjing av tomtepris

Mvh



Ragnar P Leine



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/221
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
66/14	Formannskapet	06.05.2014

SAMFUNNSUTVIKLING – DEMOGRAFI OG BUSTADUTVIKLING 2014

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vil leggje til rette for auka bustadbygging i heile kommunen i tråd med satsingsområde «Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling» som er nedfelt i vedteken samfunnsplan for 2013-2025.

Kommunestyret legg til grunna at følgjande tiltak vert iverksatt for å møte utfordringar knytt til bustadutviklinga i kommunen :

- Salg av tomter
 - 5 års fristen for firma vert fjerna. Ein innfører ein 6 mnd frist frå tomtene blir lagt ut i nye felt der private har fortrinnsrett. Etter dette vert tomtene frigjort for alle.
- Meir aktiv markedsføring
 - Tomtene i bustadfelta skal merkast med skilt med enkel og informativ tekst der kjøparar kan få meir informasjon.
 - Tomtene skal leggest ut på kommersiell salskanal
- Etablere meir publikumsvennlige kartløysingar
 - Både offentlege og private tomter skal visast i nye publikumsvennlige løysingar (frivillig for private).
- Startlån
 - Rutiner og praktisering av regelverk skal søkjast samordna med nabokommuner.

- Aktiv rolle
 - Kommunen skal i områder som vert vurdert som attraktive og som ikkje blir realiserte pga. ulike forhold gå inn og spele ei aktiv rolle for gjennomføring av godkjente reguleringsplanar.
- Organisasjon
 - Internt i organisasjonen skal det gjennomførast strategimøter der fokuset er å legge rammer for den vidare bustadbygginga i kommunen og implementere dette i budsjett og økonomiplan for å skape forutsigbare rammer for kommunen som heilhet.
- Møteplass
 - Etablere ein møteplass for bransjen og kommunen med fokus på felles forståelse for kva som må til for å få fart på bustadbygginga i kommunen.

Særutskrift:

Utviklingsavdeling, her
Eigedomsavdelinga, her
Anlegg og Driftsavdelinga, her

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Kartvedlegg 1 - Frådelingar
 - 2 Kartvedlegg 2 – Omsetnad av eigedomar 1992-2012
 - 3 Kartvedlegg 3 – Omsetnad av eigedomar 2007-2013.
 - 4 Vedlegg 4 - Kommunestatistikk , oppdatert pr.desember 2013.
 - 5 Folkemengd per grunnkrets Herøy kommune
 - 6 Folkemengd per grunnkrets Herøy kommune_detaljert_årskull
- Kartvedlegg 1 – Frådelingar
Kartvedlegg 2 – Omsetnad av eigedomar 1992-2012
Kartvedlegg 3 – Omsetnad av eigedomar 2007-2013.
Vedlegg 4 - Kommunestatistikk , oppdatert pr.desember 2013.
Vedlegg 5- Folkemengd per grunnkrets Herøy kommune
Vedlegg 6- Folkemengd per grunnkrets Herøy kommune_detaljert_årskull


Saksopplysningar:

Denne saka må sjåast i samanheng med utbygging og drift av kommunale bustadfelt.


Demografi

Utvikling folketall og framskriving av folketallet

Folkeveksten i Møre og Romsdal etter type siste 10 åra, 1.1 2003-2013



Folkeveksten i Herøy har dei siste åra vore sterk og av kommunestatistikken ser ein at saman med nabokommunane er Søre Sunnmøre i positivt driv. Folketalet i Herøy er 8847 innbyggjarar pr. 01.01.2014.



Dei blå søylene viser kommunens folketal utan nettoinnvandring frå år 2000 og fram til 2013. Faktisk folketal t.o.m 2013 er rød pluss blå søyle. Den røde delen av søylene viser folketallet med nettoinnvandring. Grønn og lilla søyle viser forventa vekst i folketallet fram mot 2023 med og utan innvandring.

Befolkningsgrunnet ser og til å vere stabilt i perioda sjølv utan innvandring, men innvandringa til kommunen bidreg til ein ekstra vekst i folketallet.

Folketall på krinsnivå


Folkemengde, etter grunnkrets og tid

Kjelde: SSB

ja

Personer	2010	2011	2012	2013	2014	Prosent auke/nedgang
15150101 Kvalsvik	255	272	257	248	240	-6
15150102 Skorpa	
15150103 Kopparstad	90	96	104	101	108	20
15150104 Kvalsund	441	437	439	471	491	11
15150105 Igesund	502	499	509	507	509	1
15150106 Fosnavåg sentrum	206	200	203	223	228	11
15150107 Øvre Fosnavåg	131	141	141	152	153	17
15150108 Nørvåg	78	66	72	69	63	-19
15150109 Eggesbønes	1116	1133	1145	1137	1167	5
15150110 Myklebustvatnet	205	217	247	281	287	40
15150111 Straumane	236	233	233	240	244	3
15150112 Elsebø	610	624	644	639	616	1
15150113 Flusund	225	251	278	272	288	28
15150114 Gjertnes	33	33	39	38	37	12
15150201 Runde	124	118	115	116	112	-10
15150202 Sævik	146	146	149	142	141	-3
15150203 Remøy	179	187	193	203	200	12
15150204 Voldsund	172	177	172	169	166	-3
15150205 Leinebygda	437	445	430	456	449	3
15150206 Bø	284	266	260	249	247	-13
15150207 Frøystad	539	575	582	581	579	7
15150301 Moldtustranda sentrum	365	380	374	367	379	4
15150302 Austre Moldtustranda	136	124	139	158	153	13
15150303 Stokksund	433	444	473	484	454	5
15150304 Tjørnvåg	230	247	238	240	242	5
15150305 Aurvåg	178	170	167	174	162	-9
15150306 Dragsund	437	442	463	478	489	12
15150307 Leikong	358	382	396	393	408	14
15150308 Jøsok	225	228	231	231	211	-6
15159999 Uoppgitt grunnkrets	12	..	34	28	24	
Herøy kommune	8383	8533	8727	8847	8847	

Flytting



Det grønne feltet viser summen av all flytting til og frå kommunen i løpet av åra 2002 – 2012, den er anten positiv eller negativ på den vertikale aksene. Dei blå og røde linjene viser flyttinga meir spesifikt: rødt linje viser flytting til og frå utlandet, mens blå linje viser flytting til og frå andre kommunar i landet. Den horisontale aksene viser kva for aldersgruppe kommunen har størst og

minst flyttetap av. Er det til dømes ein positiv kurve i aldersgruppa 0–6 år indikerer det at kommunen har vekst i talet på barnefamiljar. Er det til dømes ein negativ kurve i aldersgruppa 20–30 år indikerer det at mange unge vaksne flytter ut av kommunen for å studere eller jobbe. Forholdet mellom det grønne feltet for 20 – 30 år og 30 – 40 år vil ha stor verknad på den framtidige befolkingsamansetninga.

Aktivitet på bustadmarknaden

Aktiviteten kan målast på fleire måter og etter Herøy kommune sine statistikkar viser det seg at:

Dispensasjonar-

I 2013 er det gjeve dispensasjonar med sikte på frådeling av bustadtomter eller klargjering av tidlegare frådelte tomter til bustadformål for i alt 18 bustadeiningar. For 3 av desse har det vore tale om frådeling av tomter med påståande bustadhus. Tilsvarande er det gjeve dispensasjonar med sikte på frådeling/klargjering for 2 fritidsbustader.

Frådelingar-

I perioden 2011-13 er det registrert aukande antall frådelingar frå 42 i 2011 til 54 i 2013. Ein ser og ei klar auka av frådelingar innan regulerte bustadfelt frå 21 i 2011 til 47 i 2013. Av våre statistikkar kan ein og sjå at i 2011 vart det søkt om byggeløyve på 15 av tomtene som vart frådelt, i 2012 var talet 12 og i 2013 låg talet på 13.

Tomtereserve-


Tomtereserven på frådelte tomter og som er klar til utbygging ligg idag på omlag 102 bustadtomter (både offentlege og private tomter). Av desse er 37 tomter i offentleg eige. Sjå kartvedlegg 1 – Frådelingar.

Omsetnad av eigedomar med-


Omsetnad av eigedomar med bustadar i fritt salg har vore sterkt stigande i Herøy frå 17 eigedomar i 1992 til 150 eigedomar i 2012. Sjå kartvedlegg 2 – Omsetnad av eigedomar 1992-2012

Ser ein vidare på samla omsetninga av bustadar i Herøy har den og vore stigande frå om lag 25 millionar kroner i 2007 og med ein førebels topp i omsetninga i 3 kvartal 2011 i overkant av 95 millionar kroner. Det kan synast no at omsetninga flater noko ut, Sjå kartvedlegg 3 – Omsetnad av eigedomar 2007-2013.

Omsetnad av eigedomar med bustadar i fritt salg på Søre Sunnmøre har i perioda 2008-2012 vore fordelt slik mellom kommunane:



Tettleik av bustadmassen i Herøy kan illustrerast slik :



Reguleringsaktivitet.

Kommunen prioriterer kvart år kva ein skal legge vekt på å løyse av planoppgåver. Gjennom prioritering og sterk oppfølging av daglege arbeidet og at kommunen har lagt ressursane til rette har ein godkjend mange planar dei siste åra. Totalt har kommunen godkjend 15 planar siste 3 åra der reguleringa i hovudsak gjeld bustadtomter.

Framover vil det vere viktig for kommunen å følgje opp dei private planane med omsyn til realisering. Kommunen bør vurdere ei sterkare oppfølging etter at planane er godkjende for å å fortgang i prosessen mot realisering. Fokuset må vere korleis ein rask kan kome i posisjon for å tilby tomter og husvære for salg. Ha gode strukturar og ressursar internt i organisasjonen og redusere "tidstjuvar" vil vere viktige element for å lukkast.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune skal i samarbeid med private legge til rette for ei sterk satsing på bustadbygginga i Herøy. Kommunen har dei siste åra lagt til rette for ei mengd nye bustadfelt, men det kan synast at ein ikkje har fått ein "utbyggingsboom" slik ein har ynskja. Det er ei rekkje forhold som påverkar tilbud og etterspørsel på bustadmarknaden og også forhold som kommunen ikkje rår over. Kommunen skal uansett fokusere på å legge til rette for vidare vekst i tråd med overordna målsetjingar lokalt og regionalt.

Bukvalitet-

Det er ei rekkje ulike faktorar som saman skapar god bukvalitet. Bustaden si plassering, bustadane si organisering, nærleik til sosiale møteplassar og natur påverkar i sum våre kvardagsopplevelser og vår bruk.

Bukvalitet i kvardagen er og estetiske sansekvalitetar og opplevelse av flyt mellom rom i bustad og bustaden sitt forhold til omkringliggende omgiversar. Gode og tilrettelagde uteareal som ligg nærme bustaden er ein bukvalitet for alle. Tilgang på lys, luft og private uteplassar for den einskilde bustad og kvalitet på fellesareal spelar inn. Kva som har størst verdi vil variere i forhold til situasjon og utgangspunkt.

Forhold som bidrar til bukvalitet er m.a estetisk utforming, varierte og gode møte- og oppholdsstadar som ivaretek fleire funksjonar, tryggleik til trafikk og kriminalitet, universell utforming, solrik og skjerma uteplass, gjennomlysing i bustadar.

Bukvalitet er eit komplekst samspel mellom bustad, bumiljø og brukar. Ein skil mellom ulike typar bukvalitet: Teknisk kvalitet, estetisk kvalitet og brukskvalitet. Desse tre primære kvalitetane bør fungere i god balanse.

Tilrettelegging og sal av bustadtomter i off.regi.

Dei siste åra er det lagt til rette for fleire bustadtomter på Leinane og i Myrvåg. Utlegging av desse tomtene har vore positivt for bustadmarknaden og har vore ein suksess. Det vil vere naturleg for kommunen å sjå på vidare utvidingar i desse områda.

Kommunen har i 2013 lagt om salet av bustadtomter og gjort det lettare for folk å få informasjon om tomter. Ein har inntrykk av at kunder opplever kommunen som meir tilgjengeleg innanfor dette tenesteområdet. Salet av kommunale bustadtomter var i 2013 på 13 tomter.

Det vil vere viktig å ha ei haldning til kor reglane for sal av bustadtomter skal overhaldast. Kommunen har m.a innført reglar for firma at dei ikkje får kjøpe i nye bustadfelt før det er gått 5 år. Dette har medført at andre tomter i tilgjengelege byggefelt har blitt utbygd raskare. Ein vurderer dette som positivt med tanke på aktivitet i bygdene våre.

Kommunen har eit forbedringspotensiale på annonsering av ledige tomter og bør vurdere fleire løysingar for dette. Det kan likevel verke som om informasjonen på heimeside og facebook når fram, men systemet må utviklast vidare. Informasjon om ledige tomter må inn i kartsystema til kommunen, både offentlege og private tomter. Det bør og vere standardisert informasjon å finne på dei respektive tomtene. Ein bør vidare vurdere å kjøre kampanjer i meir kommersiale kanalar som eks. www.finn.no

Finansiering av bustad, startlån, er flytta frå NAV til eigedomsavdelinga. Rutiner kring effektiv sakshandsaming av slike saker må prioriterast høgt og reglane(rutinene) bør søkjast samordna med kringliggende kommunar.

Samhandlinga i organisasjonen og utanfor

Det vil vere viktig for bustadutviklinga i kommunen at samhandlinga i organisasjonen er sterk og at ein oppnår ei klar samhandling mellom **økonomiplan-grunnkjøp-planlegging-utførelse-salg**. Det vil vere viktig at organisasjonen tar inn over seg kommunen sine ulike strategier på tvers av avdelingane og legg desse inn i sine

årsplanar/prioriteringar slik at ein oppnår ønska effekt. Sterkare ansvarleggjering på tvers av avdelingar vil vere naudsynt. Eit tiltak kan vere årlege strategimøter på ledernivå der komande års prioriteringar vert lagt i samband med budsjettprosessen og økonomiplan slik at ein oppnår ønska effekt av valga ein gjer på kort og lang sikt.

Eit anna spørsmål er samhandlinga med bransjen, entreprenørar, byggefirma, vassverk og andre som leverer til bustadmarknaden, har vi dialog, veit vi kva som er behovet? Kommunen bør i sterkare grad involvere eksterne parter for å få på plass felles forståelse for kva som trengst for å skape vekst på bustadmarknaden og for at ressursbruken skal bli mest mogleg effektiv. Eit tiltak kan vere å ha ein årleg møteplass der kommunen går i dialog med marknaden og diskuterer aktuelle problemstillingar.

Ei aktiv kommune på bustadmarknaden.

Kommunen er ein stor eigedomsforvaltar som må vere bevisste på kva val ein gjer på bustadmarknaden og på val av tilrettelegging av tomter. Sjølv om kommunen er liten kan bustadmarknaden og etterspørselen etter tomter variere stort innad i kommunen. Det vil vere viktig for kommunen at ein har ein aktiv salsstrategi der ein avhender tomter og næringsareal aktivt for å skape inntekter til ny satsing på nye tomter og næringsareal.

Kommunen bør vidare vurdere å vere aktiv i områder som vert vurdert som attraktive, men stoppar opp av ulike årsaker, eks. mange grunneigarar innanfor større reguleringsplanar. I desse tilfella bør kommunen vurdere å gå ut å erverve areal for å få fart på bustadbygginga og vurdere videresal av heile eller deler av felt til private for utbygging eller søkje å samordne grunneigarinteressene på andre måtar.

Andre aktuelle tiltak.

Kommunen skal i 2014 revidere Strategisk næringsplan og ein bør vurdere her om næringsplanen skal sjå koblinga mot bustadsitusjonen i kommunen. Ein bør vurdere tiltak mot å utfordre det private næringslivet i å danne eit investeringssselskap som er i førerretet på bustadutvikling i kommunen. Det vil dei nærmaste åra vere fleire viktige områder som vert opna opp for utbygging i sentrale deler av kommunen. Det vil vere ønskeleg at private spelar ei aktiv rolle i utbygginga sammen med kommunen gjennom ein aktiv og konstruktiv dialog.

Kommunen skal vidare bidra til at bustadmarknaden har eit differensiert bustadtilbod til alle grupper i vårt lokalsamfunn. Målsetjingane er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel og vert følgt opp i kommuneplanen sin arealdel. Det er ei rekkje aktuelle bustadprosjekt som er under arbeid og kommunen sine vidare strategiske kjøp og sal mot bustadmarknaden må vurderast opp mot denne aktiviteten. Bustadsosial handlingsplan som er under rullering bør seie noko om kva kommunen si satsing og rolle framover.

Kommunen er ei føregangskommune på planlegging og har gjennom ei rekkje tiltak dei siste åra lagt til rette for ei sterk plankompetanse og har skapt eit fagmiljø som svært få kommunar har. Kommunen si satsing har bidratt til at kommunen er på veg mot å få redusert det planetterslepet ein har hatt og ein kan no framover fokusere på gjennomføring av ulike prosjekt og tildels vere i forkant av utviklinga. Det vil vere viktig for kommunen at ein stimulerer at planmiljøet fortsatt er sterkt og at ein søker

å utvikle kompetansemiljøet for å fremje sterkare samhandling og samordning i den kommunale verksemda .

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:


Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 01.02.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Frådelingar


År	Antall	I regulert område	Med byggesøknad	Med eksister. bygg
2013	54	47	13	3
2012	52	42	12	2
2011	42	21	15	6

Hallebygda

Skogel

Omsetning av boligeiendommer med bygning i fritt salg, etter tid.

Omsetninger (antall), Hørey (M. og R.).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Omsetning av boligeiendommer med bygning i fritt salg, etter statistiske område, region og tid


	1515 Hørey (M. og R.)																			
	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Omsetninger (antall)	17	36	45	59	52	53	52	74	75	59	62	59	76	90	91	90	111	120	131	150

noter:

Etter omsetningen med trykkskrivning av grunn (tomt). Boligeiendommer omfatter enebolig, tomtebolig, rekke- og kjedebolig, tilknyttet og uavhengig, eil. Sammenhengningen av omsetning boligeiendommer varierer over tid. Tallene behøver derfor ikke å gi et riktig bilde av prisutviklingen av bestemte boligtyper. I enkelte tilfelle kan en omsetning omfatte flere boliger. Boligeiendommer er ikke oppgitt kjøperens område som er med i tabellen.

Omsetning av boligeiendommer med bygning i fritt salg,
etter tid.


Samlet kjøpesum (1 000 kr), Herøy (M. og R.).



kommunestatistikk

HERØY KOMMUNE

PowerPoint-fila inneheld grafisk framstilt statistikk på kommunenivå, kommunen samanlikna med kommunegrupper, fylket og landet.





Innhald

- Kvardagsregionar

Demografi, slide nr. 4

- Folketilvekst - kart
- Befolkning med og utan nettoinnvandring, 2000 – 2013
- Folketal og framskriving fordelt på aldersgrupper og kjønn, 2013 – 2023
- Folketal og framskriving med og utan nettoinnvandring, 2000 – 2023
- Nettoflytting, innanlands, utanlands og samla, etter alder, 2002 – 2012
- Kvinner per 100 menn, 2013, over tid
- Utdanningsnivået i befolkninga, 2013, over tid

Næringsstruktur og sysselsetting, slide nr. 16

- Kvardagsregionar - kart
- Pendling
- Næringsstruktur - kart
- Årleg prosentvis vekst i sysselsettinga
- Arbeidsplassdekning 2000 – 2012

Bustader og hushald, slide nr. 23

- Bustadtettleik – kart (GISlink)
- Hushald etter type, 2013
- Igangsatte og fullførte boliger, 2000 – 2012
- Bolig etter type, 2013
- Prosentvis vekst i talet på hushald, 2006 - 2013

Kommunal planlegging, slide nr. 29

- Tal oppstartsvarsel for plansaker, alle kommunar, 2012 (eigne tal)
- Tal reguleringsplanar vedtatt av kommunestyret, 2002 – 2012 (KOSTRA)
- Netto driftsutgifter til barnehage, grunnskule og pleie- og omsorgssektor (i kroner per innbyggjar), 2012 (KOSTRA)

Verktøykassa, slide nr. 33

- Plantypane
- Samfunnsdelen
- Regionalt perspektiv
- Fylkesstatistikk
- RISS og TEMP
- Regional planstrategi
- Fylkesplan 2013 – 2016
- Rettleiarar frå kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Karttenesta GISlink

Enkelte grafar kjem med forklaring. Denne finn du i notatboksen under grafen det gjeld i PowerPoint-fila.




Kvardagsregionar

I årets utgåve av kommunestatistikken har vi på nokre grafar lagt til regionar som samanlikningsgrunnlag. Desse regionane er basert på dei store pendlingsstraumane i fylket. Fylket kan delast inn i fire slike kvardagsregionar: Eiksundregionen, Ålesundregionen, Molderegionen og Kristiansundregionen. For meir informasjon om kvardagsregionane sjå [Fylkesstatistikken](#), side 23. Kart over kvardagsregionane finn du på slide nr. 17.

Eiksundregionen:	Vanylven, Sande, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy
Ålesundregionen:	Ålesund, Sandøy, Giske, Sula, Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven
Molderegionen:	Molde, Aukra, Fræna, Eide, Midsund, Molde, Vestnes, Gjemnes, Nesset, Rauma
Kristiansundregionen:	Kristiansund, Averøy, Smøla, Aure, Halså, Surnadal, Rindal, Tingvoll, Sunndal


kommune**statistikk**

Demografi



Folketilveksten i Møre og Romsdal etter type siste 10 åra, 1.1 2003-2013


Kjelde: SSB




Møre og Romsdal 2,1 prosent
Landet 5,9 prosent

1) 1. jan 2006 blei Tustna og Aure ei kommune - Aure kommune
2) 1. jan 2008 blei Kristiansund og Frei ei kommune - Kristiansund kommune


Befolkning med og utan nettoinnvandring (2000 - 2013).




Folketal og framskrivning med og utan nettoinnvandring (2000 - 2023).




Folketal og folketalsframskriving fordelt på aldersgrupper og kjønn til 2023 etter alt. MMMM - Herøy kommune




Folketilveksten i Herøy kommune etter type siste 10 år




Nettoflytting, innenlands, utanlandsk og samla, etter alder for perioden 2002 - 2012.




Kvinner per 100 menn, 20 - 39 år, 2003 - 2013




Kvinner per 100 menn i aldersgruppa 20 - 39 år, regionvis, fylkesvis og landet 2013




Kvinner per 100 menn, 20-39 år, regionvis 2012



Utdanningsnivået i befolkninga i prosent, 2002 - 2012, Herøy




Utdanningsnivået i befolkninga, i prosent, 2012



kommune**statistikk**

**Næringsstruktur
og sysselsetting**



Kvardagsregionar

Kjelde: SSB / Møre og Romsdal fylkeskommune

Arbeidsplassdekning i Møre og Romsdal



Over 100% 90 - 100% 80 - 90% Under 80%


Tal pendlarar på strekninga

1900 - 1300


1300 - 600

600 - 200

200 - 0




Inn- og utpendling, Herøy, 2012




Arbeidsplassdekning 2000-2012

talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad)
i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad)




Årleg prosentvis vekst i sysselsettinga

2003 = 3444 sysselsette




Næringsstruktur

- Maritim klynge
- Petroleum
- Prosessindustrien
- Fiskeri / Havbruk
- Møbel / Trevare
- Landbruksbasert næringsverksemd
- Bergverk / Stein / Mineral
- Teko




Næringsstruktur 2012



kommune


statistikk

Bustadar og hushald




Tettleik av bustadbygg og fritidsbygg Herøy kommune

Tegnforklaring




SSB:
2451 bustader ligg i tettbygde strøk (64,2 %).
1368 bustader ligg i spredtbygde strøk (35,8 %).


Hushald etter type, 2013.




Igangsatte og fullførte bustader, 2000 - 2012.



Boliger etter type, 2013.



Prosentvis vekst i talet på hushald, 2006 - 2013.




kommune

statistikk


**Kommunal
planlegging**




Tal oppstartsvarsel for plansaker, 2012



Reguleringsplaner vedtatt av kommunestyret 2002 - 2012



Netto driftsutgifter til barnehagar, grunnskule og pleie- og omsorg (i kroner per innbygger), 2012



kommunestatistikk

Verktøykassa





Plantypene

- **Planstrategi** – svært overordna, skal avdekke *behov* for planlegging kvart fjerde år (skal ikkje vere ein plan i seg sjølv!) -*Har utviklinga i kommunen vore som forventa? -Har ein tilstrekkelege arealreservar? –Ønsker nytt kommunestyre å endre prioriteringar?*
- **Samfunnsplan** – overordna dokument som skal ta stilling til mål og strategiar for utvikling av kommunen som organisasjon og samfunn, skal danne grunnlag for arealdelen eller sektorplanar
- **Arealdel** – angir korleis areal i kommunen skal brukast, og skal nyttast for å dekke opp behov og mål angitt i samfunnsdelen
- **Sektorplanar** – kan bli laga for avgrensa deler av kommunen si verksemd, til dømes helse- og omsorg, skule, ruspolitikk og liknande. Her vil ein ha behov for eit breiare statistikkgrunnlag, og ofte på eit høgare detaljnivå (til dømes grunnkrets) enn kva fylkeskommunens statistikkpakke tilbyr



Samfunnsdelen

Samfunnsdelen til kommuneplanen er den viktigaste planen kommunen lagar. Planen skal fastsette mål og strategiar både for samfunnsutviklinga og for kommunen som organisasjon. Planen skal vere overordna, og ikkje for detaljert. Kommunen skal i korte trekk ta stilling til:

- **Status** – kor er vi i dag?
- **Mål** – kor vil vi?
- **Strategi** – korleis skal vi nå måla våre?

Planlegging må baserast på relevant og riktig informasjon, og det er viktig med gode prognosar. Samstundes må ein nytte lokalkunnskap og vere merksam på moglege feilkjelder. Jo meir målbare måla er, dess lettare er dei å styre mot.



Regionalt perspektiv

- Samfunnsplanlegginga må ha eit regionalt perspektiv. Kommunane i fylket har varierende roller i sine bu- og arbeidsmarknadsregionar. For ein del sentrale planleggingstema vil det vere naturleg å nytte regionale tal i tillegg til lokale, til dømes tilgang på arbeidskraft. Sentralt i planlegginga vil det også vere å plassere og definere eigen kommune si rolle, i forhold til nabokommunar eller «kvardagsregion».
- [Fylkesplanen](#) legg saman med [Nasjonale forventningar](#) føringar for korleis kommunane skal prioritere når dei vel mål og strategiar. Det er viktig at kommunen nyttar planlegginga til å identifisere det faktiske handlingsrommet sitt, og at den gjev signal om den vil utfordre nasjonal eller regional politikk i planperioden.



Fylkesstatistikk

[Fylkesstatistikken](#) er meint som eit arbeidsverktøy for kommunane, næringslivet og media, samt andre som har behov for oppdatert statistikk i sitt arbeid. Statistikken er presentert både med omtale, analyse og grafiske framstillingar av sentrale utviklingstrekk i Møre og Romsdal.

Den er tenkt som eit bidrag til å identifisere utfordringar i fylket og gi eit kunnskapsgrunnlag for avgjersle, og som eit innspel for bruk i samfunnsdebatten.

Offentleg statistikk er spreidd på mange ulike kjelder, Fylkesstatistikk samlar statistikk frå mange ulike kjelder, med formål å gjere offentleg statistikk lettare tilgjengeleg

Nytt av året er den [elektronisk utgåve](#) tilpassa bruk på nettbrett. Der du enkelt kan eksportere ut figurar og tabellar.



FYLKESSTATISTIKK
MØRE OG ROMSDAL 2013





RISS og TEMP

[RISS](#) er ein ny publikasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med Møreforskning. Ideen bak RISS er at ein gjennom fagartiklar skal belyse tema med betydning for samfunnsutviklinga i fylket vårt. RISS skal utfylle konjunkturbarometeret [TEMP](#), der fokus er på næringsliv og arbeidsmarknad, og utdjupe [Fylkesstatistikken](#) der tal og statistikk står i sentrum.

Målet med RISS er å vere med å sette dagsorden i samfunnsdebatten. Artikkane i RISS er bygd på eit større materiale frå undersøkingar, forskingsarbeid, kartleggingar og anna fagleg arbeid.





Regional planstrategi

Møre og Romsdal er eit fylke med gode føresetnader for framtidig vekst og utvikling. Planstrategien har søkjelys på attraktivitet og framtidig bu- og blilyst. Breidde og variasjon i arbeidsmarknaden, offentlege tenester av høg kvalitet, eit mangfaldig kultur- og fritidstilbod, gode handels- og sørvistilbod og effektive kommunikasjonar er difor sentrale satsingsområde i komande planperiode. [Regional planstrategi](#) finn du på heimesida til fylkeskommunen.

[Regionale utviklingstrekk Møre og Romsdal](#) er grunnlagsdokumentet til Regional planstrategi 2012 – 2016, og er ei samfunnsanalyse som teiknar eit bilete av samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal. Dokumentet er eit utval av tilgjengeleg statistikk og analysar. Val av tema og presentasjon av desse, er samstundes eit uttrykk for kva utviklingstrekk fylkeskommunen meiner det er nyttig å ha informasjon om for å identifisere kva utfordringar og moglegheiter samfunnet vårt står overfor i åra som kjem.



Fylkesplan 2013 - 2016

Fylkesplan 2013-2016, regional plan for Møre og Romsdal vart vedteken av fylkestinget 11. desember 2012, T-74/12. Fylkesplan 2013-2016 er den overordna regionale planen i Møre og Romsdal. Dei regionale delplanane skal vere forankra i fylkesplanen.

Fylkesplan 2013-2016 har 4 satsingsområde og 6 gjennomgåande perspektiv.

Satsingsområda er: kultur, kompetanse, verdiskaping og samferdsel.

Dei gjennomgåande perspektiva er: barn og unge, folkehelse, universell utforming, likestilling og inkludering, internasjonalisering og miljø og klima.

Fylkesplan 2013 – 2016 finn du [her](#). I tillegg finns det ei [handbok for hjelp til gjennomføring av Fylkesplan 2013 – 2016](#). Sjølv om handboka først og fremst rettar seg mot tilsette i den fylkeskommunale administrasjonen, er det eit ønskje at også andre tek ho i bruk, t.d. kommunar og regionale statetatar.



Rettleiing frå kommunal- og moderniseringsdepartementet

Det er laga rettleiarar til ditt arbeid med kommuneplanprosessar – både [samfunnsdel](#) og [arealdel](#). Desse, samt andre nyttige veiledere, er tilgjengelege på [planlegging.no](#) og [miljøkommune.no](#)






Karttenesta GisLink

[GisLink](#) er eit verktøy for det offentlege, næringslivet og private personar i fylket. Tenestene inneheld temadata som spenner over eit vidt felt. Her kan ein blant anna finne grunnkretsar, sentrumsoner og tettstader med informasjon om demografien for dei ulike kommunane. Vi har og eit befolkningsrutenett (250m x 250m) som viser fordelinga av befolkninga. [GisLink Strandsonedata](#) er ei ny kartteneste som inneheld helnings- busetnads- og inngrepsdata langs strandsonen i dei enkelte kommunane. Tenesta er ikkje komplett, men alle kommunane skal være med i løpet av 2014.

Meir informasjon om temadata og bruk av tenesta finn du på sjølve [kartenesta](#) eller gjennom informasjonssia www.gisportalen.no



Folkemengde, etter grunnkrets og tid

Kjelde: SSB

ja

Personer	2010	2011	2012	2013	2014	Prosent auke/nedgang
15150101 Kvalsvik	255	272	257	248	240	-6
15150102 Skorpa	
15150103 Kopparstad	90	96	104	101	108	20
15150104 Kvalsund	441	437	439	471	491	11
15150105 Igesund	502	499	509	507	509	1
15150106 Fosnavåg sentrum	206	200	203	223	228	11
15150107 Øvre Fosnavåg	131	141	141	152	153	17
15150108 Nørvåg	78	66	72	69	63	-19
15150109 Eggesbønes	1116	1133	1145	1137	1167	5
15150110 Myklebustvatnet	205	217	247	281	287	40
15150111 Straumane	236	233	233	240	244	3
15150112 Elsebø	610	624	644	639	616	1
15150113 Flusund	225	251	278	272	288	28
15150114 Gjertnes	33	33	39	38	37	12
15150201 Runde	124	118	115	116	112	-10
15150202 Sævik	146	146	149	142	141	-3
15150203 Remøy	179	187	193	203	200	12
15150204 Voldsund	172	177	172	169	166	-3
15150205 Leinebygda	437	445	430	456	449	3
15150206 Bø	284	266	260	249	247	-13
15150207 Frøystad	539	575	582	581	579	7
15150301 Moldtustranda sentrum	365	380	374	367	379	4
15150302 Austre Moldtustranda	136	124	139	158	153	13
15150303 Stokksund	433	444	473	484	454	5
15150304 Tjørnvåg	230	247	238	240	242	5
15150305 Aurvåg	178	170	167	174	162	-9
15150306 Dragsund	437	442	463	478	489	12
15150307 Leikong	358	382	396	393	408	14
15150308 Jøsok	225	228	231	231	211	-6
15159999 Uoppgitt grunnkrets	12	..	34	28	24	
Herøy kommune	8383	8533	8727	8847	8847	

2012

Grunnkrets

Alder

	0 år	1-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-44 år
15150000 Ikke koblet	0	0	0	0	0	0
15150101 Kvalsvik	.	12	20	17	16	54
15150102 Skorpa	0	0	0	0	0	0
15150103 Kopperstad	3	5	13	7	5	29
15150104 Kvalsund	5	23	45	23	22	130
15150105 Igesund	5	26	38	15	22	171
15150106 Fosnavåg sentrum	5	10	6	.	4	83
15150107 Øvre Fosnavåg	3	9	7	5	5	55
15150108 Nørvåg	.	5	7	3	.	20
15150109 Eggesbønes	22	57	109	58	61	356
15150110 Myklebustvatnet	.	8	14	7	16	79
15150111 Straumane	4	12	28	11	9	90
15150112 Elsebø	10	39	63	24	31	213
15150113 Flusund	3	21	32	12	10	97
15150114 Gjertnes	.	4	4	3	.	10
15150201 Runde	.	3	4	3	4	26
15150202 Sævik	.	7	18	10	6	40
15150203 Remøy	0	8	9	4	6	46
15150204 Voldsund	.	5	18	8	12	52
15150205 Leinebygda	5	23	58	29	34	109
15150206 Bø	.	16	23	11	25	79
15150207 Frøystad	11	51	50	25	35	186
15150301 Moldtustranda sentrum	4	21	45	16	17	106
15150302 Austre Moldtustranda	.	11	7	5	9	50
15150303 Stokksund	6	35	47	19	20	145
15150304 Tjørnvåg	4	13	20	12	12	77
15150305 Aurvåg	3	11	9	7	13	48
15150306 Dragsund	.	18	40	21	38	142
15150307 Leikong	6	34	42	14	11	137
15150308 Jøsok	.	21	18	5	14	73
15159999 Uoppgitt grunnkrets	.	4	.	0	0	22

.) tal mindre enn 3 blir prikka

45-66 år	67-79 år	80 år og over	I alt
0	0	0	0
76	47	14	257
0	0	0	0
30	7	5	104
128	45	18	439
142	61	29	509
56	28	9	203
39	12	6	141
19	6	9	72
296	91	95	1145
78	27	16	247
53	11	15	233
218	28	18	644
63	27	13	278
11	.	.	39
45	13	15	115
39	25	3	149
70	35	15	193
57	12	7	172
111	37	24	430
78	15	12	260
153	50	21	582
117	33	15	374
32	14	9	139
143	50	8	473
64	25	11	238
55	15	6	167
114	46	42	463
102	39	11	396
72	17	10	231
5	0	.	34

8727

2012

.) tal mindre enn 3 blir prikka

Grunnkrets

Alder

	0 år	1-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år	80 år og over	I alt
15150000 Ikke koblet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
15150101 Kvalsvik	.	12	20	17	16	54	76	47	14	257
15150102 Skorpa	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
15150103 Kopparstad	3	5	13	7	5	29	30	7	5	104
15150104 Kvalsund	5	23	45	23	22	130	128	45	18	439
15150105 Igesund	5	26	38	15	22	171	142	61	29	509
15150106 Fosnavåg sentrum	5	10	6	.	4	83	56	28	9	203
15150107 Øvre Fosnavåg	3	9	7	5	5	55	39	12	6	141
15150108 Nørvåg	.	5	7	3	.	20	19	6	9	72
15150109 Eggesbønes	22	57	109	58	61	356	296	91	95	1145
15150110 Myklebustvatnet	.	8	14	7	16	79	78	27	16	247
15150111 Straumane	4	12	28	11	9	90	53	11	15	233
15150112 Elsebø	10	39	63	24	31	213	218	28	18	644
15150113 Flusund	3	21	32	12	10	97	63	27	13	278
15150114 Gjertnes	.	4	4	3	.	10	11	.	.	39
15150201 Runde	.	3	4	3	4	26	45	13	15	115
15150202 Sævik	.	7	18	10	6	40	39	25	3	149
15150203 Remøy	0	8	9	4	6	46	70	35	15	193
15150204 Voldsund	.	5	18	8	12	52	57	12	7	172
15150205 Leinebygda	5	23	58	29	34	109	111	37	24	430
15150206 Bø	.	16	23	11	25	79	78	15	12	260
15150207 Frøystad	11	51	50	25	35	186	153	50	21	582
15150301 Moldtustranda sentrum	4	21	45	16	17	106	117	33	15	374
15150302 Austre Moldtustranda	.	11	7	5	9	50	32	14	9	139
15150303 Stokksund	6	35	47	19	20	145	143	50	8	473
15150304 Tjørvåg	4	13	20	12	12	77	64	25	11	238
15150305 Aurvåg	3	11	9	7	13	48	55	15	6	167
15150306 Dragsund	.	18	40	21	38	142	114	46	42	463
15150307 Leikong	6	34	42	14	11	137	102	39	11	396
15150308 Jøsok	.	21	18	5	14	73	72	17	10	231

Totalt

8727



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/519
		Arkiv:	L05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	18.03.2014
67/14	Formannskapet	06.05.2014

GNR 35 BNR 22,31,73 OG 148 - FORHANDLING OM KJØP AV GRUNN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet etablerar eit forhandlingsutval samansett av ordførar og to representantar frå Formannskapet til å gjennomføre grunnforhandlingar med aktuelle grunneigarar i Fosnavåg sentrum for å legge til rette for eit strandkantdeponi.

Strandkantdeponiet vert etablert for mottak av masser i samband med mudringa av Fosnavåg hamn.

Avtalar om grunnkjøp skal leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

Særutskrift:

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Verditakst - Herøy sentrum, Ytre hamn, Herøy kommune, 010314
 - 2 M-not-003-Strandkantdeponi Fosnavåg hamn
 - 3 Rambøll - Hammerfest kultursenter på trygg grunn
 - 4 Rambøll STSO-stabilisering av forurensende sedimenter og forurenset jord
 - 5 Kjøp av areal
 - 6 Strandkantdeponi - Fosnavåg - brev frå Kystverket
- Tomtetakst, utarbeidd av Mulvik for Herøy kommune, datert 01.03.2014
Kjøp av grunn, frå grunneigarar datert 08.01.14
Faktaark strandkantdeponi frå Rambøll
Notat strandkantdeponi utarbeidd av Rambøll til Kystverket datert 18/12-13.

Saksopplysningar:

I Nasjonal transportplan, NTP 2014-2023, er Fosnavåg hamn gitt prioritet i handlingsdelen for tiltak med oppstart i 2014-2017. Det er sett av om lag 50 millionar til prosjektet. Etter siste opplysingar frå Kystverket, jfr. handlingsplan, skal hamna mudrast ut i 2017.

Det er gjennomført miljøundersøking av NGI 2010 der konklusjon var at det er behov for miljøtiltak i samband med mudring av Fosnavåg hamn. I etterkant av dette har Rambøll AS på vegne av Kystverket teke fleire prøver av hamnebassenget (2013). Dette med bakgrunn i at Kystverket meiner NGI sine undersøkingar frå 2010 ikkje dekkjer området godt nok. Undersøkingane viser svært høge konsentrasjonar av kvikksølv, kopar, PAH, TBT og høge konsentrasjonar av PCB.

I etterkant av Kystverket sin siste undersøkelse har Herøy kommune engasjert Rambøll under den samme rammeavtalen for å utføre:

- Supplerende undersøkelser og utredninger som grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for forurensede sedimenter, som ikke er en del av Kystverkets tiltak i havna (M-rap-002, Rambøll 2013)
- En gjennomgang av eiendommer med historisk og pågående aktiviteter og vurdere om disse kan ha bidratt eller bidrar til forurensning i hava (EDD: «Environmental Due Diligence»). Videre å vurdere om det er behov for undersøkelser for å få dette bekreftet eller avkreftet (foreliggende rapport M-rap-001).

Oppsummering i EDD rapporten viser at:

Både historisk virksomhet, markeringer i Miljødirektoratets grunnforurensningsdatabase, samt opplysninger om antropogene (menneskeskapte) fyllmasser under kaikonstruksjonene i området gjør at det er grunn til å anta at massene sør og øst for Fosnavåg indre havn er stedvis forurenset.

Rambøll anbefaler at det utføres en innledende miljøteknisk grunnundersøkelse (MTGU) på alle eiendommene...

Miljøprosjektet for Fosnavåg hamn har som siktemål å :

- Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne. Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

- Utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, for å få ei rein hamn.
- Identifisere og sikre ev. aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
- Opprydding og utbygging av avløp i hamna.

Mudringsmassene som er påvist forureina må deponerast på forsvarleg vis og det er vurdert fleire alternativer for deponering herunder sjø- og strandkantdeponi.

Etter samtaler og tilbakemeldingar frå Kystverket vil strandkantdeponi vere det mest aktuelle.

Vurdering:

Aktuelle strandkantdeponier har vore lagt fram for Styringsgruppa for Byutviklingsprosjektet for Fosnavåg by for vurdering og det har vore samtalar med aktuelle grunneigarar med siktemål å få etablert strandkantdeponi for mottak av mudringsmasser frå Fosnavåg hamn.

Det har vore ein klar føresetnad for etablering av strandkantdeponi i Fosnavåg sentrum at området vert oppfatta som «sikkert» og kan nyttast som «byggegrunn» i etterkant. Kystverket har seinast i møte med kommunen den 3/3-14 blitt orientert om føresetnaden for etablering av eit mogleg deponi i sentrum og har akseptert denne føresetnaden. Fylkesmannen gav i same møte uttrykk for at ei løysing med strandkantdeponi er å foretrekke framfor eit sjødeponi.

Kommunen har tidlegare bede konsulentselskapet Rambøll om ei orientering om strandkantdeponi kan nyttast som byggeområde og følgjande uttale er gitt frå konsulentselskapet:

Som lovet sender jeg over et par prosjektark som viser hvordan standkantdeponier har blitt anvendt til nytt landareal. I begge disse tilfellene har massene blitt stabilisert og solidifisert (STSO). Denne metoden anvendes særlig i tilfeller hvor massene får for dårlig bæreevne i forhold til kravet. Hva som kreves kommer an på hva området skal brukes til. I Hammerfest var ikke bæring et krav, her hviler bygget på pæler som går gjennom massene.

Se også gjerne på linken under for å se hvordan den ferdige promenadekaia ble i Sandvika, her er også noen bilder fra selve prosessen. Her kan du også lese om forsøk Rambøll utførte i samarbeid med NIVA på utlekking av miljøgifter fra det STSO behandlede sedimentet.

[http://rapp.niva.no/symfoni/RappArkiv7.nsf/URL/F02E5D9880D85611C125771F002DD3BB/\\$FILE/5972-2010_72dpi.pdf](http://rapp.niva.no/symfoni/RappArkiv7.nsf/URL/F02E5D9880D85611C125771F002DD3BB/$FILE/5972-2010_72dpi.pdf)

Det er ikke noe i veien for å bygge boliger på et strandkantdeponi. Som nevnt på telefon må visse vilkår oppfylles som:

- Øverste 1 m må være rene
- Risiko for spredning til innemiljø må vurderes og basert på en slik vurdering finner man løsninger, som etablering av tettemembran, ventilering av grunnen etc.
- Bæreevne vurderes, og kan økes ved STSO som nevnt over, eller det kan pæles til fjell.

Som grunnlag for forhandlingar har kommunen engasjert eit uavhengig takstfirma som ikkje har binding til nokon av partane. Taksten for det aktuelle området er datert 01.03.2014 og er utarbeidd av Per Mulvik AS.

Konklusjon:

Ein rår til at ein etablerar eit forhandlingsutval samansett av ordførar, to representantar frå Formannskapet, ein frå administrasjonen samt advokatbistand til å gjennomføre grunnforhandlingane.

Rådmannen rår til at det vert innleia forhandlingar med aktuelle grunneigarar med siktemål å få etablert eit strandkantdeponi slik det går fram av saksutgreiinga.

Konsekvensar for folkehelse:

Prosjektet har klare positive miljømessige fordelar.

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 07.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

NOTAT

Oppdrag **1120610**
Kunde **Kystverket**
Notat nr. **M-not-003**
Dato **2013/12/18**
Til **Terje Misund**
Fra **Aud Helland**
Kopi **Lars Syrstad, Tom Jahren**

1. Strandkantdeponi Fosnavåg fiskerihavn

Kystverket skal mudre et areal på ca 40.000 m² ned til kote -7,3 m. Dette vil generere ca 22.000 m³ løsmasser, hvorav ca 4.000 m³ antas å være rene, og 7.000 m³ med fjell. Totalt uttak av masser er ca 28.000 m³.

En del av sjøbunnen i Fosnavåg vil fortsatt være forurenset etter at Kystverket har fullført farledsmudring. Herøy kommune ønsker ren havn, noe som vil medføre et ekstra uttak på ca 4.000 m³ fra arealet Kystverket mudrer og 10.000 m³ fra Nørvågen. Det forutsetter en mudring på 0,5 m. Hvis bunnen fortsatt er forurenset etter tilleggsudringen kan det være behov for ytterligere mudring, eller tildekking. Det er da ikke tatt hensyn til eventuelt uttak av forurensete masser inntil og under kaiene, som utgjør et areal på ca 13.000 m², tilsvarende 6.500 m³ med et uttak på 0,5 m sediment.

Det er ingen mottak av forurensete sedimenter i nærområdet, og det har vist seg vanskelig å finne egnede lokaliteter for sjødeponi av forurensete masser. Et alternativ kan være å etablere et strandkantdeponi i Fosnavåg. Deponiet bør planlegges med overkapasitet, og minimum 45.000 m³ for løsmasser og 7.000 m³ for fjell (ikke inkludert volumøkning ved uttak).

2. Reguleringsplan og lokalisering av deponi

Herøy kommune arbeider med forslag til Kommuneplan 2013-2025. I planen er området S1/RP avsatt til sentrumsformål (figur 1). Dette området kan være egnet til strandkantdeponi for mudringsmasser fra Fosnavåg havn. Et strandkantdeponi vil innfri behovet for nytt landareal.

Forslag til arealdel i kommuneplanen er lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 1.11.2013 – 10.1.2013. Kystverket bør derfor benytte anledningen til å sende kommunen en høringsuttalelse, slik at in-

Dato 2013/12/18


Rambøll
Hoffsveien 4
Postboks 427
Skøyen
N-0213 Oslo

T +47 2251 8000
www.ramboll.no

teressene knyttet til deponiarealer kan ivaretas i den overordnede arealplanen. Dersom uttalelsen tydelig angir aktuelle krav og disse blir del av den endelige kommuneplanen vil Kystverket spare mye tid.

Et viktig krav er at planbestemmelsene for felt merket S1/RP tydelig sikrer mulighet for etablering av deponi for mudringsmasser. Det bør også sikres at det kan fylles ut i sjøen. Tilsvarende bør det vurderes om det er andre aktuelle lokaliteter for deponi hvor det er aktuelt å sikre hjemmel for utfylling gjennom kommuneplanprosessen. For forurensete masser vil det være en fordel å legge dette i et deponi siden det vil være et utredningsbehov ved enhver lokalitet. Et hvert deponi vil også kreve oppfølging underveis og etter at tiltaket er gjennomført.

Kommunen vil høyst sannsynlig kreve at det lages en reguleringsplan for området som skal benyttes til strandkantdeponi. Reguleringsplanen må utformes slik at den ikke er i strid med kommuneplanen, men bygger på den. En ny reguleringsplan for deponiområdet kan og bør utarbeides nå, slik at den er klar når kommuneplanen sluttbehandles til våren. Det samme gjelder Mudre og dumpesøknad.



Figur 1. Arealer S1/RP avsatt til sentrumsformål i Kommuneplan 2013-2025 er et aktuelt område for strandkantdeponi for mudringsmasser fra Fosnavåg havn.

3. Utredningsbehov

Fortløpende nevnes stikkordsmessig hvilke utredninger som vil være nødvendig for planarbeidet med en deponiløsning i S1/RP:

- Det må avklares hvilket areal innenfor S1/RP eventuelt andre områder i havna som kan romme massene som genereres i Fosnavåg havn ved mudring. Under denne vurderingen bør det tas hensyn til kommuneplanen slik at arealet passer inn i de overordnede planene for sentrumsutvikling. Her kan det være viktig med visualisering.
- Geotekniske undersøkelser for planleggingen av deponidesign.
- Mudringsmassenes egenskaper i et deponi, geotekniske begrensninger og muligheter
- Miljøundersøkelser / utredninger, herunder kartlegging av fysiske forhold, miljøkvalitet, naturmangfold.
- Forurensningsproblematikk, begrensninger og løsninger

Rambøll kan bistå i prosessen med utarbeiding av høringsuttalelse til kommuneplanen, utarbeidelse av reguleringsplan (evt med konsekvensutredning) og utforming av mudre- og dumpesøknad, samt øvrige utredninger.

HAMMERFEST KULTURSENTER PÅ TRYGG GRUNN

Hammerfest havn trengte enn oppryddning i tidligere forurensning. Rambøll fant en løsning for stabilisering av forurenset jord og sedimenter.

Sjøen har i generasjoner blitt betraktet som en praktisk avfalls-plass. Med dagens kunnskap og miljøbevisste holdning er man klar over at det finnes mange "gamle synder". Den gamle Findustomten i Hammerfest, som nå huser byens nye kultursenter, er et eksempel på et område med "gamle synder" som trengte opprydding.

En mur stopper utlekkingen

Løsningen ble å etablere en mur mot sjøen etter at forurensete sjøsedimenter var fjernet. Forurensete masser ble stabilisert og solidifisert ved innblanding av sement (STSO) og

deretter lagt inn bak den etablerte muren. STSO-metoden fører til at massene får økt stabilitet og redusert utlekking av forurensning.

For Hammerfest har STSO-metoden hatt flere positive effekter:

- Forurensete sedimenter er fjernet og isolert på land.
- Utlekking av miljøgifter til sjøen er redusert.
- Masseunderskudd på kulturhuset er dekket opp.

En effektiv oppryddingsmetode

STSO-metoden har vist seg som en egnet oppryddingsmetode i

Hammerfest havn. Metoden er et godt alternativ for å kunne utvikle helhetlige tiltaksplaner for havner og områder som har hatt eller har industri, eksempelvis skipsverft. Metoden er et miljø- og kostnads-effektivt alternativ til deponering av forurensete sedimenter i sjøen, eller på godkjente mottak.



STED

Hammerfest

OPPDRAGSGIVER

Hammerfest kommune,
Bjørn Bygg AS

ARKITEKT

Arkitekturlaboratoriet A-lab

UTFØRT

2007-2008

AREAL

Bruttoareal 5900 m²

PROSJEKTKOSTNAD

160 MNOK

RAMBØLLS TJENESTER

Rådgivende ingeniør
byggeteknikk, geoteknikk,
byggningsfysikk, miljøteknikk,
oppmåling

KONTAKT

Rambøll, Oslo
Avdeling Forurensning og miljø
Vibeke Riis
vibeke.riis@ramboll.no
T 22 51 80 00
www.ramboll.no



Foto: Grindaker Landskapsarkitekter

RAMBOLL

STSO - STABILISERING AV FORURENSEDE SEDIMENTER OG FORURENSET JORD

Forurensede sedimenter og forurenset jord utfordrer oss når vi skal utvikle nye landområder eller nye kaianlegg. Vi trenger bærekraftige metoder for å innfri kravene til miljø og geoteknikk. STSO er en slik metode.

Gammel forurensning

Forurensning fra tidligere tiders utslipp ligger avleiret i sjøbunnen i mange havner og fjorder langs kysten. Avleiringene regnes i dag som en av hovedkildene til fortsatt forurensning av det marine miljø. Mattilsynet har etablert kostholdsråd på konsum av sjømat for mer enn 30 fjordområder. Forurensningsmyndigheten har følgelig satt som mål å ta miljøgiftene i sedimentene ut av sirkulasjon. På den måten vil fjordene igjen få tilfredsstillende miljøkvalitet og Mattilsynets kostholdsråd vil på sikt kunne oppheves.

Fra forurensede masser til stabil byggegrunn

Det lar seg gjøre å forvandle slam og forurenset sjøbunn til kai eller byggegrunn. Ved å tilsette bindemidler til forurensede sedimenter eller til forurenset jord er det mulig å binde forurensningen (stabilisering) og kapsle massene inn i en fast struktur (solidifisering) slik at de får en økt styrke. I praksis

gjennomføres en slik prosess ved å tilsette sement og spesifikke bindemidler til de forurensede massene. På denne måten omdannes forurensede masser som man i utgangspunktet ønsket å kvitte seg med til ny stabil byggegrunn.

Ny metode i Norge

Stabilisering og solidifisering (STSO) av forurensede masser er en relativt ny tiltaksmetode i Norge. I Rambøll Norge har vi anvendt metoden med stort hell både ved byggingen av kultursenteret i Hammerfest, gangpromenaden på Kadettangen i Bærum og ved utviklingen av nytt landområde for Trondheim havn. Rambøll **Finnland** har anvendt metoden i mer enn 15 år, blant annet i Vuossari havn.

Kostnadseffektiv løsning

Metoden er kostnadseffektiv fordi den fjerner forurensningsproblemet. Den fjerner behovet for å kjøre bort forurenset masse til godkjent deponi og reduserer samtidig behovet for tilkjøring av nye fyllmasser. STSO gir på

denne måten en positiv miljøeffekt og deg som problemeier en kostnadseffektiv løsning.

Sikker gjennomføring

Rambøll kan vise til utstrakt erfaring med opprydding, overvåking og håndtering av forurensede masser ved hjelp av stabilisering og solidifisering (STSO) nasjonalt og internasjonalt. Sammen med Rambøll **Finnlands** kompetanse innen STSO mener vi å ha markedets beste kompetanse innen fagfeltet. I tillegg til rådgivningen om STSO bistår vi med myndighetskontakt, utfører forundersøkelser, og overvåker under og etter tiltak.

KONTAKT

Avdelingsleder Forurensning og miljø
Vibeke Riis
vibeke.riis@ramboll.no
T +47 22 51 80 00
www.ramboll.no



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune
Att: Jarl Martin Møller

Deres ref:	Vår ref: 2012/5291-5	Arkiv nr: 432	Saksbehandler: Terje B. Misund	Dato: 02.04.2014
------------	-------------------------	------------------	-----------------------------------	---------------------

Strandkantdeponi- Fosnavåg

Viser til telefonsamtale og mail datert 31.03.14.

Vil med dette gi en oversikt for Kystverket rolle i forbindelse med etablering av deponi i innseilingen til Fosnavåg. Planen er å stenge bukta ved tidligere Sunnmørsfisk ved å etablere en jetè i form av steinmolo, alternativt stenge med stålsput.

Klarering før arbeidet kan igangsettes

Herøy kommune erverver grunn og utarbeider reguleringsplan for området. I dette ligger også at kommunen blir fremtidig eier av området. Kystverket vil være byggherre for jetèen som skal stenge depotet og ansvarlig for nødvendige tillatelser fra aktuelle myndigheter, herunder Miljøvernavdelingen hos Fylkesmannen

Etablering av jetè/deponi

Kystverket vil bygge jetèen iht reguleringsplan som er under utarbeiding for området. Det forutsettes da at området bak jetèen gir tilstrekkelig volum for å kunne deponere massene fra utdypingen i havnebassenget. En molo vil bli etablert med filterlag som sikrer at forurensing ikke lekker ut, eventuelt kan det være aktuelt å legge duk på innsiden av for hindre lekkasje. Teknisk løsning for dette vil bli avklart sammen med Miljøvernavdelingen hos Fylkesmannen. Mudringsmassene blir gravd opp i lekter og fraktet til det aktuelle deponeringsområdet hvor de blir håndtert videre med gravemaskin og anbrakt innenfor jetèen.

Fremtidig bruk av deponeringsområdet

Kystverket vil fylle mudringsmasser til et nivå et stykke under fremtidig landnivå. Her forholder Kystverket seg til uttalelser fra Rambøll som sier at massene som skal deponeres er egnet for senere utnyttelse i tråd med kommunale planer. Dette forutsetter imidlertid at der må legges et steinlag på toppen av mudringsmassene når disse har satt seg. Dimensjonering av dette laget vil være avhengig av fremtidig bruk og må vurderes av konsulent. Etablering av dette topplaget vil ikke være Kystverkets ansvar.

Midt-Norge - Havne- og farvannsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

Miljøovervåking

Kystverket vil her forholde seg til de krav som settes av Fylkesmannens Miljøvernavdeling. Det være seg både når mudring og deponering pågår og eventuelt fremtid overvåking. Vi finner det imidlertid rimelig at ved krav om fremtidig overvåking vil Kystverkets ansvar omfatte en begrenset tidsperiode etter etablering og at det deretter vil være et kommunalt ansvar.

Som nevnt tidligere har Kystverket ingen interesse av å sitte med eierinteresser i deponiområdet i Fosnavåg. Vanligvis står Kystverket som eier av egne anlegg, det være seg moloer som er bygd for skjerming av et havneområde og kaier. Bare unntaksvis er imidlertid staten grunneier. I dette tilfellet vil jetèen, som etableres for å skape deponiet, ikke ha noen fremtidig funksjon for Kystverket.

Med hilsen

Ole Bjørn Molnes
avdelingssjef

Terje B. Misund
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/668
		Arkiv:	A40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
68/14	Formannskapet	06.05.2014
61/14	Kommunestyret	22.05.2014

HØYRING 1 - UTVIKLINGSPLANAR FOR DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I EIKSUNDREGIONEN

Tilråding frå rådmannen:

Ordføraren får på grunnlag av drøftingane i formannskapet 06.05.14 fullmakt til å utarbeide ein uttale i samråd med rektor ved HVS, Herøy Næringsforum, Shippingklubben og og representantar frå rådmannen si leiargruppe innan fristen 15.05.2014.

Særutskrift:

- Møre og Romsdal fylkeskommune v/Ståle Solgard

- Herøy vidaregåande skule v/rektor.

Vedlegg:

- Utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen.
- Skisser Herøy vgs.

Saksopplysningar:

I e-post av 11.04.14 har Herøy kommune fått utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen til uttale. I ein link til e-posten er det gjort greie for fylgjande:

«Høyringa går i hovudsak ut til dei vidaregåande skulane og kommunane i regionen, men det er det høve for alle som har interesse i saka til å kome med uttaler. Skulane og kommunane kan formidle høyringa til dei som er aktuelle.

Det er høve til å kommentere alt som vedkjem saka, men vi anbefaler og ønskjer at følgjande blir vektlagd i denne høyringsrunda:

- 1. Alternativ for framtidig skolestruktur*
- 2. Lokalisering av studieprogram og programområder*
- 3. Innspel og argumentasjon i høve til tomtealternativ, bussavstiging, idrettshall, osv.*

FRIST FOR UTTALE: 15.mai 2014

*Vi ønskjer at uttaler til høyringa i hovudsak sendast på e-post til:
stale.solgard@mrfylke.no»*

Fylkeskommunen hadde eit orienteringsmøte om utviklingsplanane med representantar frå HVS, Herøy kommune, Herøy Næringsforum og Shippingklubben 24.03.14.

Eg har bede om uttale frå rektor ved HVS, styret i Herøy Næringsforum, styret i Shippingklubben og rådmannen si leiargruppe. I skrivande stund har eg ikkje motteke uttale frå nokon.

Vurdering og konklusjon:

Utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen er ei viktig sak for Herøy kommune. Det har ikkje vore råd å utarbeide ein uttale til møtet i formannskapet 06.05. Eg rår difor til at ordføraren på grunnlag av drøftingane i formannskapet får fullmakt til å utarbeide ein uttale i samråd med rektor ved HVS, Herøy Næringsforum, Shippingklubben og og representantar frå rådmannen si leiargruppe innan fristen 15.05.2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Usikker.

Fosnavåg, 25.04.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

UTVIKLINGSPLANAR FOR DEI VIDAREGÅANDE SKOLANE I EIKSUNDREGIONEN



HØYRING 1

11. APRIL - 2014

Innhald

GENERELT	4
Politiske vedtak	4
Målsetjing og innhald	4
Organisering	4
Framdrift og milepælar	6
SAMANDRAG	6
GRUNNLAGSINFORMASJON	10
Befolkningsutvikling/ elevgrunnlag	10
Utvikling befolkning Eiksund regionen. v/Trygve Grydland	10
Samandrag – Utvikling i elevgrunnlag	16
Søking og elevpendling.....	17
Kommunane	17
Skolane	22
Hybelbuarar.....	24
Samferdsel – kollektivløysingar	25
Notat om skoleskyss – Vurdering av alternativ v/Svein Ivar Aarskog	25
Vidaregåande skolar og tettstadsutvikling	32
ALTERNATIV FOR FRAMTIDIG SKOLESTRUKTUR	32
Generelt.....	32
Alternativ for framtidig skolestruktur	33
Alternativ 1 – Dagens struktur	33
Alternativ 2A – 1 skole i Ytre + 1 skole i Indre	55
Alternativ 2B – 2 skolar i Ytre + 1 skole i Indre.....	58
Alternativ 2C – 2 skolar i Ytre + 1 skole i Indre(Utan Ørsta).....	60
Alternativ 2D – 1 skole i Ytre + 2 skolar i Indre	62
Alternativ 3 – Felles skole for yrkesfag.....	64
Alternativ 4 – Felles skole for Eiksundregionen	68
Samla vurdering av hovudalternativ	69
UTDANNINGSPROGRAM OG PROGRAMOMRÅDER	72
Vurdering av utdanningsprogram	72
Utvikling i søkjartal i Eiksundregionen	72
Bygg og anleggsteknikk	73
Service og samferdsel.....	74

Restaurant og matfag	75
Teknikk og industriell produksjon	76
Elektrofag	78
Helse- og oppvekstfag	79
Studiespesialisering	80
Påbygging til generell studiekompetanse	81
Utdanningsprogram som berre er lokalisert ved ein skole i regionen	83
Design og handverk	83
Idrettsfag	84
Medium og kommunikasjon	84
Musikk, dans, drama	85
Naturbruk	85
Utvikling i søking ved Herøy vgs avd. Vanylven	86
Oppsummering – Studieprogram	86
Gjennomføring av Høyring 1	88
Vedlegg	88

GENERELT

Politiske vedtak

Fylkestinget har i sak T-79/11 samrøystes vedtatt følgjande verbalframlegg;

“Fylkestinget ber om at det vert lagt fram utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skulane i fylket i løpet av økonomiplanperioden.”

Det vart så i sak Ud-5/12 lagt fram ein plan for arbeidet med utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skulane. I saka vart det berre prioritert å lage utviklingsplan for Ørsta vgs.

Sak PN-28/13: *«Plannemnda godkjenner framlagte prosjektplan for utviklingsplanar for skulane Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs og Herøy vgs.»*

Då orienteringssak om prosjektplan vart lagt fram for Utdanningsutvalet 24.10.2013, vart det gjort følgjande protokolltilførsel:

«Vi ber om at Utdanningsutvalget fortløpende blir informert om framdriften og utviklingen i Utviklingsplanen for Eiksundregionen. Dessuten uttrykker vi ønske om at rektorene får plass i prosjektgruppen.»

Målsetjing og innhald

Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs og Herøy vgs rekrutterer i hovudsak frå same inntaksområde. Infrastrukturen er i stadig utvikling i området, og det er derfor naturleg å sjå på utviklingsplanane for dei fire vidaregåande skulane samla. Planen bør byggast opp med ei todeling:

Del 1

Felles utfordringar i høve til behov for elevplassar, totalt arealbehov, samfunnsutvikling, transportutfordringar (kollektivløysingar) og kommuneutvikling. Del ein bør også innehalde vurdering av teknisk tilstand på skolebygga, samt vurdering av utnyttingsgrad og utnyttingspotensiale.

Del 2

Alternative løysingar med konsekvens for kvar skole. Alternativa vert illustrert med skisser for kvar skole, samt drøfting av konsekvensar knytt til alternativa.

Organisering

Prosjektgruppa

- Prosjektleiar – Ståle Solgard (Utdanningsavdelinga)
- Bygge- og vedlikehaldssjef – Per Olaf Brækkan
- Arkitekt Svein Skylstad AS – Svein Skylstad
- Rektor Ulstein vgs – Margaret Alme

- Rektor Herøy vgs – Gullik Kjellstadli
- Rektor Ørsta vgs – Roger Fylling
- Rektor Volda vgs – Trond Hjelseth

Referansegrupper på kvar skole

- Tillitsvalde
- Verneombod
- Elevrepresentantar
- Driftsansvarleg
- Representantar frå alle studieprogram

Intern arbeidsgruppe

- Prosjektleiariar – Ståle Solgard(UTD)
- Plan- og analyseavdelinga MRFK
 - Trygve Grydland
 - Anders Smith-Øvland
- Samferdselsavdelinga MRFK
 - Jorunn Sølvsberg
 - Svein Ivar Aarskog
- Regional- og næringsavdelinga
 - Arne Dag Gjørde

Framdrift og milepælar

Endra framdrift i samsvar med sak SBU 13/14

11.04.2014	Utsending – Høyring 1
15.05.2014	Frist for uttale til høyring 1
05.06.2014	Utdanningsutvalet – Orientering
15.08.2014	Utsending – Høyring 2 Utviklingsplanar med skisser og økonomi
12.09.2014	Frist - Høyring 2
30.09.2014	Utviklingsplanar ferdig
10.11.2014	Utdanningsutvalet
8-10.12.2014	Fylkestinget

SAMANDRAG

Eiksundregionen er ein region som generelt er prega av stor optimisme både i høve til folketalsvekst og utvikling på arbeidsmarknaden. I prognosane, er regionen forventa å ha ein større prosentvis folketalsvekst enn både Molde- og Kristiansundsregionen.

Regionen har i dag to tydelege tyngdepunkt i Indre og Ytre. Dette kjem og til uttrykk i dagens skolestruktur. I indre delar av regionen utfyller Volda vgs og Ørsta vgs kvarandre med dei fleste yrkesfaga lagt til Ørsta, og studieforbereande tilbod i Volda. Vi finn om lag den same strukturen i Ytre, der Herøy vgs har eit yrkesfagleg tilbod med stor bredde, medan Ulstein vgs i hovudsak tilbyr studieførebuande program. Sjølv om det er god bredde på tilboda både i indre og ytre del av regionen, er det ikkje tilbod om alle studieprogram. *Musikk, dans og drama, medium og kommunikasjon og design og handverk* finn du, med dagens struktur, berre i indre ved Volda og Ørsta vgs, og *idrettsfag og naturbruk* berre i Ytre ved Ulstein og Herøy vgs. Vi har og fleire studieprogram som det i dag vert gjeve tilbod om både i Ytre og Indre som har så svak søknad at ein må vurdere å samle tilbodet ved ein av skulane. Dette gjeld *Service og Samferdsel, Bygg- og anleggsteknikk og Restaurant- og matfag*.

Fylkesplansjefen argumenterer i sine analysar for at når Eiksundsambandet får verke nokre år til, er det grunn til å tru at regionen vil utvikle seg til ein samla bu- og arbeidsmarknadsregion. Sjølv om det ligg store utfordringar i kollektivtrafikktilbod og endra reisemønster for vidaregåande elevane, har vi valt å problematisere nokre alternativ for framtidig skolestruktur som kanskje verkar lite realistiske i dag, men som ikkje er så utenkelege i eit 30-40 års perspektiv der regionen har utvikla seg vidare i den retninga vi ser teikn til no, med betre infrastruktur, auka pendling til nabokommunar, auka

samarbeid mellom kommunane og mulege kommunesamanslåingar. Nokre av alternativa kan vere aktuelle på kort sikt på grunn av at delar av bygningsmassen er i så dårleg forfatning at det uansett er behov for å bygge nytt og ny lokalisering kan vurderast. Medan andre alternativ er meir langsiktige, men kan vere nyttige å ha vurdert for å unngå feil val i høve til dei tiltaka vi må gjere på kort sikt.

Fram til neste høyring, i august 2014, er det ønskjeleg å minske talet på alternativ det skal arbeidast vidare med. I tillegg til Alternativ 1, vurderer vi det som mest interessant og realistisk å gjere ei grundigare vurdering av alternativ 2B, og kanskje 2A og 2D. Det vil seie dei alternativa som i praksis inneber ei samlokalisering av Volda vgs og Ørsta vgs, og/eller Herøy vgs og Ulstein vgs. Medan ein legg vekk alternativ som medfører pendling for store elevgrupper mellom indre og ytre delar av regionen. Desse alternativa kan ha gode grunngevingar i eit fagleg perspektiv, med større fagmiljø og betre breidde i det faglege tilbodet, men vil vere problematisk i høve til mellom anna auka reisetid for ei stor gruppe elevar, og ikkje minst i eit miljø- og kostnadsperspektiv i høve til auka transport. Ein positiv samfunnsvinst kunne vere eit betre utbygd kollektivtrafikktilbod i regionen som også ville kome arbeidstakarar og andre reisande til gode.

Både ved Ørsta vgs og Herøy vgs har vi avdekt store behov for renovering og nybygg. Særleg ved Ørsta vgs, er det sterke indikasjonar på at eit nybygg på ny tomt vil vere det gunstigaste alternativet. Unntaket er D-bygget, som har vore mykje påkosta, men sjølv om ein vel å bygge ein ny vgs i Ørsta, vil bygget truleg bli liggande for langt unna til at det vil vere hensiktsmessig å halde fram i same lokala. Ein avgjerande faktor, vil og vere om ein framleis skal ha utdanningsprogrammet restaurant- og matfag ved skolen. Dersom ein skal vurdere ei samlokalisering av Volda vgs og Ørsta vgs, er dette rette tidspunktet. I alternativ 2A og 2B er det gjort vurderingar av korleis dette kan løysast på eksisterande tomt i Volda og på ny tomt i Ørsta. Det er ønskjeleg å arbeide vidare med begge desse alternativa fram mot neste høyringsrunde.

Vi har ein liknande situasjon i ytre delar av regionen, der det i førebels vurderingar er foreslått ei stor grad av nybygg ved Herøy vgs. Dette gjer det aktuelt både å vurdere ny lokalisering i Fosnavågen og ei eventuell samlokalisering med Ulstein vgs som i 2A og 2D.

I Høyringsrunde 1, har vi valt å vurdere kvart einskild studieprogram uavhengig av dei ulike alternativa for framtidig skolestruktur.

Vi har i dag ein del utdanningsprogram som det blir gjeve tilbod om på fleire skolar, men som har ein så dårleg søknad at det bør vurderast om det skal samlast på ein av skolane i regionen. Også med dagens struktur har vi ein del program som det berre blir gjeve tilbod om ved ein skole:

- Musikk, dans og drama – Volda vgs
- Medium og kommunikasjon – Volda vgs
- Design og handverk – Ørsta vgs
- Idrettsfag – Ulstein vgs
- Naturbruk – Herøy vgs

Vi foreslår at også følgjande studieprogram blir vurdert samla på ein skole:

- Bygg og anleggsteknikk (No: Ørsta vgs og Herøy vgs)
- Service og samferdsel (No: Ulstein vgs og Volda vgs)
- Restaurant og matfag (No: Herøy vgs og Ørsta vgs)
- Påbygging til generell studiekompetanse (No: Herøy vgs, Ulstein vgs, Volda vgs)

Resten av utdanningsprogramma vert i hovudsak vurdert å vere store og robuste nok ved kvar av skolane til at det er tilrådd å oppretthalde dei på fleire skolar:

- Teknikk og industriell produksjon (Herøy vgs, Ulstein vgs(TAF), Ørsta vgs, Vanylven)
- Helse- og oppvekstfag (Herøy vgs, Ørsta vgs, Vanylven)
- Elektrofag (Ulstein vgs og Ørsta vgs)
- Studiespesialisering (Ulstein vgs, Volda vgs, Vanylven(vg1))

Teknikk og industriell produksjon har stort omfang både i Ørsta og Herøy. Ved at skolane har ulike profilar utfyller dei kvarandre på ein god måte med tilbod om programområder på vg2: *Maritime fag* ved Herøy vgs og *arbeidsmaskinar og kjøretøy* ved Ørsta vgs.

Helse- og oppvekstfag har god søknad til vg1 både i Herøy og Ørsta. Utfordringa er som peika på, å få nok søkjarar til å fylle opp programområda på vg2. Det er knytt sterke samfunnsinteresser til å oppretthalde dette tilbodet i fleire delar av regionen for å sikre fortsatt god rekruttering.

Elektrofag har så god søknad ved begge skolane at mykje talar for å oppretthalde dette tilbodet både i indre og ytre del av regionen. Utdanningsprogrammet er elles i fylket vanlegvis lokalisert saman med teknik og industriell produksjon, sidan desse faga har sterke bindingar og fellesområder. I dette perspektivet hadde Herøy vgs vore ei meir naturleg plassering.

Det er høve til å kommentere alt som vedkjem saka, men vi anbefaler og ønskjer at følgande blir vektlagd i denne høyringsrunda:

1. Alternativ for framtidig skolestruktur
2. Lokalisering av studieprogram og programområder
3. Innspel og argumentasjon i høve til tomtealternativ, bussavstiging, idrettshall, osv.

Det er nedanfor gjort nokre overordna vurderingar i høve til areal og økonomi. Ein gjer merksam på at dette er førebels vurderingar, som det vil bli arbeidd vidare med å kvalitetssikre fram mot Høyring 2.

Alternativmatrise : elevtall / m2 FEF-arealmodell

Alternativ	Ørsta vgs	Volda vgs	1 skole indre	Ulstein vgs	Herøy vgs	1 skole Ytre	1 Felles yrkesskole	1 storskole
1A Dagens struktur	355 / 9.208	606 / 6.896		604 / 6.930	312 / 7.519			

2A 2 store skular			961 / 15.576			892 / 13.686		
2B 2 i Ytre, 1 i indre			961 / 15.576	604 / 6.930	312 / 7.519			
2C Ørsta fordelt		640 / 7462		679 / 8.036	590 / 12.756			
2D 1 i Ytre 2 i indre	355 / 9.208	606 / 6.896				892 / 13.686		
3A felles skole yrkesfag		606 / 6.896		604 / 6.930			667 / 14.496	
Storskole i sentrum								1877 / 26.479

Alternativ	Nybygg m2	Takast ut av bruk	Kostnad (kun nybygg)
1A Lokasjoner som idag	14 500	-14 000	522 000 000
2A.1 Lokasjon Volda/Ulstein tilbygg	17 400	- 17 700	626 400 000
2A.2 Lokasjon Ørsta /Herøy nybygg	29 200	- 31 000	1 051 200 000
2B.2 Lokasjon Volda	14 100	-14 000	507 600 000
2B.1 Lokasjon Ørsta nybygg	19 300	-21 400	694 800 000
2C Ørsta fordelt	11 700	- 14 000	421 200 000
2D.1 Lokasjon Herøy nybygg	24 500	-23 600	882 000 000
2D.2 Lokasjon Ulstein tilbygg	17 800	-17 700	640 800 000
3A.1 Lokasjon Herøy tilbygg	12 300	- 14 000	442 800 000
3A.2 Lokasjon Herøy nybygg	16 100	- 17 700	579 600 000 *)
3B.1 Lokasjon Ørsta nybygg	16 100	-17 700	579 600 000
4 Ny skole	26 500	-31 000	954 000 000

*) + 50-60 mill. ved ny idrettshall

Basert på ein prosjektkostnad på 36.000 kr / m2 for nybygg vil dei ulike alternativa ha grovkalkyler som i tabellen ovanfor. I alle alternativa med skole i Ørsta er denne rekna som nybygg. I Volda er handelsskolen teke ut av bruk i alle alternativa. På Herøy er paviljongbygg/modulbygg/plasthall og Olavshall teke ut av bruk i alle alternativa. I Ulstein er lokala i Ulsteinhallen medrekna som eksisterande areal i alle alternativa. I dette høyringsnotatet har vi ikkje kalkulert verdier av bygningar/tomter som blir kjøpt for nybygg eller avhenda/teke ut av bruk i dei ulike alternativa. Dette skuldast at vi ikkje har fått fram alle eigedomstilhøva og kva som bør leggest til grunn av marknadsverdi ev. makeskifteverdi på dei ulike tomtene i dei ulike kommunane. Nødvendige ombyggingskostnader er ikkje tatt med, Investeringskostnadane er difor ufullstendige, men gjev ein grov peikepinn på kva nivå ein, som eit minimum, må rekne med å investere i dei ulike alternativa. Summane er avrunda i høve tabellane lengre bak i notatet.

I høyring 2, kan det bli aktuelt med ei ytterlegare avklaring i høve til endring i driftskostnadar ved ulike alternativ.

GRUNNLAGSINFORMASJON


Befolkningsutvikling/ elevgrunnlag

Utvikling befolkning Eiksund regionen. v/Trygve Grydland

Møre og Romsdal har opplevd ei god folketalsutvikling dei siste ti åra, og særleg sidan 2007. Veksten i folketalet skyldast i hovudsak eit fenomen, innvandring frå utlandet. Desse innvandrarane kjem for å arbeide, og dette gjer at folketalsutviklinga i Møre og Romsdal er tett knytt til utviklinga i arbeidsmarknaden. Som kartet under synar så kjem veksten i dei ytre delane av fylket og kring byane. I Eiksundregionen har veksten vore høgare enn i fylket sett under eitt. Ulstein, Herøy, Hareid og Volda hadde ein vekst over fem prosent i perioden 2003-2013, medan Ørsta og Sande hadde ein noko svakare vekst i same tidsperiode. Vanylven var den einaste kommunen som opplevde ein sterk nedgang i regionen i tidsrommet.

Folketilveksten i Møre og Romsdal etter type siste 10 åra, 1.1 2003-2013


Kjelder: SSB




Møre og Romsdal 2,1 prosent 1) 1. jan 2006 blei Tustna og Aure ei kommune - Aure kommune
Landet 5,9 prosent 2) 1. jan 2008 blei Kristiansund og Frei ei kommune - Kristiansund kommune

Flyttebalansen til Møre og Romsdal består av eit innanlandsflyttetap, medan vi får ein solid vinst i frå innvandring frå utlandet. Figuren under synar korleis aldersfordelinga i nettoflytting er. Som ein kan sjå så flyttar svært mange unge frå Møre og Romsdal i aldersgruppa 18-30 ut, medan nokre få flytta heim seinare. Dette kan ein sjå i den positive innanlandsflyttinga i aldersgruppa 32-40 og 0-8 år. Innvandringa frå utlandet er der i mot positiv i alle aldersgrupper, men er særleg høg i aldersgruppa 20-40 år. Det grønne feltet er samla nettoflytting når ein tek med både netto innanlands- og utanlandsk flytting. Som ein kan sjå har fylket eit samla flyttetap i aldersgruppa 18-28 år, medan den er positiv i dei yngre aldersgruppene og frå 28 år og eldre. Eiksundregionen skil seg ikkje frå resten av

fylket i flyttemønsteret. Internt i regionen er det skilnader mellom kommunane, der Ulstein kommune spesielt skil seg frå resten med høg tilflytting frå utlandet, medan Vanylven har same fråflyttingsprofil som dei andre kommunane, men utan ei innvandring frå utlandet til å motverke fråflyttinga innanlands.




Om vi ser spesifikt på folketalsutviklinga i Eiksundregionen så har befolkningsutviklinga vore negativ sidan år 2000 om det ikkje hadde vore for arbeidsinnvandringa til regionen. Figuren nedanfor synar ei historisk befolkningsutvikling kor folketalet og befolkningsveksten er korrigert for nettoinnvandring, noko som tilsvare om lag 4500 innbyggjarar i regionen sia år 2000. Av desse har 30 prosent flytta til Ulstein kommune. Den raude delen av stoplane er kumulert innvandring frå utlandet.




Figuren synar også ei befolkningsframskrivning fram til 2023 kor det er nytta mellomalternativet til SSB med (grøn + lilla) og utan nettoinnvandring (berre grøn). Som ein kan sjå vil regionen oppleve ein svak vekst utan nettoinnvandring frå utlandet. Det er ikkje noko som tilseier at regionen eller fylket ikkje vil ha innvandring frå utlandet i framtida, men det er viktig at ein veit kor stor betydning den har for folketalsutvikling og kva ei folketalsutvikling utan innvandring vil sjå ut.

Figuren under syna befolkning og framtidig befolkning (SSB mellomalternativ) i 2040 fordelt etter kjønn og alder. Det er særleg i dei eldre aldersgruppene befolkningsveksten vil komme, samstundes som regionen opplev ein svakare vekst i alle aldersgrupper, trass at den i enkelt aldersgrupper er låg.

Folketal og folketalsframskriving fordelt på aldersgrupper og kjønn til 2040 etter alt. MMMM - Eiksundregionen



Samla vekst mot 2040.




Ei befolkningsframskriving med horisont mot 2040 er prega av stor usikkerheit, men teiknar likevel eit bilete av korleis folketalet i fylket vil utvikle seg i tida framover. Usikkerheita i ei befolkningsframskriving aukar jo lengre tidshorisonten er. Årsaka er at den byggjer på ei initialbefolkning som blir påverka av ratar for dødelegheit, fruktbarheit, flytting og innvandring. Desse ratane kan endre seg raskt, særleg i ein region kor til dømes næringslivet har så stor betydning for folketalsutviklinga som i Møre og Romsdal. I Eiksundregionen er det venta befolkningsauke fram mot 2040 i fem av dei sju kommunane, og særleg i Ulstein, kor veksten er venta å være nærare 50 prosent. Sande og Vanylven vil i følgje prognosane oppleve ein svak befolkningsnedgang. Regionen sett under eit vil ha ein vekst i overkant av 20 prosent, noko som er sterkare enn til dømes Molderegionen og Kristiansundsregionen.

Aldersgruppa 16-19 år.

Om ein spesifikt ser på aldersgruppa 16-19 år er det store variasjonar i korleis utviklinga har vore og korleis den i følgje befolkningsprognosane vil være. Om vi tek utgangspunkt i ei historisk utvikling sidan 1986, der talet på 16-19 åringar i befolkninga det året blir brukt som indeks så ser ein at det samla fram mot 2012 (året som SSBs befolkningsprognosar springer ut frå) har vore ei nedgang på nærare 20 prosent sidan 1986 for regionen sett under eit. Fram mot 2040 aukar folketalet i aldersgruppa, men når ikkje heilt opp til nivået i 1986. Med andre ord er det venta ei svak vekst frå 2012 til 2040, men ikkje nok til at talet blir like høgt som i 1986. For dei ulike kommunane er det svært store skilnader i korleis befolkningsutvikling i aldersgruppa har vore, og korleis prognosane

peikar. Ulstein vil ha ein svært høg vekst, og motverkar den store nedgangen som prognosane synar for Sande og Vanylven. Dei vil i følgje prognosane ha ei befolkning i aldersgruppa som berre er 40 prosent av kva den var i 1986. No vil utvikling sjå verre ut enn om vi hadde brukt 2012/2013 tal som utgangspunkt for indeksen, men da vil ein mista den historiske konteksten som er at denne aldersgruppa har hatt ei svært dårleg utvikling.




Pendling og arbeidsplassar.

Det er to kommunar i regionen som har eit overskot av arbeidsplassar registrert i kommunen sett i forhold registrert sysselsette bustatt i kommunen. Det er Ulstein og Volda, men det er særleg Ulstein som skil seg ut, med eit stort behov for innpendling. Dei to kommunane har òg ein svært ulik profil på arbeidsmarknaden. I Ulstein dominerer den maritime næringa, medan Volda har ein stor andel offentlege arbeidsplassar, som følgje av at både det ligg både sjukehus og høgskole i kommunen. Ulstein og Herøy har eit maskulint næringsliv, prega av høge inntekter. Begge kommunan kjem høgt om ein rangerar gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn i fylket, men ikkje tilsvarende for kvinner. Til dømes er gjennomsnittleg bruttoinntekt for kvinner under 50 prosent av gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn (sjå Fylkesstatistikk). Eit døme på den sterke arbeidsmarknaden i regionen kan være at det pendlar fleire frå Ålesund til Ulstein enn omvendt. Kvardagsregionkartet synar kva kommunar som har høgast innpendling, og kvar pendlarane kjem i frå. Det er ikkje eit kart som får frem den fullstendige dynamikken i ein region, men som synar dei sterkaste trendane.

Kvardagsregionar

Kjelder: 2018: Møre og Romsdal fylkeskommune



Samandrag – Utvikling i elevgrunnlag

Samla sett er elevtalet på ein topp no som ein ikkje vil ta att før i ca 2030.

Den kommunen som skil seg vesentlig ut er Ulstein, som har ein markert vekst for denne aldersgruppa i perioden (omlag 44%). Det gjer at den samla forventa elevtalsauken i regionen i stor grad vil kome ved dei skolane som naturleg rekrutterer frå Ulstein kommune. Med dagens skolestruktur vil det i hovudsak gjelde Ulstein vgs og Herøy vgs.

I Hareid går den aktuelle elevgruppa ned dei komande åra, men er forventa å stabilisere seg på dagens nivå mot slutten av perioden.

Vanylven og Sande ser ut til å fortsette ein pågåande nedgang i vel 10 år framover før det stabiliserer seg på det nivået.

Ørsta og Herøy er forventa å ligge på om lag på dagens nivå, med ein svak vekst mot slutten av perioden.

Volda kommune har først ein nedgang i denne aldersgruppa, men ser ut til å kome over dagens nivå igjen mot slutten av perioden.

Prognosane for 2040 tilseier ein samla auke i elevtalet for regionen på omlag 160-170 elevar.

Med den dimensjoneringa vi har lagt til grunn så langt er er elevtalsauken rimeleg jamt fordelt mellom skolane. Sidanden forventa elevtalsveksten viser seg å vere så skeivt fordelt i regionen, må ein i det vidare arbeidet vurdere å legge til rette for ein større kapasitetsauke for dei skolane som er

forventa å rekruttere mest frå Ulstein kommune. Særleg frå 2025 og utover kan dette behovet gjere seg gjeldande.

Søking og elevpendling

Kommunane

Oversikten nedanfor viser kva skolar elevane frå dei ulike kommunane søkte seg til i skoleåret 2013/2014.

Hareid

SKOLAR	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	15	7,5 %
Vestborg vgs As	1	0,5 %
Den Norske skolen i Rojales	2	1,0 %
Den Norske skole Gran Canaria	1	0,5 %
Fagerlia vidaregåande skole	7	3,5 %
Gjermundnes vidaregåande skule	2	1,0 %
Haram vidaregåande skule	4	2,0 %
Herøy vidaregåande skule	38	19,1 %
Stranda vidaregåande skule	1	0,5 %
Sunndal vidaregåande skole	1	0,5 %
Ulstein vidaregåande skule	85	42,7 %
Volda vidaregåande skule	1	0,5 %
Ørsta vidaregåande skule	4	2,0 %
Ålesund vidaregåande skole	9	4,5 %
Borgund vidaregåande skole	27	13,6 %
Tøndergård skole og ressurscenter	1	0,5 %
SUM	199	

Kommentarar:

- Alle 15 som går Medium og kommunikasjon vel tilbod i Ålesund framfor Volda vgs.
- Ein relativt stor del yrkesfagelevar til Borgund, men ein del av dette skuldast vg2/-3 tilbod som ikkje fins i regionen.
- Samla søker 64,3% eit tilbod innan regionen. Det er vesentleg mindre enn dei andre kommunane.

Herøy

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	5	1,4 %
Kongshaug Musikkgymnas As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	8	2,3 %
Den Norske skole Costa Blanca	1	0,3 %
Fagerlia videregående skole	10	2,8 %
Gjermundnes vidaregåande skule	2	0,6 %
Haram vidaregåande skule	3	0,8 %
Herøy vidaregåande skule	130	36,8 %
Romsdal vidaregåande skole	1	0,3 %
Ulstein vidaregåande skule	144	40,8 %
Volda vidaregåande skule	25	7,1 %
Ørsta vidaregåande skule	6	1,7 %
Ålesund vidaregåande skole	8	2,3 %
Borgund vidaregåande skole	9	2,5 %
SUM	353	

Kommentarar:

- Elevane søker i hovudsak Herøy vgs og Ulstein vgs(77,6%).
- 8,8% til Volda/Ørsta. Mest til Musikk, dans og drama/Medium og kommunikasjon/Design og handverk(Utdanningsprogram som det berre er tilbod om i Volda/Ørsta).
- 9,0% søker til skular i Ålesund.

Ulstein

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	5	1,6 %
Krokeidesenteret As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	2	0,7 %
Firda vidaregåande skule	1	0,3 %
Fagerlia vidaregåande skole	12	3,9 %
Haram vidaregåande skule	1	0,3 %
Herøy vidaregåande skule	37	12,1 %
Kristiansund vidaregåande skole	1	0,3 %
Sykkylven vidaregåande skule	1	0,3 %
Ulstein vidaregåande skule	195	63,9 %
Volda vidaregåande skule	10	3,3 %
Ørsta vidaregåande skule	13	4,3 %
Ålesund vidaregåande skole	10	3,3 %
Borgund vidaregåande skole	16	5,2 %
SUM	305	

Kommentarar:

- Elevane søker i hovudsak Herøy vgs og Ulstein vgs(76,0%), men med klar overvekt til Ulstein vgs(63,9)
- 7,6% til Volda/Ørsta.
- 9,0% søker til skular i Ålesund.

Sande

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	2	2,4 %
Vestborg vgs As	1	1,2 %
Fagerlia vidaregåande skole	4	4,7 %
Gjermundnes vidaregåande skule	1	1,2 %
Herøy vidaregåande skule	14	16,5 %
Ulstein vidaregåande skule	48	56,5 %
Volda vidaregåande skule	3	3,5 %
Ørsta vidaregåande skule	1	1,2 %
Ålesund vidaregåande skole	5	5,9 %
Borgund vidaregåande skole	6	7,1 %
SUM	85	

Kommentarar:

- Over halvparten av elevane vel eit studieførebuande tilbod ved Ulstein vgs.
- 5% reiser til Volda/Ørsta. Alle på tilbod som ikkje fins i Ytre.
- Ingen særskilde trendar i søknaden til skulane utanfor regionen.

Volda

SKOLE	ELEVAR	%
Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer As	1	0,3 %
Akademiet vgs Ålesund As	1	0,3 %
Tryggheim skular As	1	0,3 %
Unge Sjømenns Kristelige Forening (Gann)	1	0,3 %
Framnes Kristne vidaregåande skule	1	0,3 %
Sygna vgs As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	3	0,8 %
Mesna vidaregåande skole	1	0,3 %
Sauda vidareg skule (Inkl. Fil. Sand)	2	0,5 %
Atlanten vidaregåande skole	3	0,8 %
Fagerlia vidaregåande skole	5	1,3 %
Herøy vidaregåande skule	5	1,3 %
Kristiansund vidaregåande skole	1	0,3 %
Sykkylven vidaregåande skule	2	0,5 %
Ulstein vidaregåande skule	11	2,9 %
Herøy vidaregåande skule, avd Vanylven	2	0,5 %
Volda vidaregåande skule	229	59,5 %
Ørsta vidaregåande skule	103	26,8 %
Ålesund vidaregåande skole	4	1,0 %
Borgund vidaregåande skole	5	1,3 %
Gauldal vidaregåande skole	1	0,3 %
Malvik vidaregåande skole	1	0,3 %
Breivang vidaregåande skole	1	0,3 %
SUM	385	

Kommentarar:

- 86,3% søker til Volda vgs og Ørsta vgs.
- 4,2% til Ulstein/Herøy. (Mest til TP/TAF, Idrettsfag, naturbruk og maritime fag)
- 3,9% til skular i Ålesund. (Dei fleste til tilbod som ikkje fins i regionen)

Ørsta

SKOLE	ELEVAR	%
Kongshaug Musikkgyrmas As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	4	1,0 %
Sauda vidareg skule (Inkl. Fil. Sand)	2	0,5 %
Atlanten vidaregåande skole	1	0,3 %
Fagerlia vidaregåande skole	6	1,5 %
Gjermundnes vidaregåande skule	2	0,5 %
Haram vidaregåande skule	2	0,5 %
Herøy vidaregåande skule	6	1,5 %
Kristiansund vidaregåande skole	2	0,5 %
Sykkylven vidaregåande skule	2	0,5 %
Ulstein vidaregåande skule	13	3,3 %
Volda vidaregåande skule	197	49,5 %
Ørsta vidaregåande skule	131	32,9 %
Ålesund vidaregåande skole	10	2,5 %
Borgund vidaregåande skole	19	4,8 %
SUM	398	

Kommentarar:

- 82,4% søker til Volda vgs og Ørsta vgs.
- 4,8% til Ulstein/Herøy. (Mest til TP/TAF, Idrettsfag, naturbruk og maritime fag)
- 8,8% til skular i Ålesund. (Dei fleste til tilbod som ikkje fins i regionen)

Vanylven

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	1	0,7 %
Gjennestad videregående skole	1	0,7 %
Vestborg vgs As	1	0,7 %
Øya videregående skole	1	0,7 %
Måløy vidaregåande skule	3	2,2 %
Fagerlia videregående skole	2	1,5 %
Gjermundnes vidaregåande skule	1	0,7 %
Herøy vidaregåande skule	3	2,2 %
Romsdal videregående skole	1	0,7 %
Spjelkavik videregående skole	1	0,7 %
Ulstein vidaregåande skule	27	19,7 %
Herøy vidaregåande skule, avd Vanylven	45	32,8 %
Volda vidaregåande skule	35	25,5 %
Ørsta vidaregåande skule	9	6,6 %
Ålesund vidaregåande skole	1	0,7 %
Borgund vidaregåande skole	4	2,9 %
Tøndergård skole og ressurscenter	1	0,7 %
SUM	137	

Kommentarar:

- Dei fleste vg1 elevane vel eitt av tilboda ved Herøy vgs, avdeling Vanylven. Den einaste «konkurrenten» er idrettsfag ved Ulstein vgs.
- Elevane som skal gå vg2/-3 studiespesialisering vel Volda vgs.
- Yrkesfag elevane vel Ørsta vgs og elektrofag ved Ulstein vgs.

Skolane

Tabellane under viser kva kommune elevane ved dei vidaregåande skolane i regionen kjem i frå.

Herøy vgs

KOMMUNE	ELEVAR	%
Vanylven	3	1,3 %
Sande (M.R.)	14	6,0 %
Herøy (M.R.)	130	55,6 %
Ulstein	37	15,8 %
Hareid	38	16,2 %
Volda	5	2,1 %
Ørsta	6	2,6 %
Skodje	1	0,4 %
SUM	234	

Ulstein vgs

KOMMUNE	ELEVAR	%
Skien	1	0,2 %
Molde	1	0,2 %
Ålesund	1	0,2 %
Vanylven	27	5,0 %
Sande (M.R.)	48	8,9 %
Herøy (M.R.)	144	26,8 %
Ulstein	195	36,3 %
Hareid	85	15,8 %
Volda	11	2,0 %
Ørsta	13	2,4 %
Stranda	3	0,6 %
Sykkylven	1	0,2 %
Skodje	1	0,2 %
Sula	3	0,6 %
Giske	1	0,2 %
Haram	1	0,2 %
_ Ukjent	1	0,2 %
SUM	537	

Volda vgs

KOMMUNE	ELEVAR	%
Vanylven	35	7,0 %
Sande (M.R.)	3	0,6 %
Herøy (M.R.)	25	5,0 %
Ulstein	10	2,0 %
Hareid	1	0,2 %
Volda	229	45,5 %
Ørsta	197	39,2 %
Stranda	1	0,2 %
Sykkylven	1	0,2 %
Fræna	1	0,2 %
SUM	503	

Ørsta vgs

KOMMUNE	ELEVAR	%
Ålesund	3	1,1 %
Vanylven	9	3,3 %
Sande (M.R.)	1	0,4 %
Herøy (M.R.)	6	2,2 %
Ulstein	13	4,7 %
Hareid	4	1,5 %
Volda	103	37,6 %
Ørsta	131	47,8 %
Stranda	2	0,7 %
Sykkylven	1	0,4 %
Haram	1	0,4 %
SUM	274	

Herøy vgs, avd. Vanylven

KOMMUNE	ELEVAR	%
Selje	1	2,1 %
Vanylven	45	93,8 %
Volda	2	4,2 %
SUM	48	

Hybelbuarar

Tabellen viser tal på hybelbuarar registrert ved skulane, sortert etter kommune:

	Herøy vgs	Ulstein vgs	Volda vgs	Ørsta vgs	SUM
Hareid	1	0	0	0	1
Herøy	0	1	13	2	16
Ulstein	2	0	1	0	3
Sande	2	2	1	0	5
Volda	5	0	19	23	47
Ørsta	6	2	7	9	24
Vanylven	5	22	32	9	68
Andre	2	4	3	9	18
SUM	23	31	76	52	182

- Nesten alle elevane frå Vanylven som går på skolar utanfor kommunen vel å bu på hybel.
- Mange elevar frå Volda og Ørsta kommune vel å bu på hybel sjølv om dei går på skole i Ørsta og Volda. Dette har truleg samanheng med lange reiseavstandar innanfor kommunane.
- Om lag halvparten av elevane frå Herøy som går på skole i Volda og Ørsta bur på hybel medan elevane frå Hareid, Ulstein og Sande vel å bu heime.

- Elevane frå Volda og Ørsta som går ved Herøy vgs bur alle på hybel, medan dei som går ved Ulstein vgs bur heime.
- Elevane frå Hareid, Ulstein, Sande og Herøy bur i liten grad på hybel når dei går på Herøy vgs og Ulstein vgs.

Samferdsel – kollektivløysingar

I møter med skoleleiingane og elevane i regionen, kjem det tydeleg fram at ingen av skolane er fullt ut nøgde med dagens kollektivtilbod. Generelt sett handlar dette om liten fleksibilitet i høve til ruter utanom felles fastsette tider for skolestart og skoleslutt og det er avgrensingar i høve til kva bussruter elevane kan nytte seg av. Busstilbodet verkar heller ikkje å vere godt tilpassa ein situasjon der vi tenkjer oss større mobilitet mellom kommunar i Indre og skoletilbod i Ytre og motsett. Kollektivtransporttilbodet ser ut til å vere ein betydeleg flaskehals for fleire av alternativa til ny tilbodsstruktur.

Ein vil i det vidare arbeidet freiste å klarleggje kva konsekvensar det nye «Garnes prosjektet» kan ha å seie i høve til meir effektiv reisetid og rutetilbod.

Notat om skoleskyss – Vurdering av alternativ v/Svein Ivar Aarskog

Utgangspunkt for utredinga er dagens skolestruktur med:

- Dagens rutestruktur på Søre Sunnmøre, justert for Garnes-prosjektet
- Dagens innkjøpsavtale mellom MRFK og Nettbuss
- Kostnader i 2013 kroner (priser for 2014 er ikkje kjente)
- Timeplanar på dagens skular (Ørsta forutsatt full timeplan alle dagar)

I dagens skoleskyss utfører skolebussane skyss til fleire vidaregåande skular med same bussen. Dette vert gjort ved at elevane ventar på skolen og ved at sluttidspunkta om ettermiddag er ulike. 2 dømer:

1. Skolebussane frå Ørsta har avgang Ørsta kl 0725 med ankomst Volda vgs kl 0745. Same bussane køyrer då Volda kl 0745 – Ørsta
2. Ulstein vgs kl 1520 – Fosnavåg/Herøy vgs kl 1555 – Ulstein/Hareid

Ved å samle elevane på færre skular, vil ein miste denne utnytting og dette betyr fleire skolebussar for å klare skyssen, noko som igjen betyr dyrare skoleskyss.

Fleksibel skoleskyss

Vi har ikkje lagt inn kostnader på dette punktet. Dersom elevane i vidaregåande skole skal reise fritt vil dette ved fleire høve sprengje kapasiteten på grunnskoleskyssen/andre ruter. Dette vil gi behov for langt fleire bussar enn i dag. Ein får også utfordring ved planlegging og dimensjonering, sidan det er vanskeleg å planlegge skyss dersom ein ikkje er kjent med når elevane skal reise.

Samferdselsavdelinga legg til rette for fleksibilitet på alle ruter så lenge ein har kapasitet. Dette betyr at ein må kjenne behovet og styre elevtransporten i tett samarbeid med skolen.

Muligheit for å nytte ledig kapasitet på andre ruter gjeld elevar i vidaregåande skole i heile fylket. Det vert derfor feil å rekne på dette avgrensa til Eiksundregionen. Eit krav om fleksibilitet vert vanskeleg å handsame innafor fylkeskommunen sine økonomiske ramar, og elevane har heller ikkje krav til dette i følge Opplæringslova.

Timeplan

Føresetnaden for utredninga er skoleskyss til skulane sine ordinære skolestart- og skolesluttidspunkt. Ørsta vgs operere med ulike sluttidspkt frå dag til dag. Dersom ein skal nytte eit slikt opplegg på alle uilke løysingar, vil skyssen verte vesentleg dyrare. Td slutter Ørsta kl 1300 på tysdagar, skoleskyss på eit slik tidspunkt kolliderer med grunnskoleskyssane mellom kl 1400-1500.

Vi nemner også at yrkesfag har 35 timar i veka medan «allmenne fag» har 30 timar pr veke. Utredninga har ikkje tatt omsyn til auka skoleskyss pga dette, men har lagt inn skyss frå det tidspunkt dagens lokalitetar startar/sluttar, dette er:

- Ørsta vgs kl 0810/1515
- Volda vgs kl 0810/1500
- Ulstein vgs kl 0825/1515 (tidl fredag)
- Herøy vgs kl 0830/1555 (tidl fredag)

Økonomiske kriterier ved kostnadsrekning av skoleskyss:

1. Auke av tal vogner i dimensjonerande time, dvs det tidspunkt på morgon/ettermiddag der det er behov for flest bussar. Særleg om morgonen vil eit auka behov bety fleire bussar. Med tanke på krav om sitjeplass, setebelte og universell utforming, så vil dette bety kjøp av nye bussar. Inkludert kapitalkostnader, nedbetaling på 7 år osv, vil ein kunne rekne kr 400 000,- årleg auka kostnader ved ein buss meir i dimensjonerande time
2. Lønskostnader. For kvar nytt bussuttak kjem det automatisk 2 timar løn ihht tariff
3. Delt skift. Dersom det kjem ekstra uttak morgon/ettermiddag, har sjåfør rett på ekstra lønnskompensasjon for trekt pause midt på dagen. Dette heiter deltskift-tillegg
4. Km-kostnader. Under desse ligg driftskostnader på buss, samt vedlikehaldkostnader. Merk at vi i oppsettet parkerer bussar på skolen og nytter kun ein buss til transport av sjåførar midt på dag (reducere km pr dg)

Fleire av forslaga til ny skolestruktur vil føre til at ein har eit auka behov ein veg, samstundes som ein kan ha eit mindre behov andre vegen. Ei enkel løysing utan å kjenne innhald i dagens skoleskyss, er at dersom det ikkje er skole i Ørsta, så vil elevane frå Volda sleppe skyss og ein får auke frå Ørsta. Men som nemnt tidlegare, så vil ein miste vognutnytting og auke tal vogner, då alle skal same retning.

Kvaliteten på skoleskyssen vil verte for dårleg dersom ein køyrer fleire vender til same skole om morgonen (vil bety 30-60 minuttts ventetid for skolestart).

Døme på korleis dette vert om elevane frå Ulstein vgs skal flyttast til Herøy:

morgon	ekstra bussar	Ulstein	4
morgon	ekstra bussar	Hareid	2
morgon	ekstra bussar	Sande/ØV	1
morgon	reduuerte bussar	Herøy	-1
morgon	reduuerte bussar	Sande	-1

Samla vert auka behov på 5 bussar i dimensjonerande time.

Kostnadsauke pr år i høve til dagens situasjon

Med utgangspunkt i dagens skyssopplegg, dagens timeplanar, så vil ein ved å samordne skulane ytre og indre kome med slike tal:

Alternativ samlokalisitet ytre

1A. Lokalisitet Herøy

tal bussar	5	400 000	2000000	2 000 000
km buss	360	190	68400	1 026 000
timar	18	190	3420	1 005 480
delt skift	4	190	760	223 440
			Sum kostnadsauke	4 254 920

Alternativ samlokalisitet ytre

1B. Lokalisitet Ulstein

tal bussar	3	400 000	1200000	1 200 000
km buss	180	190	34200	513 000
timar	12	190	2280	670 320
delt skift	3	190	570	167 580
			Sum kostnadsauke	2 550 900

Alternativ samlokalisitet indre**2A. Lokalisitet Volda**

tal bussar	4	400 000	1600000	1 600 000
km buss	150	190	28500	427 500
timar	16	190	3040	893 760
delt skift	4	190	760	223 440
			Sum kostnadsauke	3 144 700

Alternativ samlokalisitet indre**2B. lokalisitet Ørsta**

tal bussar	5	400 000	2000000	2 000 000
km buss	180	190	34200	513 000
timar	20	190	3800	1 117 200
delt skift	5	190	950	279 300
			Sum kostnadsauke	3 909 500

Avstandar og driftsopplegg viser at ei ytre samlokalisering på Herøy er klart dyrast. I indre er differansane mindre, til tross for at ein skole i Ørsta vil bety at langt fleire må skyssast.

Elevane dette skoleåret bur slik i høve til skole. Dette oppsettet ligg til grunn for estimering av skoleskyssen i dei ulike alternativa

Herøy vgs		Ørsta vgs	
Vanylven	3	Vanylven	9
Sande	14	Sande	1
Herøy	130	Herøy	6
Ulstein	37	Ulstein	13
Hareid	38	Hareid	4
Volda	5	Volda	103
Ørsta	6	Ørsta	131
Ulstein vgs		Volda vgs	
Vanylven	27	Vanylven	35
Sande	48	Sande	3
Herøy	144	Herøy	25
Ulstein	195	Ulstein	10
Hareid	85	Hareid	1
Volda	11	Volda	229
Ørsta	13	Ørsta	197

Kostnader og merknader ved dei ulike alternativa

1A. Dagens skolestruktur

Med grunnlag i tilgjengeleg informasjon som vil ein ikkje få meirkostnader med dagens skolestruktur. Dersom det vert flytting av enkelte linjer mellom skulane kan dette bety endra skyssbehov. Kapasiteten er i dag sprengt frå Ørsta/Volda retning Ulstein/Herøy, medan det er kapasitet til fleire andre vegen.

2A. 1 skole ytre og 1 skole indre.

Her vil ein ha 4 ulike alternativ som gir ulike auke i kostnader pr år opp mot dagens:

			totalsum
Ørsta/Herøy	3 909 500	4 254 920	8 164 420
Ørsta/Ulstein	3 909 500	2 550 900	6 460 400
Volda/Herøy	3 144 700	4 254 920	7 399 620
Volda/Ulstein	3 144 700	2 550 900	5 695 600

2B. 2 skular ytre og 1 skole indre

Her er det 2 alternativ som gir følgjande auka årlege kostnader utifrå ulike lokalitetar.

1	Ørsta	3 909 500
2	Volda	3 144 700

Auka kostnader kjem av fleire bussar då alle skal i same retning, og ein ikkje kan nytte bussane til fleire skular samstundes.

2C. 2 skular ytre og 1 skole indre, tilbod Ørsta vgs delt utover på dei andre skulane ref oppsett

Ørsta vedk spreidd utover ref oppsett – årleg auka kostnad:

tal bussar	7	400 000	2 800 000	2 800 000
km buss	960	190	182 400	2 736 000
Timar	28	190	5 320	1 564 080
delt skift	7	190	1 330	391 020
			sum	7 491 100

Her vil Herøy vgs auke med 240 elevar, der ein må forutsette at mesteparten kjem frå Ørsta/Volda. Dagens kapasitet er sprengt, så her må ein inn med 5 ekstra bussar. Kapasiteten er sprengt i retning Ulstein, slik at 80 elevar betyr 2 ekstra bussar. Elever til Volda vil ein klare på dagens kapasitet

2D. 2 skular indre og 1 skole ytre

Her er det 2 alternativ alt etter lokalitet. Årleg auka kostnader.

1	Herøy	4 254 920
2	Ulstein	2 550 900

Auka kostnader er fleire bussar då alle skal i same retning og ein ikkje kan nytte bussane til fleire skular samstundes.

3A. Felles skole yrkesfag

Her er det 2 alternativ med dagens lokalitetar – årleg auka kostnader i høve til dagens:

Alternativ 3 skole ytre: 3A lokalitet Herøy

tal bussar	5	400 000	2 000 000	2 000 000
km buss	720	190	136 800	2 052 000
timar	20	190	3 800	1 117 200
delt skift	5	190	950	279 300
			Sum	5 448 500

Alternativ 3 skole indre: 3B lokalitet Ørsta

tal bussar	3	400 000	1 200 000	1 200 000
km buss	480	190	91 200	1 368 000
timar	12	190	2 280	670 320
delt skift	3	190	570	167 580
			Sum	3405900

Tidsbruk knytt til avstandar og anna skoleskyss, gjer at ein får store kostnader til tross for at det er yreksfag. I ytre kan ein spare ein buss Ulsteinvik-Herøy ved å flytte til Ørsta. I Ørsta/Volda er alle budne opp på skyssen til Volda vgs.

4. Stor felles skole

Dette er ikkje reknar på. Kvar ein slik skole skal vere er avgjerande i høve til kostnader. Ulstein eller Volda gir minst kostnader. Furene eller Myrvåg, der alle må ha skyss, er dyrast.

Oppsummering

Samla oppstilling som viser årleg auke av kostnader i høve til dagens skolestruktur

ALT	LOKALITET/ALTERNATIV	SUM PR ÅR	MERKNAD
1	Dagens	0	kostnad i 2013 kroner
2A1	Ørsta/Herøy	8 164 420	kostnad i 2013 kroner
2A2	Ørsta/Ulstein	6 460 400	kostnad i 2013 kroner
2A3	Volda/Herøy	7 399 620	kostnad i 2013 kroner
2A4	Volda/Ulstein	5 695 600	kostnad i 2013 kroner
2B1	Ørsta	3 909 500	kostnad i 2013 kroner
2B2	Volda	3 144 700	kostnad i 2013 kroner
2C	Flytte Ørsta	7 491 100	kostnad i 2013 kroner
2D1	Herøy	4 254 920	kostnad i 2013 kroner
2D2	Ulstein	2 550 900	kostnad i 2013 kroner
3A1	Herøy	5 448 500	kostnad i 2013 kroner
3A2	Ørsta	3 405 900	kostnad i 2013 kroner

Følgjande føresetnad ligg til grunn for kostnadsberekning på dei ulike alternativa:

- Dagens produksjon
- Dagens driftsopplegg, merk at endringar i høve til Garnes er med
- Dagens timeplanar
- 2013 pris

Det vert fleire bussar i drift pga manglande utnyttingsgrad for å skyss begge vegar, td Ørsta-Volda. Avstander vanskeleggjere dette ytterlegare.

Det er ikkje teke omsyn til tidlegare skyss frå skulane (fleksibel skoleskyss). Skyss samstundes med grunnskolen vil kunne auke behovet for køyretøy ytterlegare. Medan ein enkelte stader vil nytte dei ekstra bussane til det same. Med utgangspunkt i tilgjengeleg informasjonen i saka, så kan ein ikkje talfeste denne kostnaden. Vidare så kan ein ikkje gjere dette i denne regionen og ikke i resten av fylket. Totalkostnad ved å ved å gjere dette i heile fylket betyr ei monaleg auke.

Vidaregåande skolar og tettstadsutvikling

Det har undervegs i prosessen vore vurdert om ein skulle sjå på nye tomtealternativ med ei meir geografisk sentral plassering i regionen. Arne Dag Gjerde ved Regional og næringsavdelinga trekkjer fram ein del argument og kriterier som talar for meir sentrumsnær plassering:

- *I en tidligere veileder for utbygging av skoleanlegg fra Utdanningsdirektoratet, var skolen som samfunnsinstitusjon spesielt løftet fram. Dette må vektlegges også ved skolen si plassering ift byplan/senterplan iflg veilederen. Historisk var dette også et viktig moment ved datidas byplanlegging: «kunnskap skal styra rike og land». Skolen skal sikres en sentral plassering i byens/stedets sentrum.*
- *Rent praktisk er det også flere sider som er viktig ved vurdering av skolen si plassering sentralt eller perifert. Ei sentral plassering gir mulighet for at ulike funksjoner kan nytte felles areal og slik være samfunnsøkonomisk gunstig. Dette gjelder areal til kollektivtrafikk, grøntareal/parker, bibliotek, møterom, konsertrom mfl.*
- *Siden ulike kontor/næringsareal vanligvis ligger sentralt plassert, vil skolen si samhandling med disse være enklere ved sentral plassering av skolen.*
- *Andre offentlige tjenester som elever/tilsatte i ulike sammenhenger har bruk for: tannlege/lege/politi/kommunale kontorer vil også være lettere å gjøre bruk av ved sentral plassering av skolen.*
- *Den fortetting som skjer i norske byer og tettsteder nå, vil også gjøre transportbehovet mindre for elever/lærere ved ei slik plassering.*
- *Fagrådet for bærekraftig bypolitikk som den 16. 12 2014 avleverte sin sluttrapport til regjeringa, argumenterer også for sentral plassering av ulike offentlige institusjoner for å redusere transportbehovet.*

ALTERNATIV FOR FRAMTIDIG SKOLESTRUKTUR

Generelt

Eiksundregionen er ein region som generelt er prega av stor optimisme både i høve til folketalsvekst og utvikling på arbeidsmarknaden. I prognosane, er regionen forventa å ha ein større prosentvis folketalsvekst enn både Molde- og Kristiansundsregionen.

Regionen har i dag to tydelege tyngdepunkt i Indre og Ytre. Dette kjem og til uttrykk i dagens skolestruktur. I indre delar av regionen utfyller Volda vgs og Ørsta vgs kvarandre med dei fleste yrkesfaga lagt til Ørsta, og studieforbereadande tilbod i Volda. Vi finn om lag den same strukturen i Ytre, der Herøy vgs har eit yrkesfagleg tilbod med stor bredde, medan Ulstein vgs i hovudsak tilbyr studieførebuande program. Sjølv om det er god bredde på tilboda både i indre og ytre del av regionen, er det ikkje tilbod om alle studieprogram. *Musikk, dans og drama, medium og kommunikasjon og design og handverk* finn du, med dagens struktur, berre i indre ved Volda og Ørsta

vgs, og *idrettsfag* og *naturbruk* berre i Ytre ved Ulstein og Herøy vgs. Vi har og fleire studieprogram som det i dag vert gjeve tilbod om både i Ytre og Indre som har så svak søknad at ein må vurdere å samle tilbodet ved ein av skulane. Dette gjeld *Service og Samferdsel*, *Bygg- og anleggsteknikk* og *Restaurant- og matfag*.

Fylkesplansjefen argumenterer i sine analysar for at når Eiksundsambandet får verke nokre år til, er det grunn til å tru at regionen vil utvikle seg til *ein* samla bu- og arbeidsmarknadsregion. Sjølv om det ligg store utfordringar i kollektivtrafikktilbod og endra reisemønster for vidaregåande elevane, har vi valt å problematisere nokre alternativ for framtidig skolestruktur som kanskje verkar lite realistiske i dag, men som ikkje er så utenkelege i eit 30-40 års perspektiv der regionen har utvikla seg vidare i den retninga vi ser teikn til no, med betre infrastruktur, auka pendling til nabokommunar, auka samarbeid mellom kommunane og mulege kommunesamanslåingar. Nokre av alternativa kan vere aktuelle på kort sikt på grunn av at delar av bygningsmassen er i så dårleg forfatning at det uansett er behov for å bygge nytt og ny lokalisering kan vurderast. Medan andre alternativ er meir langsiktige, men kan vere nyttige å ha vurdert for å unngå feil val i høve til dei tiltaka vi må gjere på kort sikt.

I dei alternativa som er skisserte nedanfor har vi valt å ikkje trekke inn vurderingar av flytting/samanslåing av utdanningsområder i høve til dagens struktur, men å heller vurdere dette i eit eige kapittel. Dette for å unngå alt for mange undervariantar av same alternativ. Etter høyringsrunde 1, vil vi konsentrere oss om dei alternativa som det er mest realistisk å gjennomføre på kort sikt og forslå eventuelt ny fordeling av utdanningsprogram på bakgrunn av høyringa.

Herøy vgs, avdeling Vanylven har vi valt å oppretthalde i alle alternativa. Avdelinga har for tida god og stabil søknad, men har dårlige prognoser for framtidig elevtal. Dersom heile, eller deler av avdelinga skulle bli lagt ned på grunn av for lavt elevtal, vil elevane truleg fordele seg på fleire skolar og ikkje utløyse ekstra arealbehov. Avdelinga held til i leigde lokale og er såleis ikkje med i arealvurderingane.

Alternativ for framtidig skolestruktur

Alternativ 1 – Dagens struktur

Alternativ 1 er i all hovudsak ei vidareføring av den strukturen som ligg inne i gjeldande skolebruksplan, med eit noko høgare elevtal for å kompensere for forventa elevtalsauke fram mot 2040.

Oversikt: Skolar – Utdanningsprogram – Elevantal


Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
Herøy vgs				312
	Påbygging	1	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	RM	2	30	
	TPO		12	
Herøy vgs - Vanylven				62
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	
Ulstein vgs				604
	Studiespesialisering	11	270	
	Påbygging	1	30	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	3	45	
	Service og samferdsel	3	45	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		10	
Volda vgs				606
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	2	30	
	TPO		6	
Ørsta vgs				355
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	5	75	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Restaurant- og matfag	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	TPO		10	

Herøy vgs - Arkitektvurdering - Tomt, areal, tiltak osv



Adresse : Lisjebøvegen 4, 6091 Fosnavåg





Tomt /Regulering :

Skoleområdet er samansett av ei mengd ulike småtomter.


Gnr/Bnr	Areal	Eier	Reguleringsformål / bruksnamn
37/335	21 807 *)	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Vidaregåande skole
37/423	1 144		skole
37/218	1 057		skole
29/315	1 875		skole
37/318	650	fra Herøy kommune	

25.06 2013 blei det gjort ein avtale mellom Herøy kommune og Møre og Romsdal Fylkeskommune om omfordeling av tomtegrunn til ny regulert veg/avkjøring til Sunnmørsbadet og ny tilkomst/busslomme til Herøy vgs. Her er store deler (-8,8da *) av eksisterande hovedtomt gnr 37 bnr 335 (21,8da) regulert bort til veg- og parkeringsformål mot syd, for å gi plass til ny rundkjøring og tunnel, samt avkjøring og parkering til Sunnmørsbadet.

I reguleringsplan Campus Fosnavåg er det regulert inn eit tomteareal på 20,0 da i område O1 til vidaregåande skoleformål. I tillegg er det 3,3da over tunnelen som er regulert til skole. Godkjent utnytting i % BRA = 1. Dvs at ein kan bygge 20.000m2 bruksareal (BRA) inkludert arealet av overflateparkering og overdekkte kalde uteareal.. Reguleringsplanen gjer det vanskelegare å utvide f.eks eksisterande verkstadhallbygg. Mot aust og nord er det 6-7 småtomter som er regulert inn i O1 til vidaregåande skoleformål. Bl.a. låven på 37/29 mot nord og einebustad på 29/73 mot aust.

Trafikk/ Buss/Parkering / Sykkel/Gangveg :

Dei trafikale tilhøva ved skolen er i dag litt "fritt fram", med ein bratt uoversiktleg ikkje trafikksparert smal tilkomst via Lisjebøvegen. Spesielt er tilkomsten og snutilhøva for skolebussar dårleg tilrettelagt. Det blir derfor viktig å etablerer gode løysingar for busslomme og avstigingsplass som fører fram til skolen utan kryssande biltrafikk. Behov for busslommer for 6 bussar. Nokre elevar kjem også med ordinær rutebuss som stoppar ved kyrkja. Parkeringssamarbeid med ny parkeringsplass ved Sunnmørsbadet. Her er det planlagt rundkjøring med oppstillingsplass for 3 busser utanfor Sunnmørsbadet. Vi foreslår ein ny bussoppstillingsplass for 6 bussar heilt aust på tomta, noe som krev at einebustaden som står der rives.



Eksisterande bygningsmasse:

Bygningane har grodd fram frå 1952 til 2009, og består av ei samanbygt z-forma bygningsmasse av Gamlebygget, mellombygget, administrasjonsbygget, verkstadbygget og heistilbygget. Rundt denne kjernen ligg resterande frittliggande bygg som paviljong 1, paviljong 2, Olavshallen (motorverkstad), gass/jernlager, Plasthall, miljøstasjon/garasje og modulbygg 5, som er samanbygt med leskuret inn mot den z-forma samanhengande bygningsmassen.

Bygningane ligg i ulike høgder i terrenget, og har ulik etasjehøgder / halvplanløysingar, som gjev lite oversiktlege og trange innvendige trafikkareal. Det kan vere vanskeleg å orientere seg i bygningane.

Arkitektonisk har bygningane ulike stilar og framstår lett kaotisk, utan ein klar og lett synleg hovudinngang. Bygningane er svært nøkterne, men godt vedlikehaldne.

Funksjonsmessig har bygningane lave etasjehøgder, som ikkje eignar seg godt til f.eks. tunge yrkesfag. Verkstadbygget har f.eks. brutto etasjehøgde på kun 3,7m. Elles ligg brutto etasjehøgda i Gamlebygget på 3,5m, i administrasjonsbygget på 3,4m og 3,35m. Olavshallen og plasthallen er dei einaste eksisterande lokala som i dag har god takhøgde. Det vil derfor vere avgjerande å få til tenlege verkstadlokaler for BA og TP med betre takhøgder.

Energi :

Det føreligg ikkje tall over driftskostander og energiforbruk pr.m2. Bygga er ikkje energimerka. Det blir arbeidd med planer for energiomlegging frå el/olje? til bergvarmepumpe.

Vurdering av eksisterande areal opp mot FEF modellen.

Påbygging. 1 klasse a 30 elevar. Held til i Gamlebygget.

BA. 2 klasser. Held i dag til i plasthallen, med elevgarderobar i garasje/miljøstasjonsbygget. Begge desse er foreslått tatt ut av bruk, og vi foreslår ny verkstadhall for BA med tilhøyrande lærararbeidsplasser og teorirom. Nybyggbehov 742m² NTA / 1000m² BTA. Vi har foreslått dette i nybygg, saman med TP for fleksibel/elastisk bruk av verkstadhallar i framtida. Eit anna alternativ kan vere å bygge BA arealet i direkte forlenging av verkstadbygget mot vest . Fordelen med dette er at ein slepp å vente på at ein skal bygge TPO ferdig først, for så å bygge BA/TP. Ved denne plasseringa kan ein bygge BA samtidig med TPO. Ulempa med det er varelevering til BA, som gjer at ein må mikse gåande og køyrande trafikk mot syd. I hovudalternativet vårt har vi varelevering på nordsida, medan sydsida, med unntak av tilkomst til ny hovudinngang er bilfri frå ny busslomme til inngang utan kryssande biltrafikk.

HO. 4 klasser Held i dag til i øvre etasjar i Gamlebygget. Har omlag same arealet som i FEF modellen.

NA. 2 klasser som i dag held til i paviljongbygg 1. Foreslått plassert i utvida Gamlebygg. Ynskjer seg naust. Nybyggbehov: 96m² NTA/ 130m² BTA.

TP. 8 klasser. Held i dag til i verkstadbygget (Vg1 TP og Vg2 industriteknologi), og i paviljongbygg 2 (259m²NTA), samt Olavshallen (176m²NTA) (Vg2 maritime fag). Etter rivinga av paviljong 2 og Olavshallen manglar TP ca 800m², som enten kan byggast til eksisterande verkstadhall, eller byggast som nye lokalar saman med ny BA hall. Den nye vegreguleringa gjer det trangt å utvide eksisterande verkstadbygg. Om ein vil realisere ei heilt ny TP avdeling er denne dimensjonert til 1766m² NTA/2384m²BTA. Av dette bør dei 2 Vg1 hallane ha minst 5m takhøgde. (450m²).Det same bør Vg2 maritime fag sin hall ha.(180m²) Vg2 industriteknologi sin verkstad (180m²) kan klare seg med normal etasjehøgde.

RM. 2 klasser. Held til i toppen av administrasjonsbygget og burde vore flytta meir synleg ned på bakkeplan i nærleik til ny hovudinngang, kantine og vestibyle.

TPO. 12 elever som i dag er i modulbygg 5. Foreslått flytta til 1.etasje i utvida Gamlebygg. Dette for å kunne bygge nye verkstadhaller for BA/TP. På denne måten blir TP integrert i skolen, men har god tilkomst med bil på nordsida av bygget, med solrike uteplassar mot syd.

Lærararbeidsplassar. Plasserast ut i dei ulike fagareala.

A.Realfag. Har idag 1 rom i Gamlebygget. Behov for eitt rom til ihht FEF modellen.

A.Auditorium. Har idag eit fint auditorium i sokkelen på administrasjonsbygget. Beholdes.

C.Administrasjon / Merkantil / personalrom. Ligg i dag på plan 1 i administrasjonsbygget. Vi har i dette alternative halde på plasseringa i dag, men foreslått nytt personalrom. I andre forslag har vi flytta administrasjonen nærare ny hovedinngang/glassgate (plan 2 verkstedbygg).

D.Bibliotek. Har så vidt vi veit ikkje bibliotek idag ? Nytt bibliotek ihht FEF modellen plassert sentralt

D.Kantine. Ligg idag i sokkelen på administrasjonsbygget. Foreslått flytta ut i ny glassgate. Eksisterande kantine er lita i høve FEF modell (-137m²), og blir foreslått utvida.A. Om ein ynskjer å halde på eksisterande plassering, kan kantina også utvidast i mellomrommet mot ny BA hall.

D.Elevtenester. Ihht FEF modell

E1.IKT / Reinhold / Drift Utvida Ihht FEF modell.

E1.Reinhold

E1.Drift

E1.Avfall / Varemottak. Ny miljøstasjon må integrerast i nybygg BA/TP

E2.Tekniske rom

F2.Trafikkareal. Dette er uoversiktlig og smalt ved skolen i dag. I forhold til FEF modellen er dagens trafikkareal ca. 300m² mindre enn det som er vanleg i modellen.

Kroppsøving. Foregår i leigde lokaler med god kapasitet. Sunnmørsbadet snart ferdig.

Ynskjer seg elektrofag og TP/TAF frå Ulstein. Lokalsamfunnet har behov for teknisk teikning med hovudvekt på skipsteikning.

Tiltak Bygningsmatrise :

Bygning	År	Eksist. areal	Rives	Nybygg	Sum	Kommentar
Gamlebygget	1952	1135				
Mellombygget	1969	420				
Administrasjonsbygget	1969	998				
Verkstedbygget	1969	1159				
Paviljong 1	1984	637	-637			
Gass / jernlager	1985	35	-35			
Leskur / arbeidsrom	1990	260				
Paviljong 2	1993	700	-700			
Olavshallen	1995	191	-191			
Modulbygg 5	2005	575	-575			
Tilbygg heis	2007	76				
Plasthall	2007	200	-200			
Garasje / Miljøstasjon	2009	156	-156			
SUM		6452	-2754		3788	
Nye lokaler TPO				470		FEF. Nybygg 100% etter riving av modulbygg 5
Nye lokaler NA				130		FEF.Nybygg 100% etter riving av paviljong 1
Nye lokaler TP				1300		Behov nybygg ca.55% etter riving av paviljong 2 og Olavshall
Nye lokaler BA				1000		Behov nybygg 100% etter riving av plasthall og garderobe/garasjebygg
utvidelse realfag				80		
utvidelse bibliotek				140		
Areal etter riving		3788		3120	6908	Minimumsvariant
FEF-modell	7519	-3788		3731		Teoretisk nybyggbehov FEF
Avvik				611		(7519m2-6908m2)
Skissert nybygg				4933	8721	Maksimumsvariant
Avvik nybygg-FEF				1202		(8721m2 -7519m2)

Alternative utbyggingsretninger.

1. Behalde og utvide eksisterende TP bygg / Nybygg BA:

Om ein ser vekk frå at eksisterande bygg kun har etasjehøgde på 3,7m, så kan ein vurdere å bygge på dei manglande 800m2 på ei eller begge (aust og vest) sidene av eksisterande bygg. Om dette er verkstadhallar over 2 etasjar vil ein kunne bygge inn hemsar på høgde 3,7m, med direkte internttrapp i hallen ned frå eksisterande plan 1 til plan 0. Eksisterande bygg er ca. 20m breidt og ei utviding med 800m2 er så stort areal at ein må legge ein hall på kvar side. Gjev særst trang vareleveringstilkomst pga ny vegregulering.

2. Bygge heilt ny TP/BA avdeling mot nord, transformere om eksisterande verkstadbygg til ein kombinasjon av RM, kantine, bibliotek, elevtenester etc. eventuelt utvide administrasjonen på plan 1. Forslaget krev at TPO blir flytta inn i nye permanente lokaler først.

Kostnader:


	M2	Kr/m2	sum	Kommentar
Riving	503	xx	xxx	
Nybygg	0	36000	0	
Ombygging	500	20000	10 000 000	
Utomhus	xx		??	Ny busslomme kommuna ?
SUM			xxxx	

Volda vgs - Arkitektvurdering – Tomt, areal, tiltak osv



Adresse : Vevendelvegen 35 6100 VOLDA - I dag ca. 600 elever og 100 tilsette (70 årsverk)





Tomt /Regulering :

Gnr/Bnr	Areal	Eigar	kommentar
18/78	14.901	MRFK	Gymnastomt (vevendelvegen 33 og 35)
18/17	5 808	MRFK?	Grusbana (Leikvang)
18/205	2 670	Volda kommune ?	Idrettshalltomta
18/213	2 145	Volda kommune ?	Mellom Voldahallen og handelsskolen
18/112	5 278	MRFK?	Handelsskolen (Nestebøen)
18/206	1 352	Volda kommune	Parkering Voldahallen (Løetomta)
SUM			

Reguleringsplanen er frå 2.11 1966 utan bestemmelser med plannamn Engeset.(18/78),

Trafikk/ Buss/Parkering / Sykkel/Gangveg :

Dei trafikale tilhøva ved skolen er i dag relativt greie med etablerte busslommer på hovudvegen nord for skolen. Parkering skjer hovudsakleg på 5 ulike stader. Studentane parkerer på grusbana (Steinrøysa) vest for skolen. Dei tilsette parkerer delvis på skolegarden, ved hovudvegen, ved Voldahallen, ved handelsskolen og syd for vaktmeisterbustaden.

Eksisterande bygningsmasse:

Bygningane har grodd fram frå 1962 til 2011, og består av gymnaset (1962), vaktmeisterbustaden (1963), handelsskolen (1986) og musikkbinge (2011).

Handelsskolen og vaktmeisterbustaden ligg lågare i terrenget syd for gymnaset . Visuelt er Voldahallen dominerande og stenger mellom gymnaset og handelsskolen.

Arkitektonisk framstår Gymnaset som eit relativt staseleg skolebygg med arkitektoniske kvalitetar. Bygningsmassen er godt vedlikehalden. Brukarane ynskjer å få samla alle utdanningsprogramma under eitt tak, og opplever det som tungvindt å ha undervisning i handelsskolebygget, der elevane kjenner seg isolerte og føler at dei ikkje "høyrer til" skolen.

Energi :

Det føreligg ikkje tall over driftskostander og energiforbruk pr.m2. Bygga er ikkje energimerka. Varmepumpe?

Vurdering av eksisterande areal opp mot FEF modellen.

Studiespesialisering. 12.klasser. Held til i gymnasbygget. Små klasserom (55m2)

Påbygging. 1 klasse. Held til i gymnasbygget.

Musikk, dans og drama. 3.klasser. Held til i handelsskolen som har dårleg ventilasjon og dårleg lydisolasjon/demping mot naborom. Ikkje godt eigna til bruken. 2 musikkbingar for elektroforsterka musikk står fritt ute på skolegarden. Bør få nye undervisningslokale i bygningar som er bygt til musikkformål, med skikkelge lydskiller.

Medium og kommunikasjon. 3 klasser. Held til i handelsskolen og har " reserve verkstadareal" i tilfluktsrom i gymnaset.

Service og samferdsel.2 klasser. Held til i gymnasbygget.

TPO. 6 elevar. Held til i gymnasbygget, med eit klasserom i handelsskolebygget (?).

Realfag. Ligg i gymnasbygget. På nivå med FEF modellen.

Auditorium. Ligg i gymnasbygget. På nivå med FEF modellen.

Administrasjon / Merkantil / personalrom. Det er ynskje frå brukarane om eit nytt spesielt lydisolert kontor til hørselshemma tilsett i administrasjonen. Dette kan enkelt byggast som ei forlenging av administrasjonen inn i biblioteket, som er stort og flott.

Lærararbeidsplassar: Framstår nyoppussa og standsmessige

Bibliotek. Skolen har det klart flottaste, lysaste og trivelegaste biblioteket av dei 4 skulane. Utsikta er formidabel. 70-80m2 større enn FEF.

Kantine : Ligg i dag i sambruk med vestibylen, men er klart mindre enn FEF modellens arealbehov. Kan sambrukast som vrimelareal til eksisterande personalrom og aula.

Elevtenester.

IKT / Reinhold / Drift

Avfall / Varemottak

Tekniske rom

Kroppsøving. Foregår i Voldahallen som vel har sett sine beste dagar. Hallen framstår som eit stort volum utan særlege arkitektoniske kvalitetar.

Skolegard / Uteareal.

Tiltak Bygningsmatrise Alt.1A:

Bygning	År	Eksist.areal	Rives/utgår	Nybygg	Sum	Kommentar
Gymnaset	1962	7346				
Vaktmeisterbustad	1963	183	-183			
Handelsskolen	1986	1560	-1560			
Musikkbinge	2011	30				
SUM		9123	-1747		7376	Gjenstående
Nye MK og personalrom				660		
Nytt MDD				923		
Ny delsum				1583	7376	
Totalt					8959	
FEF-modell		6896				
Teoretisk nybyggbehov				0		Trafikkarealet i eksist.skolebygg er ca. 1000m2 større enn FEF
Skissert nybygg				1583		
Avvik totalt				2063		8959-6896(FEF)

Kostnader :

	M2	Kr/m2	sum	Kommentar
Riving	1747	0	0	inngår i sal
Nybygg	1583	36000	56 988 000	
Ombygging	xx			
Sal handelsskoleomt	5278	xx	??	må sjekkast
Utomhus	xx			
SUM			57 000 000	

Logistikkvurdering :

1. Utvidelse av Gamlebygget i breidda for å få erstatningslokaler for modulbygg 5. Innflytting TPO,NA, utvidelse av HO og realfag.
2. Nybygg for BA og TP øst for administrasjonsbygget, med glassgård mot verkstedbygget. Innflytting TP,BA
3. Ombygging verkstedbygget til kantine, RM, utvida administrasjon, elevtenester, bibliotek.

Varetransport/biltrafikk til BA,TP frå nord. Buss/gangtrafikk frå sør.

Kostnader Alt 1A.1: Utvidelse eksisterande verkstadbygg TP. Nybygg TP 800+BA 1000 + TPO/HO 700 + utvida vestibyle/kantine 600. Sum 3100m2. Ombygging 2700m2

	m2	kr/m2	sum	Kommentar
Riving	2754			
Nybygg	3120	36 000	112 320 000	
Ombygging	2700	20 000	54 000 000	
Utomhus			???	Busslomme
SUM			166 300 000	

Kostnader Alt 1A.2: Som 1A1, men med større nybygg kantine/vrimleareal

	m2	kr/m2	sum	Kommentar
Riving	2754			
Nybygg	3700	36 000	133 200 000	
Ombygging	3000	20 000	60 000 000	
Utomhus			???	Busslomme
SUM			193 200 000	

Kostnader Alt 1A.3: Nybygg TP + BA + TPO/HO + ny vestibyle/inngang/kantine


	m2	kr/m2	sum	Kommentar
Riving	2754			
Nybygg	4900	36 000	176 400 000	
Ombygging	2500	20 000	50 000 000	
Utomhus			???	Busslomme
SUM			226 400 000	

Ulstein vgs - Arkitektvurdering - Tomt, areal, tiltak osv



Adresse : Halsekerdalen 180 6065 ULSTEINVIK





Tomt /Regulering :

Gnr/Bnr	Areal	Eier	Reguleringsformål
10/244	25 198	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Skole
10/199	16 741	??	Skoleutvidelse (Holstun aust B)
10/132	55 859	Ulstein kommune ?	Ulsteinhallen / idrett (Holstun aust)

I gjeldande reguleringsplan er 10/244 og 10/199 regulert til skoleformål, og 10/132 til idrett.

Trafikk/ Buss/Parkering / Sykkel/Gangveg :

Dei trafikale tilhøva ved skolen er i dag kaotiske med trafikkfarlig blanding av store bussar, parkerte bilar og myldring av elevar. I dag køyrer 7-8 bussar opp til parkeringa. Dette haster det svært med å få gjort noko med, før det oppstår ulykker. Det er i godkjent reguleringsplan vist ny busslomme med oppstilling av 5 bussar samtidig. I godkjent reguleringsplan er det vist eit toplanskryss under Rv 61 (Hareidsvegen) via ei ny rundkjøring sydaust for skolen ved eksisterande parkering. I fylgje kommunen, vil denne trafikkløysinga bli erstatta av ei ny rundkjøring på Rv 61

Eksisterande bygningsmasse:

Bygningane har grodd fram frå 1977 til 2002, og består av byggetrinn 1 (1977), paviljongen (1981) og byggetrinn 2 (2002).

Bygningane ligg i ulike høgder i terrenget, og har ulike etasjehøgder /halvplanløyningar, som gjev lite oversiktlege og tronge innvendige trafikkareal. Det kan vere vanskeleg å orientere seg i bygningane.

Arkitektonisk framstår bygningane som 2 ulike anlegg med ulike takvinklar og ulik material- og fargebruk. Mellomrommet mellom dei er arkitektonisk utforma som ein hovudinngang, men fører berre inn i eit trangt gang/trappesystem. Tydeleggjering av ein klar hovudinngang har forbettringspotensiale. Bygningane framstår som godt vedlikehaldne, og gjev eit tiltalende inntrykk. Særleg har innvendig atrium fine kvalitetar.

Energi :

Det føreligg ikkje tal over driftskostander og energiforbruk pr.m². Bygga er ikkje energimerka. Varmepumpe ? Vindauge på nordsida frå 1977. Det vil ha stor energigevinst å skifte disse.

Vurdering av eksisterande areal opp mot FEF modellen.

Studiespesialisering. 11 klassar. Har relativt små klasserom(60m²), som blir nytta fleksibelt med påbygging, idrettsfag og service og samferdsel. Skolen har få og dårleg plasserte grupperom.

Påbygging. 1 klasse.

Idrettsfag. 6 klasser. Får 6 nye klasserom, 5 grupperom og 13 lærararbeidsplassar i Ulsteinhallen.

Elektrofag. 3 klasser. Har kapasitet til framtidig 5 klasser. Kunne tenke seg å skille teori og verkstadarealet i elektrofag for auka total flekibilitet på teoriromma.

Service og samferdsel. 3klasser. Har relativt små klasserom, som blir nytta fleksibelt med påbygging, idrettsfag og service og samferdsel.

TIP/TAF. 2 klasser.

TPO. Dimensjonert for 10 elevar. Mangler ca. 60m² for å oppfylle FEF modellen. Har eit akuttproblem for ny utagerande elev frå komande haust, som treng eige rom. Har 2 velfungerande elevar som nyttar rullestol.

Realfag. Har 30m² over FEF modellen. Ingen endring.

Auditorium. Brukarane ynskjer seg eitt stort auditorium som erstatning for det flate aula/biblioteket som i dag rommar inntil 200 personar. Skolen manglar kun 30m² på auditorieareal i høve FEF modellen. Eit ekstra auditorium for å samle for eksempel eit årstrinn SP + lærarar (90+4) kan vurderast.

Administrasjon / Merkantil / personalrom. Det er ynskje frå brukarane om meir plass til merkantilt, gjerne eit eige møterom i administrasjonen.

Lærararbeidsplassar: Oppfyller ikkje arbeidstilsynet sine krav til 6m² pr. arbeidsplass.

Lærararbeidsplassane til idrettsfag blir flytta over til Ulsteinhallen når denne er ferdig bygt. (13 av 14 plassar). Vi foreslår 5 nye plasser i arbeidsrom i biblioteket, saman med 1 nytt gruppe-/møterom.

Bibliotek. Det er sterke brukarønsker om eit bibliotek skilt frå aulaen. I dag har ein store lydproblem med denne sambruken. Biblioteket framstår ikkje tidsmessig i høve ein så stor studiespesialiserande skole. I FEF modellen er biblioteket dimensjonert til 201,6m², medan "aulaen" er 286m² + 12m² bibliotekskontor. Dette rommet bør nyttast til eit skikkeleg tidsmessig møblert bibliotek (202m² i FEF modellen). Resterande areal mot vest nyttar vi til lærararbeidsrom (5 stk), ekstra gruppe/møterom og skikkeleg lydisolert kontor til bibliotekar.

Kantine : Pr. dato er det oppgraderingsplaner for kjøkkenet. Bl.a. betre hygiene med eige wc kjøkkenpersonalet der det i dag er lager. Ny frittstående buffé for å få ned køane. Eksisterande kantine er vesentleg mindre enn FEF modellen, men mogleg sambruk med atriumsrommet/vestibyle gjer at vi ikkje ser utviding av denne som høgaktuell i dette alternativet.

Elevtenester.

IKT

Reinhald

Drift

Avfall / Varemottak

Tekniske rom. Skolen klagar på eksoslekkasje inn i inntaksrista. Dette vil truleg betre seg når ein får opparbeida parkeringsplassar og busslomme ihht reguleringsplanen lenger frå inntaket.

Kroppsøving. Vil få fantastiske forhold når den nye Ulsteinhallen opnar.

Skolegard / Uteareal.

Skolen etterlyser meir fantasifulle uterom for elevane.

Tiltak Bygningsmatrise:


Bygning	År	Eksist. areal	Rives	Nybygg	Kommentar
Byggetrinn 1	1977	3609			
Paviljongen	1981	503	-503		
Byggetrinn 2	2002	2272			
Ulsteinhallen	2014	609			Vi reknar desse som ferdige
SUM		6993	-503		
Areal etter riving		6490			
FEF-modell		6930			
Teoretisk nybyggbehov				440	Fortetting/sambruk
Skissert nybygg				0	
Avvik				-440	(0-440)

Ørsta vgs - Arkitektvurdering - Tomt, areal, tiltak osv



Adresse : Holmegata 14 6153 Ørsta – I dag: 320 elever – 82 tilsette





Tomt /Regulering :

Gnr/Bnr	Areal	Eier	Kommentar
15/225	1 200		Bygg A festegrunn
15/387	6 688		Bygg B og C festegrunn
15/337	394		Bygg A (Yrkesskolen)
15/634	297		Bygg A (Yrkesskolen 4)
15/704	5 840		Bygg D (Husstellskolen)

I godkjent reguleringsplan er eksisterande skole (Bygg A,B og C) regulert i område O2 på 8,2 daa med formål offentleg undervisning . Bygg D ligg i område V offentlege bygningar/institusjonar . 41,3daa u=0,6.

Trafikk/ Buss/Parkering / Sykkel/Gangveg :

Dei trafikale tilhøva ved skolen er i dag relativt greie sidan skolen ligg midt i sentrum.

Eksisterande bygningsmasse:

Bygningane har grodd fram frå 1955 til 2006, og består av A-Bygget(1955), B-Bygget (1955) , C-Bygget (1976) , D-Bygget (1975, opprusta 2010), påbygg (1990)og garasje (2006). Samla areal er vel 9.000m2. Bygg A,B og C heng saman, medan bygg D som huser RM,TPO ligg eit stykke unna. Bygningsmassen er svært dåleg vedlikehalden med unnatak av D-bygget, og slit med store fuktproblem i kjellarane. Det er vanskeleg å sjå at skolen kan samle undervisningsprogramma sine

under eitt tak utan å bygge eit nytt skolebygg på ny tomt. Aktuell ny skoletomt kan vere i regulert område O4 offentleg bebyggelse. 41.8 daa.

Bygg A,B og C heng saman, medan bygg D som huser RM,TPO ligg eit stykke unna.

Arkitektonisk framstår bygg ABC som tidstypiske og relativt homogene

Energi :

Det føreligg ikkje tall over driftskostander og energiforbruk pr.m2. Bygga er ikkje energimerka. Varmepumpe?

Vurdering av eksisterande areal opp mot FEF modellen.

Sidan vi så langt ikkje har vurdert eksisterande bygningsmasse til å kunne fortettast med RM / TPO for å få alt under ett tak, samt at det er særns vanskeleg å rehabilitere store verkstadhalkler utan å flytte ut utdanninga i byggeperioden, så har vi ikkje vurdert eksisterande arealmengde i eksisterande bygg opp mot FEF modellen. Om dette skulle vere ynskjeleg kan vi gjere dette i 2.høyring.

Kroppsøving. Foregår Ørstahallen? Ny Ørstahall med 3 handballbaner har vore under planlegging sidan 2008

Skolegard / Uteareal.

Tiltak Bygningsmatrise :

Bygning	År	Eksist.areal	Rives/utgår	Nybygg	Kommentar
A-Bygget	1955	2970	-2970		
B-Bygget	1955	2813	-2813		
C-Bygget	1976	828	-828		
D-Bygget	1975	1965	-1965		
Påbygg	1990	245	-245		
Garasje	2006	200	-200		
SUM		9021	-9021		
Areal etter riving		0			
FEF-modell		9208			
Teoretisk nybyggbehov				9208	Ny skole nord for ny idrettshall.

Kostnader:

	M2	Kr/m2	sum	Kommentar
Riving				makeskifte med kommunen ?
Tomtesal				
Tomtekjøp				
Nybygg	9208	36000	331 488 000	
Ombygging	xx		0	
Utomhus	xx		0	inkl. i kr/m2 nybygg

SUM			331 488 000	
-----	--	--	-------------	--

Samla vurdering

Ørsta vgs treng ny skole, ca 9000 m2 brutto. Kostnad eks.tomt ca. 331,5 mill. Om ein ikkje får til eit makeskifte med kommunen må ein rekne på kjøp og salsgevinst ved ny og gammal tomt. Aktuell tomt nord for ny Ørstahall aust for eksisterande idrettsanlegg. Etter innspel frå kommunen vil ein i tillegg vurdere framlegg om alternativ tomt i området ved Kulturhuset.

Volda vgs vil sanere handelsskolen. Treng då tilbygg for MK og MDD. I FEF programmet er dette berekna til 1640m2.

Herøy vgs vil sanere alle midlertidige modulbygg som utgjer ca halve bygningsmassen ved eksisterande skole. Dette krev mellom 3 og 5000m2 nybygg for TP/maritime fag , NA, TPO og BA-fag, avhengig av plassering av nybygget og varierende strukturelle behov i gjenstående bygningsmasse.

Ulstein vgs vil sanere undervisningsarealet i paviljongbygget og i mørke bak kjellarrom på plan 1. Undervisningsareala i Ulsteinhallen vil kompensere for at paviljongbygget blir tatt ut av bruk. Nybyggbehov neglisjerbart ved Ulstein i dette alternativet. Går meir på indre omrokkingar og kvalitetsheving av f.eks. kantinekjøkken, areal for lærararbeidsplassar, tal på møterom etc. TPO avdelinga må utvidast noko. Manglar 440m2 i høve FEF modellen. 500m2 ombygging.

Alternativ 1A

Skole	Nybygg m2	Kostnad i million	Riving m2	Idrettshall	Tomtesal/Kjøp mill	Spart drift m2
Herøy	3700	133,2	-2754		0	
Ulstein	0		-503		0	
Volda	1600	57,6	-1747		0	
Ørsta	9 200	331,2	-9021		-14,4da / + 41,8da	
SUM	14 500	522,0	-14 025			+475
Buss		0,0				

Alternativ 2A – 1 skole i Ytre + 1 skole i Indre

Oversikt: Skolar – Utdanningsprogram – Elevantal

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
Ytre vgs				916
	Bygg- og anleggsteknikk		2	30
	Helse og oppvekstfag		4	60
	Naturbruk		2	30
	Teknikk og ind. Produksjon		8	120
	RM		2	30
	Studiespesialisering		11	270
	Påbygging		2	60
	Idrettsfag		6	180
	Elektrofag		3	45
	Service og samferdsel		3	45
	TIP/TAF		2	24
	TPO			22
Indre vgs				961
	Studiespesialisering		12	360
	Påbygging		1	30
	Musikk, dans og drama		3	90
	Medier og kommunikasjon		3	90
	Service og samferdsel		2	30
	Bygg- og anleggsteknikk		2	30
	Design og håndverk		2	30
	Elektrofag		5	75
	Helse og oppvekstfag		4	60
	Restaurant- og matfag		2	30
	Teknikk og ind. Produksjon		8	120
	TPO			16
Herøy vgs - Vanylven				62
	Studiespesialisering		1	30
	Helse og oppvekstfag		1	15
	Teknikk og ind. Produksjon		1	15
	TPO			2

Ytre vgs - Arkitektvurdering – Tomt, areal, tiltak osv

Her har ein 3 underalternativ :

1. Lokalitet Herøy 2A.2 (1A) Flytte Ulstein vgs til Herøy vgs .

Dette krev flytting av 604-892 elevar. Her er det etter vår vurdering ikkje plass nok på tomta til Herøy vgs, og ein samla skole for Ytre lagt til Herøy bør då leggast som nybygg i Fosnavåg sentrum på utfylt

sjøgrunn. (Som underalternativ.4). her blir det nybygg av 13.686m² (493 mill). Bussutgiftene aukar med 4,25 mill pr.år. Skolen kan virke positivt på by-/tettstadutviklinga i Fosnavåg. Idrettsmiljøet rundt Høddvoll / Ulsteinhallen vil vanskelig la seg oppretthalde. Lærlingplassane i skipsbyggingsindustrien i Ulstein for elektrofag kan bli redusert.

2. Lokalitet Ulstein 2A.1 (1B) Flytte Herøy vgs til Ulstein vgs og bygge nytt for BA,HO,NA,TP,RM og utvide eksisterande påbygging og TPO. Dette krev flytting av 312 elevar. Vår vurdering er at det er plass til dette. Ved denne løysinga slepp ein å utvide med kroppsøvingslokaler sidan ein har Ulsteinhallen vegg i vegg. Ei slik lokalisering vil samle all vg utdanning i ytre med dei fordelar/ulempar dette kan ha for større fag-/elevmiljø. Samtidig kan det bli meir utfordrande å halde ved like det gode samarbeide med dei maritime næringane i Herøy/Fosnavåg. Eksisterande Ulstein vgs ligg relativt useentralt til å kunne virke som ein motor i by-/tettstadutvikling i Ulsteinvik og ein må vurdere om det i denne konteksten er rett å bruke store summer på å segmentere skolen så perifert til tettstadutviklinga. Ein må pårekne nybygg på ca. 7.000m² (252 mill.) og kan selje tomte til Herøy vgs (20 da a 1800? = 36 mill?). Bussutgiftene aukar med 2,55 mill. pr.år.

3. Lokalitet Ulstein (1B) Nybygg i Ulsteinvik sentrum med sal av begge eksisterande tomter. Dette krev flytting av 892 elevar. Nybygg til 493 mill, med auka busskostnader på 2,55 mill. Skolen kan om ein finn stor nok ledig tomt i sentrum vere med på å forsterke by-/tettstadutviklinga i Ulsteinvik.

Dette alternativet er ikkje utgreia nærare. Vil kostnadmessig bli som nybygg i Fosnavåg, sidan begge eksisterande skulane blir teke ut av bruk til fordel for ein ny samlande skole.

Indre vgs - Arkitektvurdering - Tomt, areal, tiltak osv

Her har ein 3 underalternativ :

1. Lokalitet Volda 2A.1 (2A). Flytta Ørsta vgs til Volda vgs. Sal av eiendommane i Ørsta. Så lenge ein ikkje har behov for tillegg kroppsøving utover Voldahallen er det plass på tomte til skolen. Dette vil bli eit tilbygg til Volda vgs som ligg heilt opp mot det eigedomen tålesr av utviding. Vi har plassert utdanningsprogramma frå Ørsta vgs mot vest på eksisterande grusbane. Busslommene må utvidast for å kunne ta imot fleire bussar samtidig. Forslaget vil auke grad av tungtrafikk inn i området.
2. Lokalitet Volda 2A.1(2A). Nybygg i Volda sentrum. Ingen aktuell tomt lokalisert. Volda vgs ligg relativt sentrumsnært. Dette alternativet er ikkje utgreia nærare. Vil kostnadmessig bli som nybygg i Ørsta, sidan begge eksisterande skulane blir teke ut av bruk til fordel for ein ny samlande skole.
3. Lokalitet Ørsta 2A.2 (2B). Nybygg i Ørsta på ny tomt. 15.576m² nybygg. Kostnad 561 mill. Sal av eksisterande skoler/tomter

Samla vurdering

Ein skole i Ytre:

Det er to poster som må undersøkes nærmere, det er ført mye lønn på flyktning, antagelig er noe av dette knyttet til Introprogrammet, og skal egentlig føres der.

I tillegg skal det iverksettes undersøkelser og kartlegginger knyttet til 281 Økonomisk sosialhjelp, for å vurdere hvilke typer saker og på hvilke områder vi har de største utbetalingene. Det er ett uttalt mål å få redusert utbetalingene ved å i større grad gjøre brukerne selvhjulpne.

Foruten disse to postene er det god balanse.

Kulturavdelinga

Rekneskapen pr februar 2014 viser at ansvar 40/Kulturavdelinga har eit lite overforbruk ift budsjettet. Netto forbruk på dei ulike tenesteområda viser eit forbruk på nesten 20 % av samla nettoramme. Så tidleg i året er det lite av overføringar, tilskot, refusjonskrav og leigekrav som er ført på dei fleste tenesteområda. Kulturhuset har eit høgre forbruk enn budsjett hittil i år grunna bruk av overtid og ekstra mannskap, samt ifm arrangement.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for utviklingsavdelinga eit mindreforbruk på om lag 303 000.- pr. 28.02.2014. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Hovudårsak til avvik mellom rekneskap og budsjett er mindreutgifter på lønn, kjøp av varer og tenester og mindre inntekter på plan, byggesak og oppmåling.

Konklusjon: Totalsituasjonen er bra.

Anleggs- og driftsavdelinga

Ved utgangen av februar syner rekneskapen med justering for inntekter som ikkje er reknskapsført og interne føringar som ikkje er gjennomført at det er små avvik i forhold til periodisert budsjett. (Eigedomsinntekter vert fakturert 2 gongar pr. år. I mars og oktober. Dette medfører at det kan vere til dels store avvik mellom inntekter og utgifter alt etter kor mykje av inntektene som er fakturert til ei kvar tid.) Totalt forbruk er omlag 85% av periodisert budsjett. Vegvedlikehaldet to første månadene syner eit mindreforbruk på omlag 200' kroner i forhold til same periode i 2013. Dette skuldast i hovudsak at det ikkje har vore nemnande behov verken for snøbrøyting eller strøing. Teneste 5132 Tøming av private slamavskiljarar syner eit mindreforbruk på omlag 1,4 mill. kroner i forhold til 2013. Dette skuldast at det ikkje er starta opp med slamtøming i år. Det er elles berre små avvik på dei ulike tenestene og ein ligg godt innafor budsjett ved utgangen av februar måned.

Samhandlingsreforma

Vi regulerte ned litt bevillinga til samhandlingsreforma ved budsjetthandsaminga for 2014. Om den akontosummen vi betaler per mnd viser seg å bli rett ved årsslutt vil vi mangle omlag 0,5 mill kr, så får vi berre håpe på realiteten til slutt er til vår fordel sett i høve til budsjettet.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Skatteinntektene har vore mykje svakare enn budsjettet i januar og februar. Totale skatteinntekter har vore på 36,5 mill medan ein har budsjettet med 45,8 mill. I 2013 var skatteinntektene etter dei 2 første månadane nær 36,1 mill kr. Dersom vi ikkje ser ein større vekst i månadane som kjem kan vi risikere ein svikt i skatteinntektene på rundt 10,0 mill kr i 2014 i høve til budsjettet noko som totalt sett kan medføre ein inntektssvikt på minst 4,0 mill kr. Tussa AS har meldt at dei vil utbetale eit utbytte på kr 7.000,- per aksje for rekneskapsåret 2013. Vi har budsjettet med eit utbytte på kr 9.000,- per aksje noko som gjer at vi har eit negativt avvik på denne posten på 1,0 mill kr. For dei andre budsjettpostane er avvika små.



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2013/513
		Arkiv:	Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
72/14	Formannskapet	06.05.2014
57/14	Kommunestyret	22.05.2014

OBJEKT 51362 - SKILTING AV KOMMUNALE VEGAR. ØKONOMISK AVSLUTNING.

Tilråding frå rådmannen:

1. Økonomisk avslutning av objekt 51362 – Skilting av kommunale vegar- vert godkjent.
2. Mindreforbruk, kr. 2.728,-

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Maritim og teknisk komite, referat sak

Vedlegg:

- Kopi av utskrift, forbruk objekt 51362

Bakgrunn for saka:

Herøy kommune starta i 2008 eit større adresseringsprosjekt med overordna målsetting om å erstatte alle gards- og bruksnr. (matrikeladresser) med gateadresser.

Adresseringsarbeidet er todelt. Utviklingsavdelinga gjennomfører prosessen med å gi namn til vegane og utstede gateadresser til eigedomane. Anleggs- og driftsavdelinga kjøper inn og set opp namneskilta på vegane.

Denne saka gjeld økonomisk avslutning av skilting utført på kommunale vegar hausten 2013.

Saksopplysningar:

Innkjøp og oppsetting av veg og gateskilt krev ressursar som ein ikkje har til rådvelde i det ordinære driftsbudsjettet. Til dette arbeidet vart det derfor i K-sak 102/13 løyvt kr 250.000,- inkl. mva.

Ein har i denne skiltrunden sett opp skilt i følgjande stader: Leine, Nærøy, Remøy, Runde, Kvalsund, Frøystad - Espeset, Nautøy, Sandvik, Moltustranda, Stokksund, Tjørnvåg, Kalveneset, Aurvåg, Dragsund, Djupvik, Kjeldsund, Budaneset, Leikong sentrum, Kleppeåsen, Rosskar – Jøsokbakken og fylkesvegen på Leikong.

Skiltinga er no fullført og avslutta, og objekt 51362 – skilting av kommunale vegar – er oppgjort med følgjande

Prosjektrekneskap:

Budsjettløyving 2013 (K-sak 102/13)	kr 250.000,-
Innkjøp materiell og tenester:	kr 126.322,-
Eigne ressursar (mannskap og maskiner mv.)	« 120.950,-
Sum:	<u>kr 247.272,-</u>
Mindreforbruk:	<u>kr 2.728,-</u>

Alle summar er inklusiv meirverdiavgift.

Vurdering og konklusjon:

Mindreforbruket vert overført disposisjonsfondet.

Fosnavåg, 20.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

Bilagsnr	Bilagsdato	Periode	Konto	Konto (T)	Dim1	Dim2	Dim4	Dim4 (T)	AV	Beløp
91308560	30.10.2013	20131002300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	1 641,60
91308353	18.10.2013	20131002300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	9 164,00
91308221	15.10.2013	20131002300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	3 540,00
91308217	11.10.2013	20131002300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	2 436,00
91308396	22.10.2013	20131002300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	1 725,60
91309645	05.12.2013	20131202300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	70	208,00
			02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering						18 715,20
91308048	03.10.2013	20131002500	Materialer til nybygg/nyanlegg		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	30 335,20
91308078	09.10.2013	20131002500	Materialer til nybygg/nyanlegg		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	420,00
91308102	07.10.2013	20131002500	Materialer til nybygg/nyanlegg		5122	332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	80	51 628,80
			02500	Materialer til nybygg/nyanlegg						82 384,00
91308560	30.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	410,40
91308353	18.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	2 291,00
91308221	15.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	885,00
91308217	11.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	609,00
91308048	03.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	7 583,80
91308102	07.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	12 907,20
91308078	09.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	105,00
91308396	22.10.2013	20131004290	Merverdiavgift som gir rett til momn:5122			332	51362	SKILTING KOMMUNALE VEGAR	0	431,40
		04290	Merverdiavgift som gir rett til momn:							25 222,80
										126 322,00



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/1028
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/14	Formannskapet	06.05.2014
58/14	Kommunestyret	22.05.2014

BUDSJETTKORRIGERING PER 31.03.2014

Tilråding frå rådmannen:

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 19050 (aksjeutbytte tussa), ansvar 9011, funksjon 870 ned kr 1.000.000,-
Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013, funksjon 840 ned kr 2.200.000,-
Konto 11500-11703 (kurs/reiser), ansvar 9017, funksjon 120 ned 1.000.000,-

Konto 10900 (arb.gj.avg), ansvar 9017, funksjon 383 opp kr 600.000,-
Konto 19400 (bruk av disp fond), ansvar 9017, funksjon 880 opp kr 3.000.000,-
Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3331 (Nestunet), funksjon 254 opp kr 200.000,-
Konto 18100 (statstilskott), ansvar 3851 (flyktning), funksjon 850 opp kr 50.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3241, funksjon 253 opp kr 50.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3242, funksjon 253 opp kr 50.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3243, funksjon 253 opp kr 45.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3244, funksjon 253 opp kr 25.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3251, funksjon 253 opp kr 35.000,-
Konto 16000 (brukarbet), ansvar 3254, funksjon 253 opp kr 45.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 1231 (servietorget) funksjon 120 ned kr 25.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 1251 (økonomiavd) funksjon 120 ned kr 25.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 1261 (pers-/org avd) funksjon 120 ned kr 25.000,-
Konto 14900 (red ramme), ansvar 5011 (utvikl.avd), funksjon 120 ned kr 25.000,-

Særutskrift:

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Som grunnlag for denne saksutgreiinga er notat får økonomiavdelinga til formannskapet som vart handsama i formannskapet 8. april.

På grunn av endringar i rammetilskott (4. endringar frå formannskapet si budsjettlråding til kommunestyret) og mindre utbytte frå Tussa AS har Herøy kommune sine prognostiserte inntekter blitt redusert med i alt 4,2 mill kr. På grunn av ei dobbeltbudsjettering av arbeidsgjevaravgift som no er korrigert må kommune finne dekning for eit netto inntektsbortfall på 3,6 mill kr.

Formannskapet la til grunn at tenestene ikkje skulle råkast som følge av inntektsbortfallet, men at tiltak som vart skissert i notatet kunne nyttast dersom det t.d. galdt meirinntekter i avdelingane.

Totalt kan dette hentast inn på 3 ulike måtar (eller kombinasjon av desse). Det er:

- Auka driftsinntekter
- Reduserte driftsutgifter
- Bruk av disposisjonsfond

Basert på tilbakemeldingane rådmannen har fått frå avdelingane vil ein råde til at følgjande endringar vert ein del av budsjettkorrigeringa:

1. Auka av statstilskott ressurskrevjande brukarar innan BuHab avdelinga opp kr 200.000,-
2. Auke av vederlagsinntekter Pleie- og omsorgsavdelinga opp kr 250.000,-
3. Auka statstilskott flyktningetenesta opp kr 50.000,-
4. Reduserte rammeløyvingar for avdelingar som servicetorget, økonomiavdelinga, personal- og organisasjonsavdelinga og utviklingsavdelinga på i alt kr 100.000,-

Den resterande delen, kr 3.000.000,-, vert å dekke inn ved bruk av disposisjonsfondet.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen spesielle

Konsekvensar for beredskap:

Ingen spesielle

Konsekvensar for drift:

Dei avdelingane som får redusert sine netto driftsrammer vil sjølvsagt få større problem med å halde sine tildelte budsjetttrammer. Auka driftskostnadar i avdelingar som BuHab og PO kan då ikkje finansierast innan eiga ramma på same måte som før budsjettkorrigeringa.

At disposisjonsfondet vert nytta til å finansiere mindreinntektene gjer at kommunen sin økonomiske handlefridom vert noko redusert i framtida.

Fosnavåg, 15.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BERLYN	Arkivsaknr:	2014/632
		Arkiv:	F03

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
74/14	Formannskapet	06.05.2014
59/14	Kommunestyret	22.05.2014

PROSJEKTMIDLAR FØREBYGGANDE RUSARBEID - NY STILLINGSHEIMEL

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune opprettar ein ny stillingsheimel som miljøterapeut. Stillinga er organisert under NAV Herøy, Seksjon for oppfølging
2. Stillinga finansierast i sin heilskap av midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet si tildeling av prosjektmidlar i 2014, kr. 550 000.
3. Stillinga forlengast ved vidare tildeling i 2015 og 2016, men ikkje utover 3 år. Etter prosjektperioden på 3 år skal stillinga vurderast å gjerast fast.

Særutskrift:
Komite for oppvekst
Komite for helse og omsorg

Vedlegg:

- 1 Samarbeidsavtale - Herøy vidaregåande skule og NAV Herøy
- 2 Evalueringsrapport 2013
- 3 Søknad prosjektmidlar Barnefattigdom

Saksopplysningar:

Våren 2013 blei det avtalt eit samarbeid mellom Herøy vidaregåande skule og NAV Herøy. Bakgrunnen var felles utfordringar knytt til elevar som var i ferd med å slutte skulegangen, såkalla «drop-out»-elevar.

NAV Herøy har over lengre tid sett at vi kjem inn i desse sakene for seint. Då har allereie ungdommen slutta på skulen og gått utan aktivitet i ei periode. Når dei så kjem til NAV, gjerne etter påtrykk frå foreldre, er dei 20-22 år og har mista mykje motivasjon. Då kan vegen tilbake til utdanning, arbeid og aktivitet vere lang og vanskeleg. Å kome inn tidleg, etablere trygge relasjonar og motivere til endring er svært viktige overfor denne gruppa. Men då må vi bygge ein relasjon mens dei framleis er i skulen – ikkje når dei først har slutta.

Det finnes mykje forskning og kunnskap om denne målgruppa. Ein veit at ungdom som ikkje greier å fullføre vidaregåande opplæring stillar mykje svakare på arbeidsmarknaden enn dei som gjer det. Og uansett om ein brukar lengre tid på utdanninga, er det å fullføre av veldig stor verdi. Sjølv sagt for den enkelte, men også i eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Hovudmålet med tiltaket er å få fleire til å fullføre vidaregåande skulegang

Delmål:

- Førebygge sosiale problem, psykiske helseproblem og rusavhengighet ved tidlig intervensjon
- Samordne og hente inn nødvendig hjelp frå andre kommunale tenester
- Redusere tal på ungdommar med skulerett som motteke økonomisk sosialhjelp
- Redusere tal på ungdommar som går over i ledighet

Finansiering

Prosjektet har til no vore sjølvfinansiert. NAV Herøy har stilt til saman 0,5 årsverk til rådigheit, og Herøy vgs har finansiert 50 % av kostnadene. På bakgrunn av dei positive erfaringane ein såg i midtvegsevalueringa, kom det fram eit sterkt ønske om å utvide prosjektet, og bruke minst 1 årsverk til dette arbeidet. Ut frå den økonomiske situasjonen, først og fremst i Herøy kommune, men også i fylkeskommunen, såg ein raskt at dette måtte skje med tilførsel av eksterne midlar. Etter dialog med Arbeids- og velferdsdirektoratet, har ein i første omgang søkt Fylkesmannen om prosjektmidlar på temaområdet «Barnefattigdom». Midlane blir tildelt for eit år om gangen, maksimalt tre år. Det ligg ei forventning til at prosjekta som blir finansiert på denne måten skal vurderast å gjerast permanente når prosjektperioden er over.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer dette som eit godt tiltak som ligg rett i satsingsområda til kommunen. Tidleg intervensjon og folkehelse er to områder ein ynskjer å forsterke, både som fagleg fokus og som bruk av ressursar. Herøy kommune har ei pressa

økonomi og avdelingane har stramme budsjett. I ein slik situasjon må vi greie å løyse oppgåvene våre utan at vi får meir midlar eller fleire stillingar. Eksterne midlar vil i det perspektivet vere svært viktig for å kunne fortsette å utvikle tenestene våre. Rådmannen tilrår at stillingsheimelen blir oppretta.

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 09.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/342	Saksbeh. BKL/N
12 MARS 2013	
Ark.kode P	A40
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Herøy vidaregåande skule

SAMARBEIDSAVTALE

HERØY VIDAREGÅANDE SKULE OG NAV HERØY

BAKGRUNN

Forsking og undersøkingar viser at ungdom som vel bort eller som ikkje greier å fullføre vidaregåande utdanning, reduserer eigne moglegheiter for fast arbeid og stabilitet og tryggleik i kvardagen. Ein ser også at når ungdom først kjem til NAV, har situasjonen ofte blitt så komplisert og vanskeleg at det er ein lang veg tilbake til skule og/eller arbeid.

Dette er og ei erfaring som NAV Herøy delar. NAV har lenge hatt eit samarbeid med Oppfølgingstenesta (OT), men ser at vi kjem inn først når ungdommen har slutta på skulen. I mange tilfelle er det greitt å fine alternativ aktivitet, men det er vanskeleg å få til ei positiv utvikling. I tillegg til manglande skulegang har desse ungdommane også ofte andre problem, knytt til heim, familie og anna nettverk.

MÅLSETTING

Hovudmålsetting:

- få fleire elevar til å fullføre vidaregåande opplæring

Delmål:

- Førebygge sosiale problem, psykisk helse og rus ved tidleg intervensjon
- Hente inn nødvendig hjelp frå andre
- Redusere tal på ungdommar med skulerett som motteke økonomisk sosialhjelp
- Redusere tal på ungdommar som går over i ledighet

RESSURSAR

NAV Herøy sett av 50 % ressurs til dette arbeidet fordelt på to medarbeidarar.

Dei skal vere på skulen tre dagar i veka:

- møte i ressursteamet kvar veke, samt vere på skulen i påfølgande midttime
- vere to halve dagar på skulen kvar
- møte i basisgrupper og fokusgrupper etter behov, men innafor ressurs på 50 %

REFUSJON

Herøy vidaregåande skule dekkjer 25 % av total ressurs. NAV Herøy skriv refusjonskrav. Lønn reknast ut frå reell lønnskostnad.

SAMARBEIDSFORMER

1. Ressursteam

Miljøterapeutane er medlem i ressursteamet som er avdeling elevteneste sitt avdelingsmøte /samarbeidsmøte. Dei som deltek i ressursteamet frå før: Avdelingsleiar for elevtenesta (Ester), PPT (Ruth Torgersen fast), Sos.ped medarbeidar (Ester), Spes.ped medarbeidar (Anne Mette), You-medarbeidar (Hege), OT – medarbeidar (Heidi) Helsesyster. (Ny). Ressursteamet har møte kvar tysdag frå 0900-1100

2. Rettleiing på enkeltsaker

Kontaktlærer/lærarar melde opp saker til ressursteamet. Meldar presentrear saka sjølv, og ressursteamet nyttar metoden «reflekterande team» for å finne løysing:

- tilvise PPT
- tilvise kommunepsykolog
- oppfølging frå sosialpedagogisk medarbeidar i samarbeid med kontaktlærer
- tilbod om Fokusgruppe

3. Basisgrupper og fokusgrupper

Miljøterapeut deltek etter behov, og må justerast etter kva erfaringar vi får

4. Direkte elevkontakt

Miljøterapeutane bør vere tilgjengelige for elevane. Det er viktig at elevane veit at vi gjer dette i samarbeid med elevtenesta. Form på denne kontakta må prøvast ut.

5. Kontor plass

Miljøterapeutane skal ha tilgong til eit kontor/lokale der dei kan møte elevar som ønskjer samtale. Det er ikkje naudsynt med tilgong til datamaskin/datasystem. Eventuelle notat og vedtak skal registrerast etter dei ordinære system som skulen og NAV har får før.

AVTALENS LENGDE

Avtalen varer frå 1. mars 2013 til ut skuleåret 2014.

EVALUERING

Avtalen skal evaluerast fyste gong ved utgangen av 2013 og andre gong ved avtalens slutt. Evalueringa skal leverast skriftleg.

Fosnavåg 4/3 2013

Herøy vidaregåande skule


Gullik Kjellstadli
Rektor

NAV Herøy


Berit Lyngstad
leiar
 NAV Herøy
6092 Fosnavåg



SØKNADSSKJEMA 2014

Barnefattigdom

Styrking av innsats mot barnefattigdom – invitasjon til å søkje om tilskot til å førebyggje og redusere barnefattigdom i kommunen – Kap. 0621.63

1. Søkjar (Nye søknader skal koma frå sosialtenesta i NAV)
Kommune: Herøy
Innbyggjartal:
Postadresse: Herøysenteret
Postnr./-stad: 6092 Fornavåg
Kontaktperson på NAV-kontoret:
Namn: Berit Lyngstad
Stilling: NAV-leiar
Telefon: 97661815
E-post: berit.lyngstad@nav.no
2. Namn på prosjektet / tiltaket det blir søkt tilskot til:
Miljøterapeutar i skulen
Ny søknad? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei, starta i:
3. Mål:
Målet er 1. å hindre fra fall i vidaregåande skule, 2. kome i tidleg kontakt med dei som står i fare for å slutte skulegang, 3. skaffe alternativ arbeid og aktivitet for dei som skal slutte, og 4. få dei som har slutta og ikkje har noko anna, tilbake på skulebenken.
4. Dersom vidareføring: Kort oppsummering så langt. Kva mål er nådd når det gjeld resultatmål og aktivitetar? Er det gjort endringar? Kva har fungert, og kva har ikkje fungert?

5. Prosjektbeskriving – beskriving av tiltaket (Bruk ekstra ark dersom det er behov for det!)
5.1. Bakgrunn:
For informasjon omkrin pkt 5, sjå eige vedlegg
5.2. Målgruppe (kven er tiltaket spesielt retta mot):
Ungdom 16-24 1. Dei som er elevar på Herøy vidaregåande skule og som treng tett individuell oppfølging for å fulllføre 2. Dei som ikkje greier å fullføre vidaregåande skule og som treng anna arbeid/aktivitet 2. Ungdom i Herøy som ikkje har fullført skulegang, og som ønskjer utdanning (tilbake ti vgs)
5.3. Resultatmål (kva resultat ynskjer de å ha nådd):
1. Redusere drop-out 2. Redusere antall ungdom opp til 24 år som treng NAV sine tenester og ytingar 3. Gi ungdommar i ei sårbar fase vaksne tillitspersonar 4. Få kunnskap om eit miljø
5.4. Aktivitetsmål (kva for aktivitetar/tiltak blir sett i gang):

5.5. Beskriv den metodiske framgangsmåten i tiltaket:

5.6. Beskriv om/på kva måte brukarmedverknad i tiltaket og på systemnivå blir ivareteke:

5.7. Korleis vil NAV arbeide for å gje brukarane eit samordna og heilskapleg tenestetilbod?

5.8. Tverretatleg samarbeid (beskriv samarbeidet med andre instansar):

Gjennom dette samarbeidet, samarbeider vi igjen med PPT, BUHAB, psykiatritjenesten, kommunepsykologen og fastlegene i kommunen. Flere elever bor i andre kommuner, da samarbeider vi tett med det lokale NAV-kontoret. Når det gjelder ungdom som skal tilbake til skolen samarbeider vi ofte med DPS og ambulanseteam, og selvsagt med utdanningsavdelinga på fylket.

6. I kva for kommunale plan(ar) er tiltaket forankra i kommunen?

Årsplan for NAV Herøy

7. Beskriv organisatorisk forankring av tiltaket.

Prosjektet er forankret på NAV Herøy. Miljøterapeutene er ansatt her, og skal fortsatt være det.

Ordfører er orientert. Rådmannen er involvert. NAV Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune er orientert. Vi har presentert prosjektet i både kommunal, statlig og fylkeskommunal linje.

8. Kva er kommunen sin plan for vidareføring/implementering etter tilskotsperioden?

Etter prosjektet ønsker vi å fortsette samarbeidet med Herøy vgs. Om det blir med 1 årsverk eller 0,5 årsverk vil avgjøres av økonomiske rammer. Men vi vil uansett fortsette dette ut fra dei ressursene vi har.

9. Har kommunen søkt/fått andre statlege midlar eller finansiering til dette prosjektet? Spesifiser frå kven/kor mykje.

Nei. Prosjektet har vært selvfinansisert fram til nå. NAV Herøy har stilt 50 % ressurs til rådighet. To miljøterapeuter har vært en dag i uken på skolen (20 %) og hatt omlag 3-4 timer i uka med individuell oppfølging av enkeltelever. Herøy vgs har dekt halvparten av de direkte lønnskostnadene. Vi ser at vi trenger mer tid, både på skolen og til oppfølging av den enkelte elev. Den tiden vi bruker på vekking, ringing, kjøring til skolen på morgenen, reduserer tiden vi har til hver enkelt skoleelev. Vi ønsker også at veileder ved NAV skal knyttes på ressursteam.

10. Budsjett 2014

Tiltak	Kommunens eigenfinansiering. (Det er føresett eigendel på minst 20 prosent av søknadsbeløpet)	Tilskot det blir søkt Arbeids- og velferdsdirektoratet om gjennom Fylkesmannen
Lønnsmidlar (tal årsverk)	110 000 = 0,2 årsve	kr 550 000 = 1 årsverk
Utstyrspool/Ferietiltak/Fritidsaktivitetar		
Oppfylgingsarbeid retta mot barn/ungdom og familiar		
Tiltak som bidreg til å sikre barneperspektivet		
Tverretatleg samarbeid		
Utarbeiding av handlingsplan		
Totalsum:	110 000,-	550 000,-
Ubrukte midlar frå 2013		

10. Underskrift **Søknader som manglar underskrift vil ikkje bli behandla.**

Vi er kjent med at opplysningane i søknaden er grunnlag for tildeling av statstilskot.

Vi stadfester at opplysningane i søknaden er korrekte, og at vi er kjent med vår plikt om å melde frå om eventuelle framtidige endringar som kan ha noko å seia for vedtak om tildeling av tilskot.

Herøy 30.01.2014		
------------------	--	--

Stad / dato

Leiar
(Vedkomande med delegert
mynde frå rådmannen)

Tiltaksansvarleg

Kriterier for tildeling av tilskot for å styrkje innsatsen mot barnefattigdom i kommunane - Kap. 0621.63

- Tiltaket skal bidra til å førebyggje og kjempe mot barnefattigdom i kommunen etter lov om sosiale tenester.
- Målgruppa for tilskotet er barn og unge i familiar/barnefamiliar som får bistand frå sosialtenesta.
- Alle søknader skal skrivast på Arbeids- og velferdsdirektoratets søknadsskjema (dette).
- Nye søknader skal koma frå sosialtenesta i NAV.
- Søknadene vil bli vurdert med omsyn til tilskotsordningas formål, faglig opplegg og kriterier for måloppnåing, regelverk, søknadskriterier og KOSTRA-tall om. fattigdom.
- Midlane tildelast for eitt år av gongen, som hovudregel inntil tre år, maksimalt fire.
- Midlane skal bidra til å utvikle tenester overfor målgruppa.
- Midlane skal bidra til å utvikle samarbeidet i kommunen mellom involverte instansar som barnevernstenesta, sosialtenesta/NAV, skule, oppfylgingstenesta, helsetenesta, barnehagane, friviljuge og eventuelt andre.
- Det skal liggje føre klare målsettingar og ein plan for arbeidet i tilskotsperioden. Tiltaket skal forankrast administrativt og sjåast i samanheng med kommunalt planverk.
- Tenestetilbodet skal leggje til rette for brukarmedverknad på individ- og systemnivå.
- Del av tilskotet skal nyttast til å styrke kunnskap og kompetanse blant dei tilsette som deltek i dei lokale prosjekta.
- Det er føresett at kommunen bidreg med ein eigendel til finansiering av tiltak(a) tilsvarande 20 prosent av det totale årlege søknadsbeløpet.

Sjå regelverket og utlysningsteksta for ytterlegare spesifisering av tilskotskriteria.

Søknadsskjemaet sender de til Fylkesmannen i det respektive fylket. Bydelar i Oslo sender søknaden til Fylkesmannen i Oslo og Akershus gjennom Byrådsavdeling for eldre og sosiale tenester.

Søknadsskjema i Word-format kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2014/643
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
75/14	Formannskapet	06.05.2014
60/14	Kommunestyret	22.05.2014

KJØP AV PARKERINGSPLASSAR

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtar at Herøy kommune kjøper seksjon 4, parkeringsdekke U1, av Fosnavåg Parkering AS for kr. 28.830.000,-.

Kjøpet blir finansiert ved 20.500.000 i RDA-midler, og 8.330.000,- ved lånefinansiering.

Kommunestyret ber samstundes rådmannen om å gjennomføre taktiske skattemessige disposisjonar med mål om å redusere den totale kostnaden gjennom å oppnå MVA-kompensasjon.

Særutskrift:
Økonomiavdelinga
Eigedomsavdelinga
Utviklingsavdelinga
Vest kontroll

Vedlegg:

Prosjektbygg AS - Presentasjonstegning av bygget

Fosnavåg Parkering AS – Tilbud om kjøp av parkeringsplassar, datert 09.04.2014

Saksopplysningar:

Fosnavåg Parkering AS har i eit brev datert 09.04.2014 tilbode Herøy kommune å kjøpe seksjon 4, parkeringsdekke U1, i parkeringshuset dei held på å ferdigstille i området mellom Thon Hotell Fosnavåg og bygget til Herøy Eiendomsutvikling (der Sparebanken Møre er lokalisert).

Denne seksjonen har 72 parkeringsplassar, og blir tilbydt Herøy kommune for kr. 22.500.000,- eks. mva og eks. dokumentavgift til staten. Prisen er oppgitt til å vere kostpris for seksjonen, berekna for parkeringsplassar under gatenivå.

I gjeldande økonomiplan er det avsett 20.500.000,- til kjøp av offentlege parkeringsplassar.

Total kjøpesum inklusive meirverdiavgift, dokumentavgift og tinglysing vert då om lag kr 28.830.000,-.

Det er ikkje aktuelt for Fosnavåg Parkering AS å selje ut noko anna enn ein heil seksjon av parkeringsbygget, då det er eit ynskje frå tilbyder om å etablere ein sameige med Herøy kommune. Spørsmålet om ideelle andelar gjennom enkeltplassar har vore drøfta.

Behov for offentlege parkeringsplassar i området

Når det gjeld behovet for parkering knytt til hotell og konserthus har kommunen tidlegare kome fram til eit behov på 77 plassar for hotellet (av dette 7 HC plassar), 45 plassar knytt til konsertsalen (av dette 5 HC plassar), 7 plassar til Kino (av dette 1 HC plass) og 28 plassar til restauranten (av dette 3 HC plassar). Totalt parkeringsbehov for hotell og kulturhus vert då 157 plassar (av dette 16 HC plassar). Av dette er 53 plassar knytt til kino- og konsertsal.

U1 og U2 har til saman 147 plassar. I tillegg kjem parkeringsareal på gateplan.

Finansiering av kjøpet

I F-sak 33/12 vart det vedteke at kr 20.500.000,- skulle løyvast til parkeringsanlegg. For å få fullfinansiert eit eventuelt kjøp må ein finansiere opp prosjektet med kr 8.330.000,-.

Etter at kommunen har vedteke å forskottere spelemidlar både til Klubbhus (Bergsøy Fotball) og Sunnmørsbadet AS har ein brukt opp det ein har av ubundne kapitalfond. Ein er såleis avhengig å gjere eit låneopptak på kr 8.330.000,- for å få finansiert opp eit kjøp. Eit kjøp og låneopptak som skissert ovanfor vil representere at kommunen sine kostnader (avdrag etter minsteavdragsprinsippet + renter) vil kunne utgjere opp mot kr 850.000,- per år.

Mulighet for MVA-kompensasjon

Omsetning av fast eiendom fell normalt utanfor avgiftsplikta, jfr. merverdiavgiftsloven §3-11, noko som legg føringar for at dette kjøpet skal bruttofinansierast.

Det er likevel eit mogleg rom for å kome i ein posisjon der ein kan få refusjon av utlagt meirverdiavgift. Merverdiavgiftsloven § 9-3, jfr. merverdiavgiftsforskriften § 9-3-3, kan retten til frådrag for inngåande meirverdiavgift knytt til infrastruktur overførast til ny eigar (justeringsretten).

Rådmannen meiner at Herøy kommune bør søke å redusere den totale kostnaden ved å kome i ein posisjon der ein kan få refusjon for utlagt meirverdiavgift. Dei juridiske sidene ved dette er komplekse og avanserte, og det er få miljø i Norge som har kompetanse på området.

Advokat Knut Andreassen i BDO Advokater AS har gitt ein uttale i høve vår sak, og tilbakemeldinga frå skattefagleg hald er referert nedanfor:

«Vi legger da til grunn at Fosnavåg Parkering AS (FP) har parkeringshuset under oppføring, og at det er fradragsført inngående merverdiavgift fullt ut som følge av at anskaffelsen som utgangspunkt skal benyttes i egen merverdiavgiftspliktig parkeringsvirksomhet.

I henhold til merverdiavgiftsloven § 9-7 skal fradragsført inngående merverdiavgift tilbakeføres dersom bygg eller anlegg før fullføringen selges eller omdisponeres til bruk som ikke ville gitt fradragsrett. Fullføring anses å foreligge når det er utstedt ferdigattest eller midlertidig brukstillatelse, eller dersom slik tillatelse ikke er nødvendig, når kapitalvaren tas i bruk. Slik tilbakeføring kan imidlertid unnlates i det omfang den som overtar bygget eller anlegget også overtar plikten til å tilbakeføre den fradragsførte inngående merverdiavgiften. Det er et vilkår for overføring av tilbakeføringsplikten at mottakeren er et registrert avgiftssubjekt på overdragelsestidspunktet eller blir et registrert avgiftssubjekt senest i samme termin som overdragelsen skjer (søknad om merverdiavgiftsregistrering må være sendt inn i samme termin som overdragelsen skjer). Dersom mottakerens fradragsrett er mindre enn overdragerens fradragsrett, kan mottakeren bare overta den delen av overdragerens tilbakeføringsplikt som svarer til mottakerens fradragsrett for kapitalvaren. Den resterende delen av tilbakeføringsplikten må tilbakeføres samlet av overdrageren. Det er et vilkår for overføring av tilbakeføringsplikten at mottakeren samtykker i overføringen ved inngåelse av skriftlig avtale, jf. nedenfor. Dersom mottakeren er en kommune eller andre kompensasjonsberettigede, kan tilbakeføringsplikten overføres på de samme vilkår som nevnt i den utstrekning kapitalvaren anskaffes til bruk i virksomhet som er kompensasjonsberettiget etter lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

En overføring av tilbakeføringsplikten skal dokumenteres med en skriftlig, underskrevet avtale med opplysninger om:

Overdragerens og mottakerens navn, adresse og organisasjonsnummer

De opplysninger som framgår av § 9-1-2 første ledd bokstav a-f

Overdragerens og mottakerens fradragsrett ved overdragelsen angitt i prosent

Resterende tilbakeføringsbeløp for overdrageren

Angivelse av beløp for den tilbakeføringsplikten som overføres

Hvordan inngående merverdiavgift fordeler seg på de ulike delene av kapitalvaren

Avtalen må være inngått innen oppgavefristen for den tomånedlige avgiftstermin kapitalvaren bli overdratt. Dersom opplysninger som nevnt i første ledd endres etter at avtalen er inngått, skal overdrageren rette dette overfor mottakeren dersom opplysningene kan påvirke mottakerens tilbakeføringsplikt. Dersom overdrageren har en avtale som nevnt i første ledd fra tidligere eier av kapitalvaren, skal en kopi av denne avtalen gis til mottakeren dersom den inneholder opplysninger som kan påvirke mottakerens tilbakeføringsplikt. Ved overføring av tilbakeføringsplikt, skal mottakeren på konto eller oppstilling på samme måte som nevnt i § 9-1-2 føre oversikt over kapitalvaren og de tilbakeføringer av inngående merverdiavgift som mottakeren har plikt til å gjøre. Dokumentasjon som nevnt skal oppbevares i ti år etter

overtakelsesåret. Avtale og oppstilling som nevnt i første ledd skal oppbevares av både overdrageren og mottakeren.

Ved eventuell overdragelse av kapitalvaren etter at denne er ferdigstilt, vil det være de ordinære justeringsreglene som gjelder. Dvs. at selger må tilbakeføre inngående merverdiavgift dersom ikke kjøper oppfyller vilkårene til å overta justeringsforpliktelsen og det inngås skriftlig avtale om dette.»

Etter rådmannens vurdering er det fleire forhold ved saka som er relativt avklart, men ikkje alle er tilfredsstillande nok til å kunne påstå at ein vil klare å kome i nødvendig mva-posisjon knytt til kjøpet. Det er fleire viktige punkt som må stå i relasjon til kvarande, som t.d. at begge partar kjem til einigheit om avtaleverk for overtaking av justeringsrett, og at ein kjem i mål med avtaleverket før bygget blir ferdigstilt. Tidslinja har også betydning for framdrifta ved kino, konserthuset og hotellet sin opningsdato.

Rådmannen meiner at ein kan lykkast i dette arbeidet, men vil ikkje stå inne for andre partar sitt forhold før ein avtale er ferdig signert. Dersom kommunen får refundert mva etter momskompensasjonsreglane vil det på litt sikt redusere lånebehovet med om lag kr 5.625.000,-. Om ein får att mva etter justeringsreglane kan kommunen/Fosnavåg Parkering AS få refundert kr 562.500,- per år i 10 år. Mva reglane er særskild kompliserte for slike anlegg og i utgangspunktet bør ein ikkje budsjettere med mva refusjon/justeringsmva som ein inntektspost. Her må kommunen leige inn eksperthjelp slik at ein kjem i mva posisjon overfor styresmaktene, gjennom å utarbeide avtaleverk mellom partane.

Det er såleis rett at ein i denne omgang finansierer brutto kostnadane.

Reglane om offentlege innkjøp

Kjøp av bygg under oppføring er unntak frå Forskrift om offentlege anskaffelser, jfr. § 1-3 (2) b). Så lenge bygget ikkje er oppført på bestilling, eller etter spesifisering av Herøy kommune, blir ikkje dette kjøpet kravd gjennomført som anbudsprosess.

Fosnavåg Parkering AS har på eige initiativ prosjektert, finansiert og bygd ut garasjeanlegget. Dette gir grunnlag for at Herøy kommune kan kjøpe seksjon 4, parkeringsdekke U1, utan om å gå om ein anbudsprosess.

Vurdering og konklusjon:

Kvar parkeringsplass kjem på om lag kr 400.000,- inkl mva og dokumentavgift. Dette er eins pris på all plassane i dei to underetasjane. Prisen pr plass på taket (gateplan) vert billigare enn dette.

Fosnavåg Parkering AS har alt seksjonert ut bygget i 2 seksjonar der dei som nevnt over har tilbode Herøy kommune og kjøpe den eine. Dei 72 plassane denne seksjonen inneheld er 15 meir enn det ein treng for å stette behovet til konserthus og kino. Dersom det hadde vore mogeleg for Herøy kommune å berre kjøpe desse plassane hadde kostnaden ink mva og dokumentavgift blitt totalt 22,8 mill kr.

Kjøp av parkeringsdekke U1 må skje før ferdigstilling av bygget, for å kome i MVA-posisjon. Tidsaspektet har også betydning for opning av hotellet, konserthuset og kino.

Konsekvensar for folkehelse:

Nei

Konsekvensar for beredskap:

Nei

Konsekvensar for drift:

Ikkje dei store konsekvensane om kommunen inngår eit samarbeid med Fosnavåg Parkering AS om drift og vedlikehald av parkeringsarealet.

Konsekvensar for økonomi:

Lånegjelda til Herøy kommune vil auke med nær kr 1.000,- per innbyggjar. I tillegg vil aktivering av parkeringsplassane i kommunen sin balanse føre til at avdragskostnadane til kommunen vil auke med mellom kr 575.000,- og kr 720.000,-. Årsaka til dette er at kommunen nyttar minsteavdragsprinsippet i rekneskapsføringa – då vil det vere aktiveringane i balansen som er avgjerande på avdragsstorleiken. I tillegg kjem rentekostnadane på eit låneopptak (kr 8.330.000,-) som utgjer om lag kr 165.000,- per år forutsett eit rentenivå på om lag 2,0%.

Fosnavåg, 30.04.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen

Fosnavåg 09.04.2014

Herøy Kommune

Postboks 274

6096 Fosnavåg

nr 2014

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. <i>2014/643</i>	Saksbeh. <i>EKRJ</i>
10 APR. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	<i>1</i>
Kassasjon	

Tilbod om kjøp av parkeringsplasser

I samband med bygging av hotell i øvre Fosnavåg vart Fosnavåg Vekst (FV) pålagt å skaffe 85 parkerings plassar. Herøy Eiendomsutvikling (HEU) som eig Spare bankbygget like ved har utviklings planer for dette bygget og ønskte i samband med utbygginga å sikre seg 20 parkerings plassar.

Desse to selskapa danna difor Fosnavåg Parkeringa AS i den hensikt å bygge minimum 105 plassar for eige bruk. Fosnavåg Parkering har bygt ut tomta optimalt for skape maksimalt med parkeringsplassar for hotell, konserthus m. kino, simulatoranlegget og for anna utbygging i nærområdet. Samstundes som behovet aukar så ser det ut som om storparten av parkeringsplassane på Almenings kaia vert borte med dei tiltaka som no er i emning.

Fosnavåg Parkering er gjort kjent med at Herøy Kommune ønskjer å betre parkerings tilhøva i sentrum og har avsett midlar til dette.

Styret i Fosnavåg Parkering A/S ønskjer å selje seksjon 4 av parkerings anlegget som utgjer parkerings dekke U1 til Herøy Kommune for kr 22 500 000,- ex MVA

I tillegg kjem dokumentavgift til staten med 2.5 %

Seksjon 4 har i alt 72 parkeringsplassar.

Prisen er basert på at anlegget har felles drift med felles innkrevjing av parkerings avgift og felles driftskostnader o.s.b.

Med helsing


Fosnavåg Parkering AS



Olav Arntsen

Dagleg leiar

Vedlegg: Tegninger 4 stk




PROSJEKTBYGG A.S
ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER
70 08 79 00 - www.pbygg.no

FOSNAVÅG
PARKERING

PERSPEKTIV 1

Dato:

03.02.2014
08:40:01



AREAL:
 Totalt (uten GV-veg): 1700m²
 P-areal: 1214m²




PRESENTASJONSTEGNING

FOSNAVÅG PARKERING AS


FOSNAVÅG PARKERING

PLAN 1 ETG	
Prosjektnr.:	181
Utskriftsdato:	10.04.2014 08:50:15
Tegna av:	KBV
Målestokk:	1:500
615	



AREAL:
 Totalt (fotavtrykk): 2167m²
 Bruksareal: 2087m²
 P-areal: 1816m²

Tillegg:
 Trafo: 20m²

 PROSJEKTBYGG A.S. ING.- OG ENTREPRENØRTJENESTER 70 08 79 00 - www.pbygg.no	FOSNAVÅG PARKERING AS	PLAN U1 ETG	
	FOSNAVÅG PARKERING	Prosjektnr.: 181	
PRESENTASJONSTEGNING		Utskriftsdato: 10.04.2014 08:52:52	625
		Tegna av: KBV	Målestokk: 1:500

Delegerte saker frå avdelingane

DS 12/14 Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane. 03.04.2014 00:00:00

DS 13/14 Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane. 03.04.2014 00:00:00

DS 14/14 Standardkontrakt 07.04.2014 00:00:00

DS 15/14 Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine 09.04.2014 00:00:00

DS 16/14 Kjøp av gnr 26 bnr 231 09.04.2014 00:00:00

DS 17/14 Underskreven standardkontrakt 09.04.2014 00:00:00

DS 18/14 Kjøp av gards- og bruksnummer 12/319 på Remøy 16.04.2014
00:00:00

DS 19/14 Robert Moltu - Kjøp av gnr. 26 bnr. 234 i Herøy kommune
22.04.2014 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker

**Herøy kommune**

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>**Offentlig høring - hørings svar**

Opplysninger om berørt part			
Svaret er fra: Privatperson			
Etternavn Sævik		Fornavn Julie Almestad	
Adresse Toftestøvegen 43		Postnr. 6092	Poststed Fosnavåg
E-postadresse julie.savik@hotmail.com			Mobilnr. 95747395

Saken gjelder	
Saksnr. 2014/622	Høringssak Nye bussruter i samband med Garnes-prosjektet
Høringssvar Eg er elev ved Volda vidaregåande skule, og dagpendlar. Det skal eg gjere også til hausten. Det er kjekt å sjå at det er planlagt fleire avgongar både om morgonen og på ettermiddag. Eg må likevel påpeike at den vidaregåande skulen i Volda sluttar kl 15.00 dei aller fleste dagane. Det er derfor dumt at bussen kjem til å gå kl 14.45 og 15.45. Det blir faktisk lenger ventetid enn det er idag. Forslaget mitt er derfor at bussen istadenfor bør gå omlag kl 15.10 slik at det vert enklare for oss ungdommar her ut i øyane å dagpendle til Volda.	

Vedlegg		
Her oppgir du ev. vedlegg som styrker/støtter hørings svaret.		
Type vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersendes per post



HAREID KOMMUNE
Rådmann

R-fsk

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/4	Saksbeh. HB
22 APR. 2014	
Ark.kode P 033	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 23
Kassasjon	

SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2012/1838	Løpenr. 1273/2014	Klassering G21
Sakshandsamar:	Ottar Grimstad, Sektor for velferd	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	04.03.2014
	Formannskapet	10.03.2014
	Kommunestyret	20.03.2014

REFORHANDLA AVTALE OM LEGEVAKTSENTRAL

/ 2012/1838

Tilråding frå rådmannen:

1. Hareid kommunestyre godkjenner ny avtale mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Hareid kommune, i samsvar med vedlegg 2 til saka, om Drift av legevaktsentral og nødnett helse ved henvendelse på nasjonal legevaktnummer 116 117
2. Det er ein føresetnad for godkjenninga at tilsvarande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Økonomiske moment nødnett	14.02.2014
2	Reforhandla avtale om legevaktsentral	14.02.2014
3	Avtale om legevaktsentral frå 2002	14.02.2014

Uprenta saksvedlegg:

Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utanfor sjukehus
(<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-03-18-252>)

Samandrag av saka:

Hareid kommune har ein avtale med Volda sjukehus frå 2002 om mottak av henvendingar til legevakt (legevaktsentral). Denne omfattar ikkje dagtid på kvardagar. I praksis har likevel Volda sjukehus svart på henvendingar til legevakttelefonen for Hareid også i dette tidsrommet. Innføring av nødnettet har gjort det nødvendig å formalisere dette samarbeidet og revidere samarbeidsavtalen.

Saksopplysningar:

Hareid kommune har i dag ein avtale med Volda sjukehus om legevaktsentral. Denne avtalen gjeld ikkje tidsrommet 8-15 kvardagar. I praksis har Volda sjukehus likevel tatt imot samtalar til legevakttelefonen også i dette tidsrommet.

Det er no under innføring nødnett i heile landet. Det er planlagt at nødnettet skal vere ferdig utbygd i Midt-Norge i 2014 og tatt i bruk av nødnettetane mot slutten av året, og av helsetenesta i første kvartal 2015.

Det er også planlagt eit nytt felles legevaktnummer 116117 der samtalan automatisk blir ruta til rett legevaktsentral ut frå kvar ein ringer frå.

Kommunen er etter forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus, no forplikta til å ha ein legevakttelefon som er bemanna heile døgnet, og som står i kontakt med lege på vakt via nødnettet heile døgnet. Dersom kommunen skulle ha sin eigen legevaktsentral ved legekantoret til bruk på dagtid, måtte den bli utstyrt med fullt kommunikasjonsutstyr for operatør i nødnettet, noko som ville innebære investeringsutgifter, opplæringsutgifter og driftsutgifter. Saka har vore drøfta i helse- og omsorgsgruppa i Sjustjerna, som har tilrådd at ein satsar på fortsatt felles legevaktsentral heile døgnet i samarbeid med Volda sjukehus. Det har vore oppnemnt ei forhandlingsgruppe beståande av kommuneoverlege Arne Gotteberg frå Volda, kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol frå Ulstein og Barn, familie og helseleiar Inger Marie Tofthagen frå Herøy.

Den nye avtalen går fram av vedlegg 2. Den nye avtalen inneber at helseforetaket sørger for legevaktformidling heile døgnet utan å krevje meir personellressurs for dette – 0,11 sjukepleiarstilling per 1000 innbyggjarar i kommunen, slik eksisterande avtale også inneber. Med dagens lønnsnivå er dette ca 85 kroner per innbyggjar. Staten kostar operatørpultar og radioar til vaktpersonell, men prosjektleiing, installasjonskostnader inklusive bygningsmessige endringar, opplæring av operatørar og liknande, gjer at ein reknar med ein samla investeringskostnad på ca 500 000 kroner. Det er ein del usikkerheit knytt til denne summen. Helseforetaket er også forplikta på å vere tilknytt nødnettet. Investeringsutgiftene skal etter avtalen fordelast med 50% på helseforetaket og 50% på kommunane. Kommuneandelen skal så fordelast mellom dei 7 kommunane etter folketal. Investeringskostnaden for Hareid vil ut frå dette bli ca 27 000 kroner. I tillegg vil kome kostnader til opplæring av eigne legar.

I tillegg til personellkostnader, vil der kome tekniske driftsutgifter knytt til linjeleige, teljarskritt, vedlikehaldsavtalar og liknande. Også her er kostnadane fortsatt usikre, men det har vore antyda ca 200 000 kroner i året. Dette er i same storleiksorden som driftsutgiftene på eksisterande helseradionett, som vi alt er med å betale for. Avtalen spesifiserer ikkje nokon fordelingsnøkkel på dette, men dersom vi går ut frå same nøkkel som for investeringa, skulle dette for Hareid gi tekniske driftsutgifter på storleik 10500 i året. Driftsutgifter til eige radioutstyr vil også kome i tillegg.

Avtalen oppmodar til at det blir ein felles lege for dei 7 kommunane som bindeledd mot legevaktsentralen, og at det blir oppnemnt eit samarbeidsutval. Dette vil kunne styrke faglege rutinar knytt til legevaktformidlinga.

Helse Møre og Romsdal er no inne i ein prosess som vurderer funksjonsfordeling mellom sjukehusa. Akuttfunksjonane i Volda er også under vurdering. Dersom resultatet av desse vurderingane blir at Volda ikkje vil vere eit godt nok akuttsjukehus for oss lenger, kan det bli nødvendig å starte ein prosess for revurdering av legevaktsamarbeid og legevaktformidling med sikte på felles legevakt på Ytre Søre Sunnmøre. Avtalen sikrar at i ein slik situasjon vil vi ha eigedomsrett til ein operatørpult som vil kunne flyttast.

Vurdering og konklusjon:

Det er gjort eit godt forhandlingsarbeid som sikrar oss ein avtale med rimeleg nivå på investeringsutgifter og uendra nivå på driftsutgifter knytt til legevaktsentral. Andre løysingsalternativ for legevaktsentral og nødnetttilknytning, vil vere vesentleg meir kostbart og meir sårbart.

Folkehelse konsekvensar:

Tilgang til legevaktformidling med god rådgiving og prioritering er viktig for helsa.

Miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Sjølv om nødnettet ikkje skal takast i bruk får helsetenesta før i første kvartal 2015, vil der kunne kome investeringsutgifter til dette alt i år. Det er ikkje sett av midlar til dette på året sitt budsjett. Samla investering er anslått til 27000 kroner for Hareid sin del, og det er ikkje sikkert at heile dette beløpet kjem på i år. Spørsmålet om økonomisk dekning vil kunne bli vurdert i samband med handsaming av økonomirapportar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Denne saka er avgjerande viktig for beredskapen. Vi er forplikta på innføring av nødnettet etter forskrift og vi vil ikkje kunne klare oss utan, etter at det er innført.

Hareid, 14.02.2014

Bent Arild Grytten
rådmann

Elly Kirkeslett
kommunalsjef

2013/498

Lokale kostnadselementer ifm nødnett.

Med utgangspunkt i Helsedirektoratet sine kostnadsoverslag, presenteres følgende lokale overslag:

1. Investeringskostnader/implementeringskostnader avgrenset til 2014

(50 / 50)

A. Administrasjon

- Prosjektleder
- Instruktører/superbrukere
- Sluttbrukeropplæring

B. Bygning/teknisk

- Evt. ombygging/tilpasning
- Tekniske forberedelser

Type kostnad	Helsedir. estimat	Lokalt estimat	Helsedirektoratets presiseringer og forklaringer <i>Våre kommentarer i kursiv</i>
Prosjektleder	50`	60`	Lokal prosjektleder 20 % <i>Helsedirektoratet har senere angitt muntlig 8 mnd i 20 % stilling for prosjektleder.</i>
Lokal instruktør	50`	50`	Konfigurasjon, test, innføringsprosjekt <i>Tas ut av ordinær drift. Vikarinnleie, evt. overtidsbetaling ikke inkludert</i>

AMIS

Dokumentasjonssystem (lra o- dokumentasjon)

Sluttbruker- opplæring	Avhenger av antall	75'	1 dag + 2 timer e – læring pr. bruker 31 ansatte x 10 timer. Vikarinnleie, evt. overtid er ikke inkludert.
Kabling, strøm, nødstrøm, UPS Lydlogg	70'	70'	Helsedirektoratets estimat gjelder kun kabling, strøm for to operatørplasser Andre vesentlige momenter er batteribackup, nødstrøm, ombygging. Hva eksisterer pr. i dag lokalt?
Personalkostnader		150'	Vikarinnleie, overtid, kurs
Uforutsette utgifter tekniske forhold		50'	
SUM		455'	

2. Driftskostnader fra iverksettelse av nødnett (estimert primo 2015):

Teknisk

Type kostnad	Hesedir. estimat	Hesedirektoratets presiseringer og forklaringer <i>Våre kommentarer i kursiv</i>
Telefoni tellerskritt	?	Erfaringsbasert
DNK brukerbetaling pr. operatørplass	84'	DNK = Direktoratet for nødkommunikasjon 42' i avgift pr. år pr operatørplass, 2 plasser
Datalinje DNK	35'	
HDO kostnader <u>servicenivåavtaler</u> , brukerstøtte	80' <i>Estimert</i>	HDO = Helsetjenestens driftsorganisasjon. Beløp pr operatørplass ikke avklart.
SUM	199'	Hesedirektoratets estimat inkluderer ikke sentralisert lydlogg – løsning, estimert til 30'.

Personell

Investerings-/implementeringskostnader:

- Helseforetak – kommuner, fordelingsnøkkel 50 -50?

- Fordele 455`?
- VS.
- Etterfakturering ved impementeringsslutt?
- VS.
- Innbetaling av estimert sum med avstemming mot reelle kostnader?

Driftskostnader:

Stor usikkerhet – haster ikke mtp. kommunale budsjetter for 2015.

Stor usikkerhet knyttet til driftskostnadene da sentrale avtaleverk knyttet til service/brukerstøtte ikke er ferdigstilte, lydloggløsning er uavklart, og antall operatørplasser ikke er bestemt.

- Etterskuddsfakturering?

3. Personell

Kommunar	Folketal	Stillingar	Kostnad
Ørsta	10503	1,5	892.755
Volda	8889	1	755.565
Ulstein	8084	0,9	687.140
Hareid	5029	0,6	427.465
Herøy	8825	1	750.125
Sande	2638	0,3	224.230
Vanylven	3308	0,4	281.180
Totalt	47276	5,7	4.018.46

Stillingar er rekna etter dagens fordeling med 0,11 stilling pr. 1000 innbyggjarar
 Totalkostand 85,- pr innbyggjar

Avtale mellom
Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus
og
Hareid kommune
Om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved
henvendelse på nasjonal legevaktnummer 116 117

Avtalen er revisjon av tidlegare avtale frå 2003 om drift av legevaktsentral (LV-sentral) og medisinsk nødmeldeteneste, mellom Hareid kommune og Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus. Avtalen tek opp i seg nye kvalitetskrav til legevaksentralar i døgnberedskap, felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og innføring av Nødnett Helse.

Avtalen skal bidra til å sikre rasjonell og koordinert innsats i dei ulike ledda i den akuttmedisinske kjeda mellom helseføretak (HF) og kommunane og sørge for at innhaldet i desse tenestene er samordna med dei øvrige naudetatane.

Jamfør Lov av 2. juli 1999 nr. 61 "Om spesialisthelsetjenesten m.m." Lov av 24. juni 2011 "Om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m." Forskrift av 18.mars 2005 "Om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus" (Akutforskrifta)

Avtalen føreset at alle dei 7 kommunane i sjukehuset sitt nedslagsfelt inngår tilsvarende avtalar.

Samarbeidet mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Hareid kommune omfattar følgjande:

A. Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus sitt ansvar.

Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus skal på vegne av kommunane i Volda sjukehus sitt nedslagsområde drifte lokal døgnbemanna LV-sentral for 116 117 anrop som del av Nødnett Helse.

LV-sentralen er samlokalisert med sjukehuset sitt akuttmottak.

LV-sentralen sin funksjon omfattar:

- Mottak, rådgiving i samsvar med Medisinsk Index eller tilsvarende og etter fullmakt, formidling og oppfølging av henvendingar til kommunal legevakttelefon 116 117 heile døgnet.
- Samhandling med AMK/113 ved rødt respons og behov for ambulanse.
- Samhandling med lege og anna helsepersonell i kommunehelsetenesta, AMK og ambulansetenesta slik at ein sikrar god handtering og oppfølging av henvendingane.
- Forskriftsmessig journalføring og oversikt over 116 117 anrop.
- Svartenesta med høg prioritet. LV-sentralen skal ha tilstrekkeleg tal telefonlinjer og yte døgnkontinuerleg kommunikasjonsberedskap.
- Varsling av anna kommunalt helsepersonell i vaktberedskap kan inngå i avtalen. Dette må avtalast særskilt.

1. Instruks for legevaktformidling og bruk av Nødnett

Instruks for LV-formidling er utarbeidd. Den skal reviderast så ofte det er behov for det av seksjonsleiar for akuttmottaket ved Volda sjukehus i samarbeid med kommuneoverlegane. Alternativt: ein lege utpeika på vegne av alle kommunane (sjå punkt 5).

Bruk av Nødnett Helse skal skje i samsvar med vedtekne prosedyrar. Begge partar er innforstått med at nettet er reservert kommunikasjon for medisinsk nødmeldetjeneste.

2. Undervisning og opplæring

Helse Møre og Romsdal HF skal til ei kvar tid gje naudsynt opplæring i bruk av aktuelt utstyr og rutinar for mottak og handtering av legevaktanrop for personell som har teneste i legevaktentralen.

Helse Møre og Romsdal HF og kommunane kan i fellesskap gjennomføre naudsynt opplæring. Opplæringa bør innarbeidast i felles kompetanseplanar.

Før oppstart av Nødnett Helse, omfattar opplæringa felles undervisningsopplegg frå Helsedirektoratet for samtlige tilsette i LV-sentralen og legar i ekstern vaktberedskap.

3. Dokumentasjon og rapportering

Helse Møre og Romsdal HF har ansvar for å dokumentere:

- forskriftsmessig mottak og journalføring av meldingar og aksjonar
- rapportering for erfaringstilbakeføring til kommunane
- avvik
- statistikk

Dokumentasjon og rapportering skal skje i samarbeid med kommunane.

3. Bemanning

Helse Møre og Romsdal HF er ansvarleg for at LV-sentralen er bemanna med medisinsk fagpersonell med naudsynt kunnskap, herunder medisinsk og systemteknisk kompetanse.

LV sentralen skal vere betjent heile døgnet (24/7/365).

4. Juridisk og fagleg medisinsk ansvar

Helse Møre og Romsdal HF har ansvar for at LV-sentralen vert driven i medhald av gjeldande lover, forskrifter, og i samsvar med denne avtalen.

Helse Møre og Romsdal HF er ansvarleg for dei råd som vert gitt av personell ved LV-sentralen og eventuelt ansvar som følgjer av svikt ved LV-sentralens drift og personell.

Seksjonsleiar/overlege i Anestesi er medisinsk fagleg rådgjevar for akuttmottaket.

Kommuneoverlegen har det medisinsk faglege ansvaret for legevakttenesten ute i kommunen.

Det skal arbeidast for å utpeike ein felles lege for dei 7 kommunane som medisinsk rådgjevar og bindeledd mellom kommunehelsetenesta og LV-sentralen.

6. Driftsteknisk ansvar

LV-sentralen skal ha utstyr i samsvar med "Forskrift om tekniske funksjonskrav til kommunikasjonsteknisk utstyr som inngår i helsetenesta sin kommunikasjonsberedskap".

Helse Møre og Romsdal HF skal ha "Avtale om Drift- og brukarstøtte", og servicenivåavtale (SLA) med HDO (Helsetjenestens driftsorganisasjon)

B. Kommunen sitt ansvar:

1. Kostnad – bærbart radioutstyr

Hareid kommune er ansvarleg for bærbart og mobilt utstyr for egne brukargrupper.

2. Driftstryggleik og val av radioutstyr

Kommunen skal sjå til at alt mobilt og evt. anna kommunikasjonsutstyr som blir nytta, til ei kvar tid tilfredsstillar "Forskrift om tekniske funksjonskrav til kommunikasjonsteknisk utstyr som inngår i helsetenesta sin kommunikasjonsberedskap" og er i ein slik stand at vanlege krav til driftstryggleik for slike system i vaktberedskap, blir teken i vare.

3. Vaktberedskap i Nødnett Helse

Legevaktslege i kommunen skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg i Nødnett Helse. Det same gjeld anna kommunalt helsepersonell som det er inngått særleg avtale for.

4. Undervisning og opplæring

Kommunane har ansvar for opplæring av eige personell inkludert fastlegar i vaktberedskap. Legevaktansvarleg i den enkelte kommune kan delta i opplæring og rutinearbeid ved legevaktssentralen. Ein bør så langt muleg tilstrebe felles undervisningsopplegg for fleire kommunar i samarbeid med LV sentralen. Kommunen dekker utgifter for opplæring av eige personell.

5. Varsling ved ekstraordinær beredskap

Kommunen må etablere ordning for utvida varsling av eigne ressursar i samband med katastrofar/større ulykker. Varslingsplanar for slike situasjonar skal vere tilgjengeleg for LV-sentralen. Vedlikehald av desse er Hareid kommune sitt ansvar.

Slik beredskapsplan skal koordinerast med Helse Møre og Romsdal HF/Helse Midt-Norge RHF sine prehospitala beredskapsplanar.

6. Informasjon til publikum

Hareid kommune pliktar å syte for informasjon til publikum om rett bruk av legevakt og anna akutt helseteneste.

Kommunane skal saman med Volda sjukehus, Akuttmottaket gjennomføre det nasjonale informasjonsprogrammet om innføring av nytt felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og Nødnett.

Ved utforming av lokal informasjon skal Hareid kommune ta Helse Møre og Romsdal HF /Volda sjukehus med på råd.

7. Juridisk/medisinsk ansvar

Hareid kommune er juridisk og medisinsk ansvarleg for dei retningslinjer som blir gitt av kommunen sin oppnemnde legevaktsjef.

Hareid kommune eller det aktuelle helsepersonellet sjølv er ansvarleg for dei avgjerder som blir teke etter at varsling er gjennomført.

C. Samarbeid

Hareid kommune og Helse Møre og Romsdal HF /Volda sjukehus løyser samarbeidsspørsmål på basis av etablert ansvarsstruktur og arbeidsfordeling, jamfør samhandlingsavtalen.

Kommunane skal saman med Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus arbeide for å etablere eit fagleg/administrativt samarbeidsorgan for drifta av LV-sentralen.

D. Økonomi

a) Investerings- og implementeringskostnader

Eingongskostnad for ny felles LV-sentral for nasjonalt legevaktnummer 116 117 og Nødnett Helse ved Volda sjukehus, blir å fordele 50%:50% mellom Helse Møre og Romsdal HF og dei 7 kommunane. Fordelinga mellom kommunane skal baserast på folketal pr. 01.01.14 i den aktuelle kommune. (jamf. Vedlegg om lokale kostnadselementer ift. Nødnett, basert på Helsedirektoratets sine berekningar)

b) Driftskostnader

- **Lønskostnader**

For dei tenestene som går fram av denne avtale, dekkjer Hareid kommune eit årleg beløp svarande til 0,11 stilling sjukepleiar/spesialsjukepleiar per 1000 innbyggjarar i kommunen og i samsvar med aktuell bemanningsplan i akuttmottaket. Ein tek her utgangspunkt i kommunen sitt folketal pr. 01.01. kvart år. Helse Møre og Romsdal fakturerer kvar månad 1/12 av beløpet.

- **Tekniske driftskostnader**

For dei tenester som går fram av denne avtale, dekker Hareid kommune sin andel av tekniske driftskostnader samt utgifter til telefoni og datasamband. Også her tek ein utgangspunkt i kommunen sitt folketal pr. 01.01. kvart år. Helse Møre og Romsdal HF fakturerer den enkelte kommune årleg og etterskotsvis for dette.

Justering og dokumentering

Beløpa er gjenstand for årlege justeringar avhengig av løns –og kostnadsutviklinga. Fakturabilag som viser berekningsgrunnlaget og endring av utgifter for løn- og tekniske driftskostnader, skal vedleggast årleg.

E. Revisjon og oppseiing

Revisjon av avtalen i avtaleperioden kan krevjast av begge partar dersom drifta eller føresetnaden for drifta blir endra vesentleg. Utstyr for to operatørplassar er kommunane sin eigedom og kan trekkast ut av akuttmottaket ved oppseiing av avtalen.

Avtalen kan seiast opp med 6 mnd. varsel.

Denne avtalen trer i kraft den, 2014 (seinast før innføringa av nasjonalt nødnett)

I overgangsfasen fram til ny avtale trer i kraft, prolongerast noverande samarbeidsavtale frå 2003.

Ålesund ,

Hareid kommune ,

.....

.....

Helse Møre og Romsdal HF

Hareid kommune

Adm. Direktør

Rådmann

Avtale mellom Helse Sunnmøre HF, Volda sjukehus og Hareid kommune om drift av medisinsk nødmeldetjeneste og legevaktformidling

Avtalen omfattar drifta av eit kommunikasjonssystem til bruk i dagleg akuttmedisinsk beredskap og i katastrofemedisinske situasjonar. Kommunikasjonssystemet er eit system der radio, telefoni og datasamband er integrert.

Avtalen byggjer på ansvarsdelinga lovfesta i Lov om spesialisthelsetjenesten (1999), Lov om helsepersonell (1999), Kommunehelselova (1982), avtalar mellom Kommunenes Sentralforbund og Den Norske Lægeforening (sjå spesielt KS A-rundskriv nr. 2/92, av 02.06.92, særleg kap. vedrørende "akutt legehjelp - kommunikasjonsutstyr" og "kommunal legevakt", samt ASA 4310 og SFS 2305 sist revidert sommaren 2002), og Forskrift om Medisinsk Nødmeldetjeneste, (12.1.2000)

Avtalen byggjer vidare på Møre og Romsdal fylkeskommunes rammeplan for medisinsk nødmeldetjeneste, godkjent av Møre og Romsdal fylkesting 17.03.92 og av Helsedirektoratet (no Statens Helsetilsyn) 01.12.92.

Samarbeidet mellom Volda sjukehus og Hareid kommune omfattar følgjande:

Helse Sunnmøre HF sitt ansvar:

Felles ansvar for nødmeldetjenesta

Helse Sunnmøre HF er saman med kommunane ansvarleg for den medisinske nødmeldetjenesta som er fastlagt i forskrift av 1.12.2000.

Helse Sunnmøre HF vil gjennom organisering av drifta av nødmeldetjenesta syte for at sjukehusa saman tener som medisinske ressursbasar som gir bistand både i form av rådgiving og anna naudsynt medverknad i akuttmedisinske situasjonar.

Ansvar for LV-sentralfunksjon for Hareid kommune

Det er ein akutt-medisinsk kommunikasjonssentral (AMK-sentral) ved kvart sjukehus i Helse Sunnmøre HF. AMK-sentralen ved Volda sjukehus tar f.t. imot 113-meldingar frå 6 kommunar. AMK-sentralen ved Volda sjukehus skal ivareta legevaktformidlingsfunksjonen (LV-funksjonen) for Hareid kommune, jfr. forskriftenes § 5-3.

Dette omfattar:

- mottak, rådgiving etter fullmakt, formidling og oppfølging av henvendingar til kommunal legevakt
 - varsling av lokalt stasjonert ambulanse.
 - varsling av anna kommunalt helsepersonell i vaktberedskap
- Hareid kommune har f.t. ikkje vaktordning for jordmor.

Systembok

Det er utarbeidd ei systembok som inneheld føresetnader, arbeidsrutinar og kommunikasjonsteknikk knytt til AMK/LV-sentralen si verksemd (jfr. forskrifta § 7). Helse Sunnmøre HF har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av systembok. Dette skal skje i samarbeid med kommuneoverlegen for tilhøve som vedkjem kommunal helseteneste i vakt.

All bruk av radionett skal skje i samsvar med vedtatte prosedyrar (jfr. systembok). Begge parter er innforstått med at nettet er reservert kommunikasjon for medisinsk nødmeldeteneste.

Undervisning

Helse Sunnmøre HF tek på seg å legge til rette og gjennomføre undervisning i bruk av det tekniske utstyret og rutinar for mottak og handtering av legevaktmeldingar for personell i legevaktssentralen. Helse Sunnmøre HF kan gje tilbod om slik undervisning til kommunane. Kommunane har ansvar for opplæring av eige personell. Legevaktansvarleg i den enkelte kommune kan delta i opplæring og rutineutarbeiding ved legevaktssentralen for kommunens kostnad.

Rapporteringsrutiner

Helse Sunnmøre HF utarbeider og held vedlike felles rutinar for rapportering vedrørende mottak av meldingar, aksjonar, statistikk og rekneskap og dokumentasjon av erfaringstilbakeføring og avvik. Dette skal skje i samarbeid med kommunane.

Merknad: Rutiner for hendingshandtering, dokumentasjon og statistikk vil få ei omfattande omlegging til databasert plattform innan 1.1.2003.

Bemanning

Helse Sunnmøre HF er ansvarleg for at AMK- sentralane til ei kvar tid er bemanna med medisinsk fagpersonell med naudsynt opplæring, og at sentralane blir drivne i medhald av instruks gitt i systembok. Anestesiavdelinga (ved avdelingssjef / seksjonsoverlege) ved sjukehuset har det medisinsk faglege ansvaret for AMK-sentralen.

Kommuneoverlegen har det medisinsk faglege ansvaret for legevakttenesten.

Retningslinjer for drift av LV-funksjonen skal givast av kommuneoverlegen i samarbeid med medisinsk ansvarleg AMK, jfr. systembok.

Juridisk ansvar

Helse Sunnmøre HF er saman med kommunane ansvarleg for dei overordna retningslinjer for drift av legevaktssentralen.

Helse Sunnmøre HF er medisinsk og juridisk ansvarleg for den rådgjeving, varsling, overvaking av aksjon m.v. AMK-sentralen utfører i høve til den instruks kommunalegen gjev for LV-funksjonen og dei avgjerder vakthavande lege tek overfor pasientane.

Teknisk ansvar

Helse Sunnmøre HF skal sjå til at alt utstyr som blir nytta i AMK- sentralane sin del av kommunikasjonsberedskapen tilfredsstillar tekniske rammekrav frå sentrale helsestyresmakter, og er i samsvar med medisinsk grunnleggjande behov.

Helse Sunnmøre HF har ansvar for mobilt radioutstyr til eigne brukargrupper.

Økonomisk ansvar

Helse Sunnmøre HF svarar for personellutgifter og tekniske driftsutgifter knytt til AMK sentralen, inkludert 50% av driftsutgifter for helse radionettet (inkluderer også linetenester / teljarskritt som er knytt til det kommunikasjonstekniske utstyret i HF).

Driftsorganisasjon og samarbeidsorgan

Helse Sunnmøre har etablert eit driftsavsnitt i Akuttseksjonen i Anestesiavdelinga ved Volda sjukehus. Driftsavsnittet har m.a. ansvar for drift av helseradionettet, og å yte service til kommunane for problem knytt til fast og mobilt utstyr i helseradionettet. Driftsavsnittet utarbeider og held vedlike overordna organisatoriske og faglege retningsliner (t.d. mal for systembok) for akuttmedisinsk kommunikasjon i Helse Sunnmøre.

Hareid kommune og Helse Sunnmøre/Volda sjukehus løyser samarbeidsspørsmål på basis av etablert ansvarsstruktur og arbeidsfordeling. Kontaktperson for Hareid kommune er: Kommunelege. Kontaktperson for Helse Sunnmøre HF/Volda sjukehus er avd.sjef Rune Hegedal eller hans stedfortreder.

B. Kommunens ansvar:

Kostnad – bærbart radioutstyr

Hareid kommune er ansvarleg for bærbart og mobilt utstyr for eigne brukargrupper. Helse Sunnmøre HF dekkjer 50% av totale utgifter knytt til teknisk drift av helseradionettet, jfr. avtalens pkt. A 8.

Resterande del av helseradionettets totale driftsutgifter blir fordelt på kommunane i HF etter følgjande nøkkel: 25 % av årleg totalutgift blir delt likt på alle kommunar (18) med lik andel. 25% av totalutgift blir å fordele etter innbyggjartalet i den einskilde kommune. Helse Sunnmøre HF fakturerer den enkelte kommune årleg for kommunal andel i helseradionettet.

Val av radioutstyr

Kommunen skal sjå til at alt mobilt og eventuelt anna kommunikasjonsutstyr som blir nytta i denne kommunikasjonsberedskapen til ei kvar tid tilfredsstillar dei sentrale helsestyresmakters tekniske rammekrav, og slik at utstyret til ei kvar tid er i ein slik stand at vanlege krav til driftstryggleik for slike system i beredskap blir ivareteke. Driftsavsnittet vil kunne bistå kommunen med dette.

Vaktberedskap knytt til beredskapsnett

Helsepersonell i vaktberedskap skal knytast til det medisinske nødmeldesystemet. Personellet skal vere tilgjengeleg i det lukka helseradionettet i VHF 2-m bandet, ved bruk av bærbart radioutstyr. Vakhavande kommunalt personell skal tilpliktas gjennom instruks å følgje dei rutiner for kommunikasjon og samarbeid som kommuneoverlegen og medisinsk fagleg ansvarleg lege for AMK-sentralen blir samde om, og som inngår i systembok.

Bruk av informasjonsteknologi

Som ledd i samarbeidet om IT for nødmeldetenesta, stiller kommunen vederlagsfritt tilgjengelege digitale kart over kommunen (1:5000, 1:1000, format, f.t. SOSI4), og syter for tilgang på oppdateringar av slike kart for Helse Sunnmøre/Volda sjukehus.

Varsling ved ekstraordinær beredskap

Kommunen må etablere ordning for utvida varsling av eigne ressursar i samband med katastrofar/større ulykker. Varslingsplanar for slike situasjonar skal og vere tilgjengeleg for AMK Volda. Vedlikehald av desse er Hareid kommune sitt ansvar. Slik plan skal koordinerast med Helse Sunnmøre/Helse Midt-Norge RHF sine prehospitale beredskapsplanar.

Samarbeidsorgan

Kommunen pliktar i samarbeid med Volda sjukehus å etablere eit fagleg og administrativt samarbeidsorgan for drifta av LV-sentralen, jfr. pkt 11 over.

Informasjon til publikum

Hareid kommune plikter å syte for informasjon til publikum om rett bruk av legevakt og anna akutt helseteneste. Ved utforming av denne informasjonen skal Hareid kommune ta Helse Sunnmøre/Volda sjukehus med på råd.

Juridisk/medisinsk ansvar

Hareid kommune er juridisk og medisinsk ansvarlig for dei retningsliner som blir gitt av kommunens oppnevnte legevaktsjef og som blir tatt inn i legevakt-sentralens systembok. Hareid kommune eller det aktuelle helsepersonellet er ansvarleg for dei avgjerder som blir tatt etter at varsling er gjennomført. Hareid kommune har plikt til raskt å varsle AMK-sentralen i alvorlege akuttmedisinske situasjoner som blir meldt gjennom andre sambandsvegar.

Betjeningstid

AMK Volda har funksjon som LV-sentral for Hareid kommune etter kontortid (15-16) og fram til kl. 0800 neste dag, og i helger og høgtider på døgnbasis. Pasientar som har fastlege i annan kommune har tilgang på ø.hj. på line med pasientar med fastlege i kommuna.

Økonomi

For dei tenestene som går fram av denne avtale, dekkjer Hareid kommune eit årleg beløp svarande til 0,55 stilling for spesialsjukepleiar inkl. vakttillegg og sosiale kostnader til Helse Sunnmøre HF, Volda sjukehus (0,11 stilling per 1000 innb. i kommunen). For tida utgjer dette ein total årskostnad på kr (sjå tabell under). Helse Sunnmøre vil sende månadleg faktura på 1/12 av beløpet. I tillegg kjem tekniske driftsutgifter knytt til helse radionettet, jfr. pkt B1, eventuelle utgifter til datasamband og eventuell program- og maskinvare.


Beløpa er gjenstand for årlege justeringar avhengig av løns- og kostnadsutviklinga.

Revisjon av avtalen i avtaleperioden kan krevjast av begge partar dersom drifta eller føresetnaden for drifta blir endra vesentleg.


Avtalen kan seiast opp med 6 månaders varsel.


Avtalen gjeld frå 01.09. 2002

Ålesund, 25. nov.2002


.....
Helse Sunnmøre HF
Adm. direktør

Hareid, 6. des2002


.....
Hareid kommune
Rådmann



*Avtale om legevaktformidling
Kostnad knytt til personell AMK Volda*

*Årskostnad
pr 010902*

Grunnløn for spesialsjukepleiar	290.000,-
T-trinn	31.866,-
Helgedagstillegg	5.911,-
	<hr/>
	327.777,-
1,23% feriepengetillegg	4.032,-
	<hr/>
Pensjonsgrunnlag	331.809,-
12,1% pensjonspremie	40.149,-
Gruppeliv og ulukke	610,-
	<hr/>
Gr.lag for arb.gjevaravgift	372.568,-
14,1% arbeidsgjevaravgift	52.532,-
	<hr/>
Løn og sosiale kostnader	425.100,-

For Hareid kommune vil dette resultere i ein årleg kostnad på:

kr. 425.100,- • 0,55 = kr. 233.805,-

R-fsu

Lisbeth Moltu Espeseth


Fra: postmottak
Sendt: 15. april 2014 10:29
Til: Arkiv
Emne: FW: SSR - Ny selskapsavtale
Vedlegg: SSR Selskapsavtale gjeldande frå 20-03-2014.doc

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/4	Saksbeh. TB
22 APR. 2014	
Ark kode P 033	
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr. 22
Kassasjon	

Fra: Einar Heimdal [<mailto:einar@reinholdsverket.no>]

Sendt: 15. april 2014 09:55

Til: Arnulf Goksøyr; camillash@tussa.com; smgjelseth@hotmail.com; per.kristian.furo@rolls-royce.com; kingteig@online.no; Knut Erik Engh (kee@marinteknikk.no); Knut Erik Engh (knutengh@hotmail.com); eli.skaatun@helse-mr.no; elskaatu@online.no; Magne Gurskevik (magne.gurskevik@klevenmaritime.no); perly.pedersen@tussa.com; Anders Riise (anders.riise@hareid.kommune.no); Annika Brandal 1 (annika.brandal@gmail.com); Annika Brandal 2 (annika.brandal@hareid.kommune.no); Annika Brandal 3 (annika.brandal@ulstein.kommune.no); Dag Vaagen (dag.vaagen@sande-mr.kommune.no); anjan@tussa.com; Tor Sindre Steinsvik; godimmen@tussa.com; Olaug Andreassen; olaugandreassen@hotmail.com; solveig.baatsvik@gmail.com; Renathe Rossi-Kaldhol; heidi.strand@tussa.com; heidi.strand@ulstein.kommune.no; dag-audun.eliassen@husqvarnagroup.com; siv.kaldhol@hareid.kommune.no; hs@brimer.no; lisold@online.no; Jostein Støylen (jostein@vkus.no); Einar G. Løkken (einar.lokken@bdo.no); George Fulford (fulford@fpadvokat.no); Einar Warholm (einar.warholm@dimono.no); Gro Anita Engh (gro_anita.engh@rolls-royce.com); Helga L. Dyrhol (hld@breibandtilalle.no); Edel Kvalsund Goksøyr; Edel K. Goksøyr p (edelkg@hotmail.com); Ole Andreas Sæther (ole.andereas@gmail.com); Margaret Leinebø (margaret.leinebo@sparebanken.no); oddvargjerde@tussa.com; Oddvar Gjerde; Wenche Johanne Jøsok (wenchejohanne@hotmail.com); Jon Garen (jon@garen.no); Helene Jessen; Laila Fure; Rune Tarberg; Sentralbord SSR; Jan Ove Hoddevik; Vetk2; Vekt1; geir.moldskred@tussa.com; Jan Berset (ordforar@ulstein.kommune.no); Erlend Krumsvik; Einar Vik Arset (einar.arset@ulstein.kommune.no); Bent Arild Grytten (bent.arild.grytten@hareid.kommune.no); Asbjørn Moltudal (asmo@sande-mr.kommune.no); Jon Rune Våge; Jarl Martin Møller; Arne Runar Vik (arne.runar.vik@ulstein.kommune.no); Nils Yngve Nupen (nils.nupen@hareid.kommune.no); Øyvind Vassbotn (oyvind.vassbotn@hareid.kommune.no); Lars T. Hustad (lars.hustad@hareid.kommune.no); Oddbjørn Indregård (oi@sande-mr.kommune.no); Kjell Martin Vikene (kmv@sande-mr.kommune.no); postmottak; Postmottak Ulstein kommune (postmottak@ulstein.kommune.no); Postmottak Hareid kommune (postmottak@hareid.kommune.no); sande.kommune@sande-mr.kommune.no

Emne: SSR - Ny selskapsavtale

Hei !

Vedlagt finn de gjeldande selskapsavtale, som no i vinter er vedtatt i alle eigarkommunene.

Det er kun §§ 9 og 12 som er endra i høve til tidlegare selskapsavtale.

Fortsatt god påske og gratulerer med gårsdagens trasévalg for E39!

Med helsing
Einar Heimdal

Gjeldande frå 20. mars 2014

SELSKAPSAVTALE

FOR

**SØRE SUNNMØRE
REINHALDSVERK IKS**

§ 1 Selskapet

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) er eit interkommunalt selskap skipa av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein med heimel i lov om interkommunale selskap.

§ 2 Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor ligg i Ulstein kommune.

§ 3 Selskapet sitt hovudføremål

Selskapet si kjerneverksemd er å vere kommunane sitt forvaltings- og bestillarorgan, som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsbustader, skular og barnehagar.

Selskapet sitt føremål er å dekke eigarkommunane sine behov, plikter og oppgåver med tanke på:

1. Å drive framtidretta og miljøretta innsamling, transport og sortering av hushaldningsavfall - som kommunane måtte bli pålagde å ta hand om eller sjølv i fellesskap ønskjer å etablere. Selskapet skal planlegge og sørge for gjennomføring av andre miljøtiltak der kommunane i fellesskap ønskjer dette.
2. Eit brukarvennleg, fleksibelt og likeverdig tenestetilbod for alle innbyggjarane, og som stimulerer til berekraftige haldningar og adferd. Dette skal skapast gjennom aktiv informasjon og kommunikasjon.
3. Eit kostnadseffektivt tenestetilbod basert på samarbeid og stordrift.

§ 4 Andre føremål

1. Vere eigarkommunane sin primærrådgivar i avfallsrelaterte spørsmål og samstundes vere ein synleg samfunnsaktør i det haldningsskapande arbeidet i befolkninga.
2. Ivareta eigarkommunane si rolle som samfunnsaktør i spørsmål om lokal og regional utnytting av ressursane i hushaldningsavfallet i selskapet sitt nedslagsfelt.
3. Oppfylle kommunane sine forpliktingar etter lov om forureining i høve innsamling og gjenvinning av ressursane i hushaldningsavfallet.
4. Drive mottak, sortering/gjenvinning og deponering av næringsavfall i den utstrekning selskapet har løyve og finn det formålstenleg eller ved avtalar med andre selskap.

5. Selskapet skal arbeide for at det blir like avfallsgebyr og like ordningar for avfall i eigarkommunane.
6. For andre avfallsordningar eller anna avfall som blir levert til selskapet krev selskapet sjølv inn det fastsette gebyret. Styret kan givast fullmakt til å fastsetje gebyrregulativ for direktelevert avfall.

§ 5 Samarbeid

Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar eller selskap der dette er naturleg. Selskapet kan vere medeigar i andre selskap som driv innan avfall og miljøhandtering der dette er hensiktsmessig for å tene føremålet til selskapet. Slike selskapsetableringar må ikkje kome i konflikt med andre eigarinteresser som kommunane måtte ha.

§ 6 Representantskapet

Representantskapet er selskapet si øvste myndigheit og deltakarane utøver si myndigheit gjennom representantskapet.

Representantskapet sine medlemmer og personlege varamedlemmer skal velgast av kommunestyra i medlemskommunane for kommunevalgbolken. Medlemmer av styret kan ikkje vere medlemmer av representantskapet.

Den einskilde deltakar kan føreta nyvalg av sine representantar i valgperioden. Nyvalg skjer for den gjenverande del av valgbolken.

I valgår kallar ein saman representantskapet seinast 30. desember for konstituering og valg av leiar og nestleiar. Ansvarleg for innkallinga er representantskapet sin leiar før valget. Det skal samstundes lagast ein plan for representantskapet sine ordinære møter komande år.

På møtet i representantskapet etter kvart valg skal det også velgast ein valgkomité i representantskapet. Denne valgkomitéen skal ha eitt medlem frå kvar kommune og ein av desse skal velgast til leiar i komitéen. Valgkomitéen skal mellom anna sørge for kandidatar til styret.

Representantskapet si myndigheit er i samsvar med lov om interkommunale selskap, jfr. § 7, og denne selskapsavtala.

Representantskapet kan utvide styret sine plikter, men ikkje innskrenke styret si myndigheit.

Saksbehandlinga i representantskapet vert regulert av lov om interkommunale selskap § 9. Det skal haldast minst to møter i representantskapet per år.

Representantskapet har 11 medlemmer. Kvar eigarkommune skal ha minst to medlemmer i representantskapet. Deretter skal eigarkommunane ha ein medlem

ekstra når innbyggartalet passerer 7.500 og ein medlem ekstra når innbyggartalet passerer 10.000. Dersom innbyggartala tilseier at ein ikkje får 11 medlemmer i representantskapet, skal den største eigarkommunen ha ein representant ekstra. Dersom heller ikkje dette er nok til å få 11 representantar, skal også den nest største eigarkommunen ha ein representant ekstra.

Ut i frå folketalet per 1. januar 2012, blir då eigardelane følgjande:

	Folketal per 01.01.2012:	%	Antal medlemmer:
Herøy:	8727	36,16	4
Hareid:	5000	20,71	2
Sande:	2588	10,72	2
Ulstein:	7828	32,41	3
Sum:	24143	100	11

Styret kan føreslå overfor representantskapet å justere eigardelen i selskapet ut i frå folketalets utviklinga. Justering kan fremjast kvart fjerde år, første gong 01.01.2016.

Elles kan talet på medlemmer i representantskapet endrast ved endring av talet på eigarkommunar.

§ 7 Innkalling og møter i representantskapet

Representantskapet kjem vanlegvis saman to gonger i året - i april/mai og i oktober/november. Det kan elles kallast inn til møte når leiaren i representantskapet, styret i selskapet eller minst to medlemmer krev det.

Styreleiaren og dagleg leiar skal delta i møta med talerett. Øvrige styremedlemmer har møte- og talerett.

Innkalling til møta skal skje med minst 4 vekers varsel. Innkallinga skal innehalde sakliste og moglege saksdokument. For møta gjeld §§ 8 og 9 i lov om interkommunale selskap sine reglar om valg, røysting, habilitet og protokollering m.m.

Representantskapet sin leiar kan innkalle representantskapet med kortare frist i tilfelle kor dette er påtrengjande nødvendig.

Innkalling, sakliste og møteprotokoll skal også sendast til medlemskommunane. Det same gjeld budsjett og rekneskap for selskapet.

§ 8 Saker til behandling i representantskapet

Representantskapet gjer nødvendige beslutningar på vegne av eigarane, med utgangspunkt i gjeldande eigarstrategi, vedtekter og selskapsstrategi.

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter intensjonane og i samsvar med lover, forskrifter og vedtekter. Representantskapet skal i møta behandle desse sakene:

- a) Årsrekneskap for selskapet
- b) Framlegg frå styret til endringar i avfallsgebyra
- c) Fastsetje alle gebyr som ikkje kommunestyra etter lova skal vedta eller som styret har fullmakt til å vedta
- d) Framlegg frå styret til økonomiplan og årsbudsjett seinast 15. november kvart år
- e) Framlegg frå styret til låneopptak utover fastsette rammer og pantsetjing av selskapet sine eigedomar
- f) Kommunale garantiar/lån
- g) Valg av leiar og nestleiar i representantskapet
- h) Valg av styremedlemmer
- i) Valg av leiar og nestleiar i styret
- j) Valg av revisor og fastsetting av godtgjering for revisjon
- k) Fastsetjing av godtgjeringar for styret og representantskapet
- l) Andre saker som styret vil ha handsama og andre saker som kjem fram av selskapsavtala

Representantskapet skal behandle selskapet si eigarmelding i same møte som ein fastset rekneskapet. Eigarmelding og rekneskap skal behandlast seinast 30. mai året etter rekneskapsåret.

Representantskapet skal behandle og vedta selskapsstrategien minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Godtgjeringar (møtegodtgjersle, dekning av tapt arbeidsforteneste og dekning av reiseutgifter) for medlemmer i representantskapet skal den einskilde eigarkommune der representanten høyrer til stå for. SSR betalar ut til den einskilde medlem det vedkomande har krav på og sender deretter kravet over til kommunane for refusjon, inklusiv kvar kommune sin andel av leiargodtgjersla.

Vedtak gjort av representantskapet må godkjennast i medlemskommunane dersom det vert kravd etter lov om interkommunale selskap eller andre lover og forskrifter.

§ 9 Styret

Selskapet skal ha eit styre på frå 3 til 7 medlemmer som skal velgast av representantskapet. Kvar medlemskommune skal ha minst ein medlem og minst ein medlem skal kome frå dei tilsette. Styremedlemmene blir valgt for 2 år av gongen, der halvparten av styret er på valg kvart år. Ordinært, årleg valg skjer i representantskapsmøtet som behandlar årsrekneskapet. Styret si myndigheit følgjer av § 13 i lov om interkommunale selskap og denne selskapsavtala.

Styret legg fram forslag til selskapsstrategi for representantskapet minst ein gong kvar valgperiode. Dette skal gjerast i starten av kvar valgperiode.

Styret legg fram forslag til økonomiplan og budsjett for neste år for representantskapet seinast 15. november kvart år.

Dagleg leiar skal delta i styremøta med tale- og innstillingsrett.

§ 10 Styret si myndigheit

Styret har det overordna ansvaret for drift og organisering av selskapet. Styret er også ansvarleg for at vedtekne tiltak vert gjennomførde og at det vert utarbeidd årsmelding, budsjett, økonomiplan og rekneskap i samsvar med lov og forskrift innan gitte fristar. Styret legg fram berekningsgrunnlag for renovasjonsgebyret for komande år på haustmøtet.

Selskapet forpliktar med underskrift av styreleiaren og dagleg leiar i fellesskap.

Om inhabilitet for selskapet sine tilsette og medlemmer av selskapet sine styrande organ gjeld kommunelova § 40, nr. 3.

§ 11 Dagleg leiing

Selskapet skal ha ein høveleg administrasjon som er tilpassa oppgåver og aktivitet. Selskapet skal leiast av ein dagleg leiar. Vedkomande har tilvisingsmynde innanfor godkjent budsjett og er fagleg og økonomisk ansvarleg for den daglege drifta overfor styret.

Dagleg leiar skal ikkje ta avgjerd i saker med stor konsekvens for selskapet utan i dei tilfelle der styret har gitt mynde til det, eller når styret si avgjerd ikkje kan avventast utan vesentleg ulempe for selskapet si verksemd. Styret skal i så fall snarast mogleg underrettast om saka.

Dagleg leiar representerer selskapet utad i saker som ligg til myndet hans.

§ 12 Investeringar

Selskapet sine investeringar skal finansierast med lån, tilskot og mogleg eigenkapital. Selskapet sitt styre kan ta opp lån på inntil 10 millionar kroner utan særskild godkjenning frå eigarkommunane under føresetnad av at dette er innarbeidd i årsbudsjettet. Høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak er 80 millionar kroner. Selskapet sine eigedomar kan pantsetjast etter vedtak i representantskapet, jfr. lov om interkommunale selskap § 25. Dei samarbeidande kommunane eig selskapet sine anlegg og er høvesvis ansvarlege for gjeld, underskot, garantiar for lån og kontanttilskot etter prosentsatsar basert på folketalet.

Selskapet sitt vedtak om å ta opp lån må godkjennast av departementet, jfr. lov om interkommunale selskap § 22, 4. ledd, jfr. forskrift av 17. desember 1999 nr. 6.

§ 13 Selskapsstrategi

Selskapet skal ha ein eigen selskapsstrategi, forankra i relevante nasjonale og lokale ambisjonar og føringar, eigarstrategien, samt vedtektene for selskapet. Selskapsstrategien skal oppdaterast minst ein gong pr. valgperiode og formelt vedtakast av representantskapet. Selskapsstrategien erstattar kommunane sine avfallsplanar og skal vere eigarkommunane sin omforente avfallsstrategi.

§ 14 Årleg eigarmelding

Selskapet skal årleg levere eigarmelding, som skal behandlast av representantskapet, og leggst fram for eigarkommunane. Meldinga skal rapportere i høve gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

§ 15 Næringsverksemd

Selskapet skal drive miljøretta innsamling, transport og sortering av hushaldningsavfall mot næringslivet der dette er hensiktsmessig for å styrke selskapet si drift.

Næringsverksemda skal drivast ut i frå vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

§ 16 Forskrifter

I eigarkommunane skal det vere like forskrifter for renovasjonsordninga.

§ 17 Etikk og samfunnsansvar

Selskapet skal som ein del av sitt kvalitetssikringssystem ha etiske retningslinjer for medlemmer i representantskap, styre, dagleg leiing og administrasjon. Selskapet skal ta samfunnsansvar på ulike måtar, mellom anna gjennom opplæring og kommunikasjon med innbyggjarane og gjennom tiltak for å nå nasjonale mål for avfallsreduksjon.

§ 18 Rekneskap og revisjon

Rekneskapet skal førast etter rekneskapslova.

§ 19 Arkiv

Arkivarbeid og arkivhald skal vere i tråd med gjeldande lover og reglar.

§ 20 Tvist om tolking av vedtektene

Tvist om tolkinga av vedtektene blir avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i voldgiftslova. Formannen i voldgiftsnemnda skal vere sorenskrivaren på Søre Sunnmøre eller den han måtte peike ut.

(Endra etter vedtak i representantskapet 07.11.2013 og i eigarkommunane vinteren 2014; Herøy 30.01.2014, Ulstein 06.02.2014, Sande 12.02.2014 og Hareid 20.03.2014).